

Kristofer Janson

Han og ho

bokselskap.no
Oslo 2026

bokselskap.no, Oslo 2026

Kristofer Janson: *Han og ho*

Teksten i bokselskap.no følger 2. utgave, 1878 (Bergen/Giertsen). Digitaliseringen er basert på fil mottatt fra Nasjonalbiblioteket (nb.no).

ISBN: 978-82-8319-888-1 (bokselskap.no),

978-82-8319-889-8 (epub), 978-82-8319-890-4 (mobi)

Filen er lastet ned fra e-bokportalen Bokselskap. Lesetekst og flere nedlastningsmuligheter m.m. er gratis tilgjengelig på bokselskap.no

Fyreord

Det vil tvillaust reisa seg stor Uvilje mot denne Boki inkje somyket fyre Ihaldet si Skuld som fyre Formi. Difyre lyt eg senda nokre Ord med henne. Til dessa heve Landsmaalet voret brukat mest i Skildringar fraa Bondelivet elder fraa den gamle Soga, men her er det Byfolk, som snakka Landsmaal. Detta verd soleides ein Freistnad, som inkje er botnad paa nokot endaa verande, nett det umsnudde av det, som vaare Dikttrarar ellest plaga gjera, naar dei lata Bønder tala Bymaal. Dei setja Bokmaalet i Høgsættet, eg set Landsmaalet i Høgsættet. Kvifyre gjerer eg detta? Fyrst av di Kjærleiken til dette Maalet driv meg til at skriva i det, dinæst av di eg trur, at dette Maalet duger til at bera dei aalmenne Kulturtankarne og helst skulde vera Grunnvollen fyre vaar verdande Bokavl, og endelega av di eg gjerna vilde gjera Landsmaalet kjent og kjært fyre Byfolket, som denne Boki mest er etlad til. Fyre deim, som inkje tru so høgt um Landsmaalet, men berre visa det burt til «Idyllen», maa denne Boki vera Fullmaalet av all Tilskaping (Affektation). Fyre deim, som no drøyma um og tru paa ei Tid, daa det norske Maalet og skal verda rødt i Byom, fær Boki annan Lit. Eg vil bidja deim, som no vilja umaka seg med at skriva um Boki, at tenkja paa detta. At mangt og myket her vil laata reint ^[4] som Umskriving fraa Dansk kjem seg av di det er Kulturfolk, som styra Samrøda, og ein inkje er van med at høyra deira Tankar og Maate paa Landsmaal. Hermed sender eg Boki ut. Kannhenda ho endaa kunde finna eit og annat Hjarta, der ho kunde faa smetta inn og bera litetvetta Velsigning med seg.

Gausdal i September 1877.

Kristofer Janson.

Fyrste Stykket

Han og Ho. Dansen paa Prestegarden.

Han var Student, og *ho* var Prestedotter. Han var innpaa dei aatta og tjugo, men *ho* var berre femtan. *Han* var høg og mager, bar Haaret nokot nedyver Skallen, saag tankefull og stundom lidande ut. *Ho* var liti, bar det brune Haaret stroket fritt oppifraa Skallen, og synte derunder eit rundt, kvitt Enne, tvau kvike, livande Augo og tvo blømande, raudleitte Kinner. *Han* var jamt nokot slurvutt klædd, gjekk med ein gamall, sliten Frakk, der Hempa som tidaste stakk fram oppfyre Kragen. *Ho* var reinsleg og fin, den stutte Kjolen hekk i mjuke, jamne Faldar, og dei kvite Sokkarne sat slett paa den granne Leggen. *Han* gjekk stødt aaleine. Ein kunde sjaa honom kvar Dag, naar Vedret var bjart, ein Gong fyre Middag og ein Gong ut paa Eftansida reika burtetter Veggen under dei store Trei. Daa hadde han stødt Regnhatten under Armen og saag korkje til høgre elder vinstre. *Ho* hekk som tidaste i Stakken paa Mari Budeigja [6] elder i Armen hans Halvar Gardsgut, naar han gjekk og skulde leida Hesten heim fraa Utmarki.

I Bygdi millom dei fine Folk gjekk han fyre ein Snaaling, for han rødde sjeldan med nokon og gjekk aldri ut, naar han var beden. Men i Studereromet sitt, der sat han baade seint og tidlega, og ein kunde tidt sjaa Ljoset skina ut igjenom dei smaae Rutorna til langt aa Nott, naar ein for framum der. Det gjekk daa det Ordet i Bygdi likavel, at Bønderne søkte han inkje so sjeldan endaa, og visst var det, at han tidt gav seg i Prat med deim, naar dei arbeidde paa Marki, og tok seg stundimillom ei liti Kvild inn ved Aaren deira. Bønderne heldt av honom, for han var alltid snild og vinleg av seg og god mot dei fatige, men dei var nokot bljuge fyre honom og, for han spurde stundom so undarlegt og hadde nokot kvast i Augo sine, naar han rødde med Folk, som var litet hyggelegt.

Til at stella fyre seg hadde han ellest ei gomol Gjenta, som hørde Huset til liksovel som Bord og Stolar, og som han med alt det andre hadde ervt etter Fader sin.

Staden, der han budde, var ein gamall, graa Gard med store, svale Rom, der Forfeder med puddrade Parykkar og Blomar i Brjostet hekk paa Veggjom, med lange, aude Gonger, der Vinden taut og ylte Vetrakvelden, med ein Hage, der Mose

grodde paa dei tjukke, ærverdige Trei, som stod i lange Rader; der Ugras og Rosor kjeppadest um at spretta fram, der aldri Skjera elder Spade kom. Det [7] som vilde veksa, det voks, og det som vilde døya, det døydde. Eigaren gjekk der, saag paa det men vyrde inkje nokot og let seg inkje skræma av alle dei Æventyr um Gastar og Draugar, som flaug fraa Grein til Grein, naar det vardt myrkt i den lange Lund, som bar fram til Huset. Og Bygnaden vardt skakkare Aar etter Aar; her og kvar brotnad eit Bord, og Vatsrenna sprakk. Eigaren saag det, men han gjekk berre inn i sitt Studererom, kveikte Lampen sin, drog Bøkerna fram, las og skreiv, og let kvar syta fyre seg. Garden hadde han ervt etter Fader sin, som hadde voret Kaupmann og ein rik Mann. Sjølv var han Einberning, hadde leset ei Tid til Prest i Hovudstaden, men var so braadlegt komen heim atter, og hadde teket Garden no, daa Faderen var daaen.

Staden, der ho budde, var ljøs og vinleg, eit kvitmaalat Hus med grøn Dyr og ein Hage ikring med kvitt Traleverk. Blomar voks i Hagen, og kvit Sand var straadd i Vegjerne. Ein Benk stod attmed Dyri, der Presten var van sitja etter Middagen i Slobrok og Hus-Sko og taka seg ei Pipa til Koffien. Dei kjende inkje meir til kvartannat desse tvau, enn at ho som Barn mang ein Gong hadde stadet attanfyre Hagagarden, lagt Munnen til Tralerna og skriek: «tusse Studenten! tusse Studenten!» etter honom, naar han gjekk framum med Broki oppfyre Styvelsbendingen. Ho hadde daa strakst etter gjøymt seg attanfyre Smaatrei, men han hadde snutt seg ikring og hotat etter henne med Staven. Til Prestegardsfolket kom han aldri liksolitet som til nokon av dei [8] andre fine Folk i Bygdi, men han rødde daa ein og annan Gong med Presten elder Skrivaren, naar dei tok Fat paa honom paa Veggen, og desse sagde, at Studenten var myket forvitneleg at vera i Hop med, naar dei var god til at faa honom i Snakkelaaget, og slett inkje korkje myrk elder tagall, som han saag ut fyre, naar han gjekk einsleg paa Veggen.

Prestegarden laag berre ein Fjordung fraa Kapteinsgarden (soleides nemnde dei Garden aat Studenten, av di Fader hans hadde kaupt honom av ein Kaptein), og fraa Vindaugo i andre Høgdi kunde ein sjaa Ljoset brenna i Studenten sitt Rom.

So var det ein Vetrakveld, at det var Dans paa Prestegarden. Ute fauk Snjoen, og Vinden beit so isande kald, men fraa Glasi i Prestegarden glimad Ljos paa Ljos, og det let Laatt og Gleda paa Troppi, naar Smaavækjorna kravlad seg ut or Sleden, kvite som ei Snjofonn men med raude Nasatippar, og so Vinen deira flaug kring Halsen paa deim, kysste deim og tullad deim rundt, medan dei trappad Snjoen 'tav seg. Og det var ei Kviskring og Tiskring og Forteljing, glade Augo og glade Hjarto,

som Vinden inkje kunde sopa burt, endaa han murrande og sur snikte seg langs etter Steinhella og puste til Ljoset, so det blekte.

Presten sat i Romet sitt og gjorde seg det hyggelegt. Elden sprakad i Omnen, godt og varmt var der, og paa Golvet var breidt eit mjukt, tjukt Klæde. Lampen var kveikt, og Skjermen sett paa, so eit klaart men mildt Skin fall utyver heile Romet. Paa Omnen [9] var straatt Roseblaad, Gardini var nedlatne, so alt var baade tett og godt. Presten likad seg og, der han sat i den mjuke Ryggstolen sin, i Slobrok, med Pipa i Munnen, og bladad i nokre Papir, som laag framfyre honom paa Bordet. Alt i eit bøygde han seg attyver liksom han tenkte, saug nokre Drag or Pipa og tok ein Sup Te, som stod og eimde paa ein fin, liten Borddisk. So lydde han eit Vil etter Vinden, som taut utanfyre, og etter Tonarne fraa Musiken, som let fraa Dansarsalen, der dei no svingad seg i Dansen.

Best som han sat der, hørde han ei Sledebjølla ljoma utanfyre; so var det liksom eit skreik: «holloi der! kom hit Folk!» og ei Stund etter kom Halvar Gardsgut inn og sagde, at det var ein framand Mann ute, som spurde etter Presten. Presten stakk Hovudet utigjenom Dyri, og der stod Studenten, sveipt i Mudden sin, med Skinnhuva paa, Svipa i Hondi og snjoutt fraa Hovud til Fot.

«Orsaka meg Hr. Pastor,» sagde han, «at eg uroar Dykker so seint; men eg hadde den Uheppa at velta herutanfyre i Myrkret. Eg saag slikt sterkt Ljos heruppe, gløymde Taumarne, og so – laag baade eg og Øyken i Veita, og baade Skjækerna brotnad. No vilde eg vera so fri at spyrja Hr. Pastoren, um han kunde laana meg sin Slede heim. Det er inkje alt so langt, og Guten min skal kjøyra Sleden hit atter endaa i Kveld.»

«Ver so god, kom inn, kom inn solenge – jau det skal det alltid verda ei Raad med – ver so god, [10] ver so god» – og den gjestmilde Pastoren skauv Studenten inn gjenom Dyri.

«Nei Takk Hr. Pastor! eg kann venta herute solenge; eg er so snjoutt, at eg inkje kann treda inn i nokon Manns Stova soleides, og dessutan so heve eg Braadhast heim.»

«Aa Snakk med Dykker – Braadhast heim? De heve alltid Braadhast heim; men heve eg no voret so heppen at fanga Dykker, so fær De inkje sleppa paa ei liti Stund i minsto. Sjaa Mudden hengja me her – det verd minst ein Time, fyrr Sleden kann vera fyre Dyri, for me hava det nokot annsamt i Kveld skynar De; Dotter mi heve nokre Viner hjaa seg til ein liten Dans, og so er her alltid nokot at stella med. No –

ver no so snild» – og Presten smaalog, klappad Studenten paa Oksli, løyste paa Halsplagget og vilde draga av honom Finnmudden.

«Nei kjære Hr Pastor!» – «Jau kjære Hr. Student,» – og av maatte Mudden, og inn maatte Studenten. Han kvakk reint att, daa han stod paa Dyrstokken og kjende den koselege Varmen strøyma innpaa seg og saag det klaare, fredlege Skinet fraa Lampen. Han kom fraa den aude, myrke Veggen, fraa den bitande Vinden; han skulde heim til den kalde, tome Garden sin, og no – eit litet, varmt, tett, godt Rom. Nei kor her var hyggelegt! Studenten saag paa Golvklædet, han saag paa Gardini, han saag paa Skaapi, der alle Smaasakerna stod.

«No – skal det vera ei Pipa?» sagde Presten og rettleidde litet vetta i Stova, – «sjaa her, tak ^[11] denne Stolen – eg heve inkje annat at bjoda enn Petum, men slikt brukad dei det no i mi Tid, og paa Landet fær ein inkje vera for vand um det.»

«Men eg gjerer Dykker Bry.» – «Aa slett inkje, slett inkje! Detta skulde eg lagt aa Sida likavel no, um De inkje var komen. Og so var det fulla mi Skuld, at De valt og.» Presten log godslegt og lagde Papiri og Bøkerna saman. «No – eit Glas Øl? ein Kopp Te?»

«Nei mange Takk! ingen Umak fyre mi Skuld Hr. Pastor.»

«Aa ein Kopp varm Te gjerer godt etter den sure Vinden.» Og Pastoren ringde, og inn kom Teen. Der sat daa Studenten i den gode, mjuke Ryggstolen og med ei Pipa her i Presten sitt Rom nett som heima, og Presten sat beint burtanfyre.

«No – tykjer De inkje her er hyggelegt?» byrjad Pastoren etter eit Bil, daa han saag Studenten kasta Augo sine kringum, «so hyggelegt kunde De og faa det. De skulde gifta Dykker Hr. Student.»

Studenten drog Munnen upp til ein Smil. «So De meiner det Hr. Pastor? kannhenda. Men eg heve alt trulovat meg med ei, og so kann eg inkje festa nokor onnor.»

«Er De trulovad? kven med, um eg torer spyrja.» Og Presten saag paa honom med forbinat Andlit og flutte Stolen sin nærmare innpaa.

«Med mine Bøker, min Vitenskap,» svarad Studenten lognt.

«Aa – inkje verre,» sagde Pastoren, log, tok ein ^[12] Slurk Te og flutte Stolen att igjen, «Bøker hava me meir enn nog av allesaman. Men det er daa Skil paa Bøker

og paa Menneskior likavel.»

«Dei daude Bøker er ofta meir livande tykjer eg enn dei livande Menneskior, og dei røda djupare og klokare enn dei fleste noumstunder.»

«So? det var myket sagt det. Er De, som er so ung, alt vorden Mannhatar? Nei de lyt faa betre Tru til Verdi min unge Vin.»

«Eg vilde gjerne Hr. Pastor, um eg berre kunde.»

«Kunde? Gakk ut i Livet, so kann De. De sit her og murar Dykker inne og let korkje Sol elder frisk Luft sleppa inn, hadde eg nær sagt. Nei gakk ut i Livet, der er Vigvollen fyre slik ein Mann som De.»

«Eg heve voret ute, Hr. Pastor, men det gjekk som med Snigelen, naar han kjenner, det er Faare i Lufti. Eg drog Horni aat meg og gjøymde meg i Huset, for der visste eg, eg var i Livd.»

«So fær De freista ein Gong til. Det er stor Synd, at all denne Lærdomen og alt dette Arbeidet skal verda spillt fyre Verdi. Trur De inkje, at tvau klaare Augo kunde fanga Dykker? ei raudleitt Kinn? kvat?»

«Nog moglegt – eg er Kjøt og Blod som alle andre, og eg let aldri Augat atter fyre det, som vænt er. Men so um eit Aar elder tvau, so skjer Bandet, det fagre Eplet er makkstunget, Eva heve etet av Kunnskaps-Treet.»

«Nei fy, fy, korleides er det De spaar? De hugsar nog inkje, at eg sjølv heve ei Dotter?»

[13] «Det finst Undantak fraa alt Hr. Pastor, og Dykkar Dotter er endaa eit Barn, inkje rettare enn eg veit. Barnesaaali er mjuk som Vaks, ho kann verda skapad um til myket. Det gjeld berre um at føra Meitelen rett. Men kor mange gjera detta? Elder kvat kjem ut fraa Verkstaden no til Dags? Psyker^{u1} skal tru? Aa nei, Gud hjelpe oss, dei er det minst av Hr. Pastor. Nei det verd ei Hugsnikja, ei Krambuddokka, elder ei raa og ruggande Borgarkjering.»

«De dømer hardt, og – ja De orsakar meg, at eg segjer det – nokot braadt, nokot ungdomlegt, tykjer eg. Det var inkje vel, um De skulde hava Rett i detta.»

«Eg dømer etter det, eg heve set, Hr. Pastor, og Syni kann inkje svika. Og eg heve set deim, som kunde fylla Ein med Voner, med Elskhug, som kunde varma og kasta Skin utyver heile Livet, friske Barnesaalder Hr. Pastor, der Livet ute i den store

Verdi endaa drøymde i dei trugne uvisst lengtande Augo, i dei bljugt rodnande Kinnerna, i den halvopne Munnen og dei lydande Øyro, naar dei Vaksne talad; som vardt rædde, som den skræmde Hjortkolla, naar Ein saag paa deim elder talad til deim, men som gav Ein sitt heile reine Hjarta med Tankar og Kjenslor, naar dei havde fenget Tru til Ein. Og eg heve set desse same etter nokre Aar. Kvat hadde dei lært? Jau dei kunde kinka paa Hovudet og sveiva med Sprikestakken; dei kunde slaa med Vifta og lægja aat gapne Ordsleng; dei kunde skvaldra i eit Telag og fortelja um nye Trulovingar. Aa dei hava gripet Krambudglitret fyre det ægte Gullet, Ljoset i Dansarsalen fyre det varmande, kveikjande Solskinet; det er den glimande Uniformi, som daarar deim, dei ramlande Nataskali, det ytre paahengte; dei hava gripet Livet i denne Verdi fyre Livet i Gud Hr. Pastor.»

Studenten lettad seg upp fraa Stolen og lagde Hondi tungt paa Bordskiva. Andlitet hans var fast og aalvorslegt, og ein turvte infje annat høyra enn Tonen, som laag i Ordi hans, til at skyna, at her logad eit Minne, som inkje framand Hond laut røyva. Presten gaadde det og, han saag det endaa meir i dei heite Augo til Studenten. Han sat difyre kyrr eit Bil, berre bøygde Hovudet som i Tankar.

«Lat oss inkje no ordkastast um detta,» sagde han sidstpaa lognt og lyfte Hovudet, «det er dessverr altfor sant, at det er myket Stas og Fjas med dei unge Vækjorna notildags. Men meiner De inkje, at ei Kona kunde gjera det hyggelegt i Heimen Dykkar, um ho endaa inkje var so rett etter Dykkar Uppskrivt, for det er vandt at finna det fullkomlege, ser De. Og naar De no hadde Ei kringum Dykker, som kunde stella alt vel til, som kunde koka Maten og bøta Klædi og halda alt reint og fjelgt, meiner De inkje, De daa vardt mildare i Hugem og fekk litet meir Tru til Livet og –»

«Eg ottast fyre, det vilde infje muna Hr. Pastor. Skal eg nokor Tid velja meg ei Kona, so skal ho inkje vera Kokka elder Skræddar elder Vaskarkjerring, ^[15] men ho skal vera min Jamning i Ande og Sannleike. Ho maa kunna fylgja meg, kvart eg gjeng, inkje berre til Matmaalet men til Kyrkja, til heile Mannheimen, so vida som Tankarne vanka. Ho maa kunna lesa meg til Botnar, og aldri ynskja annat likavel enn at lesa uppatter. Ho maa kunna lækja alt, som er saart, ho maa kunna strjuka burt alle Skuggar med si linne Hond, ho maa kunna opna Famnen sin til Kvila fyre heile Saali mi, naar ho er trøytt. Ho maa elska meg meir enn alt i Verdi, og ho maa eiga alt i denne Kjærleiken. Ho maa synast liti i sine eigne Augo og likavel vera stor, rik, ja so uendeleg rik, at ho kann vera verdug at faa eit annat Menneskehjarta til Gaava. – Men kvar er ho at finna Pastor, det er Spursmaalet.»

I det same spratt Dyri upp, og inn flaug ei liti Gjenta, tirøygd og varm etter Dansen, i fin, kvit Kjole med ljosraudt Livbelte og med ein Blomkrans paa det tekke Haaret

og ropad: «Far! Far! no skal du –»

Ho braadstagnad, ho fekk Auga paa Studenten, ho vardt stupande raud yver heile Halsen og stod berre som fjettrad, beit seg i Lippa og visste inkje, kvart ho skulde snu Hovudet og so yndefull likavel i all si Blygsel. Studenten fekk helder inkje Augo fraa henne.

«No Barnet mitt, kvat var det?» sagde Presten, smaalog og snudde seg i Stolen.

«Aa – det var inkje nokot,» sagde ho og lagde Hovudet litet vetta paa Skakke men saag inkje upp, – «jau det var» og no flaug ho burtaat Faderen, [16] lagde Munnen upp til Øyrat hans og kviskrad nokre Ord, som Studenten inkje kunde høyra. Pastoren tok til at rugga i Stolen sin. «Ha, ha, ha, – dei vil hava meg inn og dansa, Galningarne. Kvat tykjer De Hr. Student?»

«Der slik ein Ærendsvain gjeng i Fyrevegen, kann Ein visst trygt fylgja etter,» svarad Studenten, han hadde riset og stirte paa den væne Bodberaren.

«Ja du kann gjerna koma Fa'r. Eg slo Vedd med Markus um tvo Apelsinar, at eg skulde faa deg til,» sagde ho, tok so Fader sin i Armen og lagde Hovudet ned til.

«Og slikt vaagar du gjera, liti Tossa du er,» sagde Presten, kneip henne i den faste, blømande Kinni og gav henne ein Kyss.

«Veit De Student?» sagde han braadlegt og snudde seg mot Studenten, «skal me tvo Gamle skapa oss galne i Kveld og ganga inn og dansa med Ungdomen? – – Aa Snakk! inkje Ranglæta no, De heve godt av det, skal De sjaa. Og kannhenda De kunde finna Ei derinne, som kunde fanga Dykker,» lagde han gartande til og varad Studenten med Fingren. Studenten stod tvihugad. Han saag paa Prestedotteri, men ho klengde seg fast inntil Armen aat Fader sin, liksom ho inkje var trygg annan Stad.

Presten tok atter paa og nøydde honom, og Studenten rødde nokot um Reiseklæde og annat slikt, men Enden paa det vardt daa, at han skulde vera der eit Bil iminsto, til Sleden var i Lag gjord. Prestedotteri hadde floget stad og skulde melda, at «tusse Studenten» [17] var inne, og skulde vera der um Kvelden, og daa vardt det vel Staak. Dei styrmdde i Hop, dei log, dei klappad i Henderna, og fyrr Pastoren med sin nye Vin syntde seg paa Dyrstokken, hadde dei lagt upp, at Studenten skulde dansa, dei skulde taka honom fram i ein Blomstertur, og Agnes (so heitte Prestedotteri) skulde vera den fyrste. Studenten nikkad til deim alle i Hop, daa han trod inn i den store Bjelkestova med Bjørkekvisterne fraa i Sumar endaa i Veggssprungorna og

med mange Ljos. Der sat dei alle desse fraa Skrivaren og fraa Futen og fraa «Proprietæren» og kvat dei heitte alle i Hop. Framslengingar var dei fleste, slike som korkje er Born elder Vaksne, korkje Fugl elder Fisk, som vel ganga paa Skulen endaa, men som halda seg inne i Frikorteret og røda um Dansar og Stas og nye Løitnantar. Men i Kveld hadde Dansen tidnat deim upp; Kinnerna glødde, Augo glimad, dei gløynde Damen og tok Barnet, dei leikad og sprang, gjorde Turar med Stolsæte og med Nikking og dømde Gutarne til at støyta Pipper. Det vardt liksom ei Togn, daa Studenten steig inn, og sume av dei største Gutarne rette seg upp og treiv i Luma etter dei kvite Handskarne sine, men stakk deim atter ned, daa dei gjekk so trongt paa.

«No det var Rett! lystugt og livande, det er, som det skal vera hjaa Ungdomen,» sagde Pastoren, daa han kom inn med Frakken kneppt yver Magen, med Kollhuva paa og gnikande seg i Henderna. «Skal det so bera i Veggen med oss tvau daa Sanna?» sagde han og fangad ei liti Vækja innum Armarne ^[18] sine, «korleides liva dei heima? – men du er vordi heilt vaksi sidan sidst, ja det er av di du kjem so sjeldan til oss. No ein Galoppade Musikantar, so skal Sanna og eg dansa.» Dei log allesaman, men Sanna smilad, beit seg i Lippa og hengde Hovudet, for det var so blygslegt.

«Ja De dansar med Hr. Student,» sagde Pastoren atter, «so faa me sjaa, kven som gjerer det best – no maa du berre halda Takti Sanna.»

«Nei Hr. Pastor, eg dansar inkje lenger no,» svarad Studenten og riste paa Hovudet.

«Jau Skam ta' meg skal De dansa – er her Ingi, som vil bjoda seg til hjaa Studenten?»

Han turvte inkje spyrja, for i det same stod Markus, han som hadde tapat dei tvo Apelsinarne, framfyre Studenten med Agnes og ei onnor liti Gjenta, ei i kvar Hond. «Student elder Kandidat!»ⁿ² sagde Markus og skrapad med Foten.

«Korkje Student elder Kandidat,» svarad Studenten, log og drog seg undan. «Takk eg dansar inkje.»

«Aa jau De lyt dansa,» bad Agnes etter honom, og ho til at knipa Markus i Hondi, at han skulde fylgja. «Student elder Kandidat,» let det atter, og etter honom kom Kleggen. «Aa jau De lyt dansa,» sagde det same granne Maalet atter, og der stod ho og saag upp aa honom, so skalkutt, so skalkutt.

«Ja med di eg lyt dansa, so er det vel inkje onnor Raad daa,» svarad Studenten og saag paa dei tvau, som stod framfyre honom.

«Student elder Kandidat,» let Røysti atter.

[19] «Ja – det er vel inkje verdt at stiga høgare upp, enn ein er komen, og so fær det vel vera Student daa.»

Agnes neig fyre honom, og no skulde det bera til med desse tvau. Studenten hadde inkje dansat, hadde inkje tenkt paa Dans i mange Aar, men fyrr, i dei fyrste Studentaari, hadde han voret reint i Vinden, ein Dansar av fyrste Slaget. No var det nett som Beini var bljuge fyre at fylgja med, for Musiken spilad strjukande. Dei staukad og starvad seg fram i Byrjingi stinne og verduge, men Takti laut Ein halda, og stad bar det snøggare og snøggare, Golv upp og Golv ned. Studenten gløyemde seg, han saag paa Agnes, som laag der i Armom hans frisk som ein doggvaat Roseknupp. Ho hadde bøyggt Hovudet attyver, latet Augo halvt atter og let seg no bera av Tonarne og Dansen. Og det gjekk! Det var som ei Flugt gjennom Himmel, gjennom Luft, svivande, sæl, utan Ende. Ho var so lett, ho studde seg so trugi til honom; den kvite Kjolen flaug kring henne som ei Sky, og dei lange Endarne av Livbeltet flaumad ut paa baade Sidorna. Studenten hugsad seg fyrst, daa han hørde Agnes segja: «nei no lyt eg pusta!» – Han sette henne fraa seg, han merkad og, at han var varm og andsloppen; men det var, som det var komet nytt Liv i honom. All Ungdomen med Minne, med Kjenslor, med Lukka, var atter vekkt, og han kjende, at han var inkje gamall og styrdnad endaa. Dansen hadde Magt yver honom, Dansen, som han hadde rist paa Hovudet aat.

[20] «So De vilde hava Studenten De Agnes?» spurde han skjentelegt, der han stod atmed henne.

«Eg vil inkje hava nokon eg,» svarad ho med Laatt, og dermed so flaug ho atter burt i Dansen, daa ein kom og tok henne.

Studenten saag etter henne, og gaadde inkje til ei liti ei, som no alt stod og neig fyre honom tridje Gongen. «Kvat skal du?» spurde han og tok henne under Hoka. Jau ho skulde daa dansa med honom, for det var «Inklinationstur». Ja so kunde han inkje svara nei, og Studenten laut atter til. «Korleides var han at dansa med Agnes?» spurde Vinerne og stakk Hovudi saman. «Aa han var so god – so god, og han heldt so fast.» «Nei er det sant, ja so maa eg freista,» – «og eg» – «og eg.» Studenten var reint illa komen, for der trippad dei fram ei etter ei og neig fyre

honom, og dansa maatte han, for han hadde sagt ja til *henne* og ja til *henne*, og so kunde han inkje svara nei no.

«Naar De lyster, er Sleden ferdug,» kviskrad Presten honom i Øyrat, daa han gjekk framum.

«Takk Hr. Pastor! men eg kann drygja ei Stund endaa.» Og han drygde eit Bil, og han drygde eit annat Bil, han vardt gjort til «Kammerherre», fekk Bond og Sylgjor, og so stod Kveldsmaten paa Bordet. Studenten bar fram ei Skaal fyre Presten og hans Hus, og Presten takkad Studenten og tømde eit Glas paa betre Kjennskap. Og so talad Studenten fyre Ungdomen, han talad varmt og hjartalegt, og Borni stod kyrre som i ei Kyrkja.

[21] «Fyrr de no byrja dansa atter, kann du syngja litetvetta fyre oss du Agnes,» sagde Faderen, daa dei dukad Bordet av.

«Syng Dykkar Dotter?» spurde Studenten og kom til.

«Aa ja, slikt Smaatteri, som er godt nog her millom oss,» svarad Presten. Agnes var komi burtaat. «Kann eg inkje faa sleppa Fader,» kviskrad ho sutrande, «eg kann inkje nokot, og so er det so blygslegt no, Studenten er her.»

«Inkje nokot Tøv, Agnes, du veit eg likar inkje det,» svarad Faderen aalvorslegt, og burt til Klaveret laut ho. «Ho blygjest fyre Dykker,» kviskrad han i Øyrat paa Studenten.

«Ja so,» svarad han tankelaust, han hadde gjevet Gaum etter, kor tvert ho drog seg burt etter Golvet.

No sat han i Sofa og skulde lyda etter. Agnes song nokre Folketonar, fyrst: «ifjor gjætt' eg Gjeiti», so «Aa Ola, Ola min eigen Unge», so: «Eg rodde meg ut paa Seiegrunnen» og sidst paa «Vesle Kari». Maalet skalv nokot i Byrjingi, og Røysti hørdest nokot kvellande, men sidan vardt det betre og betre, etter kvart som ho song. Det var so naturlegt, so likatil og med slik ei Saal og slikt eit Liv likavel, at det var som Hjartat hennar slo med i kvar Tone. Studenten sat reint tankefull.

«Kvat tykjer De um desse ringe Visorna?» spurde Pastoren og flutte seg inntil honom.

– «Kvat sagde De? – aa jau makalaust godt;

[22] eg tykjer det mest kjem eit heilt Liv figande fram fyre meg, naar eg hører deim.»

«Ja inkje sant? lat deim lenge nog halda paa alle desse Laup og Rullingar og Gurglingar; naar eg fær mine Folkevisor, so byter eg inkje.»

«Og so kunde ho syngja. Ho skynad Ordi, ho saag Bilæti fyre seg, ho livde i deim, daa ho song. Ho kann syngja Dykkar Dotter.»

«Aa ja fyre den, som vil tekkjast so – –»

«Mange Takk fyre Songen,» sagde Studenten i det same til Agnes, som gjekk framum.

«Inkje nokot at takka fyre; det var so stygt,» svarad ho, vardt raud og skundad seg burt; men ho likad ovlega godt likavel, at Studenten hadde sagt detta.

Daa Studenten kom heim den Kvelden, var det lidet um Midnott. Han gjekk til Romet sitt og kveikte Lampen. Der var kaldt, og Bøkerna stod i lange Rader, hans Liv, hans trulovade. Han slengde seg ned paa ein Stol og lagde Hovudet ned i Henderna. Han var for heit til at leggja seg, so dreiv han att og fram paa Golvet med Henderna paa Ryggen. «Kor undarlegt! eg heve voret Barn atter, nett som i hine gamle Dagar. Og det var fagert, det var lysande og lokkande, og ho var tekkeleg, so barneglad og frisk og med ei varm Saal, det hørde eg paa Songen. – Og so, at all denne Vænleiken og Barnegleda og Skuldløysa skal kverva burt um nokre Aar, – kokast sunder og saman i den store Gryta til Verdi og verda lagt paa Bleikjevollen aat Moten og Selskapstonen. Det er til at verda galen yver!»

[23] «A – ha» sagde han etter eit Bil og gjeispad – «det var godt at koma heim, her er so kyrt og svalt. Og i Morgon skal me daa taka i Hop med Casparis Jesaia.» – – Han stod ei Stund paa Golvet i Tankar med Lippa framskoti, so gjekk han burt aat Skrivebordet og opnad ei Skuffa. Han drog fram eit Bilæte av ei ung Vækja, han heldt det upp mot Ljoset og starad paa det lenge, lenge. «Ho likjest nokot, inkje fullt so ljøs likavel,» murrad han, «men det gjeng snart – ja det gjeng snart.» Han lagde Bilætet nedatter, læste Skuffa, klædde so av seg, bad si Kveldsbøn og somnad.

Andre Stykket

Agnes i Kyrkja. Studenten som Uppalar. Gode Voner.

Andre Morgonen sat Studenten med sin Jesaia, andre Middagen gjekk han med Regnhatten under dei store Trei, andre Kvelden sat han og skreiv som vanlegt, og aat sin Kveldsmat eismall som vanlegt. Dagen i Gaar var som ein Draum, som eit Spursmaal um Veggen fyre Ferdamannen. Han svarar, gjeng so vidare og tenkjer inkje stort meir paa Spyrjaren. Men han minntest henne likavel. Naar han saag den vinlege, kvitmaalade Prestegarden liggja derburte millom Treom, tenkte han paa, at det gjekk ei ung, livsglad Vækja der og stullad; men han kunde aldri slaa seg til at lydast innum og spyrja, korleides dei no livde og slikt. Han hadde atter beitt Arbeidshestarne fyre Livskjerra si, og dei gjekk som Vanedyr plaga gjera beine Veggen og i same Fora som fyrr. Kunde han slumpa til at sjaa henne fljuga burtetter Marki elder vatna Blomarne i Hagen, stod han alltid stil og saag paa henne; men aldri gjekk han nokon Stad einkom [25] til at raaka paa henne og stadgad henne inkje helder, naar han møtte henne paa Veggen, berre tok til Hatten.

Han hadde raakat paa Presten og sagt Takk fyre sidst, og denne hadde daa spurt, um han inkje snart vilde koma atter. Jau han skulde no hava so mange Takk, det var nog inkje umogelegt det; men – so vardt det aldri, han hadde inkje Framferd nog til at ganga sjølvbeden, og hadde han etlat ein Kveld til di, fekk han alltid eitkvart at gjera nett daa. Soleides gjekk eit Aar.

Agnes skulde verda daupfest fyrste Sunndag kom, det hadde Studenten spurt, og han var i Kyrkja fraa den tidlege Morgon. Folk gjekk ut og inn, for Tenesta var lang, og dei vardt tunge; men Studenten sat stødt paa sitt Stelle og gav Gaum etter kvar Sin i hennar Andlit, daa ho vardt spurd, daa ho song Salmen, daa ho lydte etter Preika, og daa ho sidstpaa bøygde Hovudet ved Altaret og skulde taka mot Velsigningi. Var det dei nye Klæde, som gjorde det, elder kvat kom det seg av, men ho syntest Studenten braadlegt at vera vaksi vordi. Denne Vækja, som stod her i den side, svarte Kjolen, med den kvite Halsen, med det helder bleike og aalvorsfulle Andlit, med den fine Munnen, som alt i eit blikte, og med dei djupe, vaate Augo, var det den same, som flaug mest som ovgali til Fjoset med Mari

Budeigja, elder som hadde kvilt i Armom hans i Dansen hin Gongen. Det var ho, men ho var myket meir grannvaksi og v en no enn som daa. Ho stod der audmjuk fyre sin Gud, med Henderna krosslagde kring Salmeboki; ho [26] tenkte inkje paa, at nokon bisnad paa henne, elder at ho stod  vst paa Kyrkjegolv.

Studenten gjekk heim, ho gjekk heim, og alt vardt i gamle Laget atter, men Studenten var endaa meir tagall og einsaman med seg sj lv enn som fyrr.

So var det ein Dag nokre Vikor etter, at Studenten m tte henne paa Veggen. Han gjekk paa eine Sida, og ho kom imot honom paa andre. Han helsad og gjekk framum, men so stadnad han braadt, lagde Hondi upp til Hoka, snudde seg og saag etter henne. So tok han ei sn gg Raad og gjekk burtimot.

Ho kjende paa seg, at han kom etter henne, for braadlegt byrjad F terne renna, og ho drog seg n rre upptil Veitetromen. Men Studenten tok lengre Stig, og han naadde henne snart.

«God Morgon Fr yken Agnes,» sagde han og lyfte paa Hatten.

«God Morgon,» svarad ho laagt, men vardt raud, daa ho sagde det og saag inkje paa honom.

«Til Lukka med Daupfesta,» sagde han endeframt og gav henne Hondi.

«Mange Takk,» svarad berre Agnes og byrjad so ganga atter. Studenten slapp henne inkje men gjekk ved Sida.

«No – er det undarlegt at vera vaksi?» spurde Studenten etter ei lang Togn.

«Aa nei, eg kann inkje det segja. Det er nett som fyrr, tykjer eg,» svarad Agnes.

«Er det slett inkje Skil?» spurde Studenten vidare.

[27] «Inkje annat enn at eg no steller i Huset aaleine,» svarad atter Agnes.

«Og Livet gjeng ellest paa same Maaten, same Tankar, same Draumar? – Heve De aldri lengtat burt, ut?»

«Nei det heve eg inkje,» svarad Agnes.

«Og De tykjer aldri, det er dauvlegt heima paa Prestegarden?»

«Nei.»

«Men kvat gjerer De daa heile den lange Dag?»

«Kvat eg gjerer?» sagde Agnes og no saag ho fyrste Gong paa honom og log, for slikt eit Spursmaal hadde ho no aldri høyr. «Jau det er myket det. Fyrst so ris eg no um Morgonen, so skal eg stella Koffi til Fader, sidan skal eg fløyta Mjølki, og so skal eg spila litet vetta, og so skal eg laga Maten til Middags, og so um Efta kann det no vera mangt daa og baade med Saum og annat. Eg steller i Hagen, og so hjelper eg Mari, naar ho mjolkar Kyrna, og so er det no Kveldsmaten daa atter.»

«Men dei lange, myrke Vetrakveldarne, daa sit De vel mest og les?»

«Les? nei kor skulde eg faa Tid til at lesa,» spurde Agnes forbinad, rett som detta var det mest umogelige, som til var.

«Inkje Tid at lesa,» tok Studenten uppatter likso forbinad.

«Nei, men Fader les stundom høgt fyre meg etter Bordet.»

«Og det likar De godt.»

[28] «Aa inkje alt so godt. Det skal stødt vera slike nyttuge Bøker, og det er inkje trøysamt.»

«Men les De daa slett inkje einskild?»

«Jau nokot litet so. Eg heve no leset Robinson og so ei Bok med Fortelnadar, som heiter: «fyre ringe Lesarar», og so eikvart gamalt, som stend i Hylla til Far!»

Studenten kunde inkje hjelpa det, men han laut draga paa Smilen.

«No var eg vist toskutt,» tenkte Agnes, og Blodet for upp i Kinnerna.

Studenten vardt var ved det, han vardt braadt aalvorsleg.

«De maa inkje tru, at eg grin aat Dykker, Frøyken Agnes, til det heve eg ingi Orsak, men det var berre so sjeldan og so godt, tykjer eg, at høyra, at ei ung Vækja med Dykkar Aar kjenner so litet til Verdi, inkje heve gluft Romanar og alt Slag lesande, lenge fyrr ho heve Vit paa deim.»

«Eg heve no og leset nokre gode Bøker, som eg fekk i Daupfesta,» tok Agnes atter i liksom til at gjera godt igjen.

«So – kven heve skrivet deim?» spurde Studenten.

«Kven som heve skrivet deim? – nei det veit eg inkje, men det er slike i svart Bind med Gullkross utanpaa.»

Studenten beit Tennerna i Hop, men han kunde inkje kjøva ein Smil, og Agnes vardt var ved det.

«Aa ja – eg kjenner deim,» svarad han berre,

[29] men torde inkje sjaa paa henne. «Og det ber rett undarlegt til, at eg her heve i fleire Dagar gjenget med ei Bok i Luma i den Voni, at eg skulde møta Dykker. Ho er og i svart Bind med Gullkross. Eg hadde Hug til at høyra, korleides De likad henne, og soframnt De kunde faa Stunder so ein Gong imillom, vilde De daa vera so god at blada litetvetta i henne? Det løner Umaken skal De sjaa.» Og Studenten drog fram or Luma si ei liti Bok, sveipt i Papir.

Agnes takkad og stakk Boki til seg.

«Ja og so maa eg segja Dykker farvel fyre denne Gong,» sagde Studenten og stadnad, «eg skal denne Veg burtigjenom.» Og dermed gjekk han.

«Uf den leide Studenten, at han no inkje kunde lata meg faa ganga i Fred,» tenkte Agnes, daa han vel var burte. «Uf eg rødde vist toskutt gjorde eg,» og dermed skundad ho seg heim.

«Berre leset nokre gamle Bøker og so Robinson» – tenkte Studenten og log med seg sjølv. «Herregud kor skuldlaus og barnski. – – Robinson.»

Daa Agnes var komi upp aa Romet sitt, opnade ho Boki. Der stod paa fyrste Bladet: «Kvinna, hennar Gjerd og hennar Liv i Ljos av Evangilja, av Adolf Monod.»

Daa Studenten næste Gong møtte Agnes, spurde han henne, um ho hadde leset Boki. Jau det hadde ho daa, ja – inkje so rett helder.

«Korleides likad De henne?» spurde Studenten.

«Jau – godt – men eg skynar meg so litet paa slike Ting,» sagde ho helder bljug.

[30] Studenten saag kvast paa henne.

«De skynar Dykkar so litet paa slike Ting,» tok han uppatter. «Ja det er ei Bok, som inkje er lesi i ein Gong, det er vist. Og De er inkje ferdug med henne helder, sagde De?»

«Det skortar nokre Blaad, men De kann gjerna faa henne atter strakst.»

«Aa nei, det hastar inkje. Ho ligg no og verd duftutt i mi Hylla, so kann ho likso godt liggja i Dykkar, og um De vilde taka Boki som eit Minne fraa meg, ei Gaava i Daupfesta kann De kalla det um De vil, so vilde det vera meg hjartaleg kjær. Men seg meg, heve De leset Saga hans Ørvarodd av Øehlenschläger elder Romanarne av Ingemann?»

«Nei det heve eg inkje? men eig De slikt nokot?»

«Ja og De skal faa laana deim, um De vil.»

«Nei skal eg – men – eg torer visst inkje fyre Fader. Romanar –»

«Seg at eg heve gjevet deim til Dykker, so gjev nog Fader Løyve.»

«Enn Romanar! – det skal vera slike trøysame Bøker, heve eg høyr. Me hadde ei Gjenta heima, som hadde tent fyrr i Byen, og ho sagde, at Døtterna der i Huset sat uppe til langt langt aa Nott og las Romanar istadenfyre at leggja seg, dei kunde umogelegt sleppa Boki.»

«So? ja skulde det leida til det, var det aldri verdt at lesa deim.»

«Aa – eg trur inkje, det er faarlegt med meg, for sant at segja, so likar eg inkje alt so myket at lesa.

[31] Eg vil helder springa ute, naar det høver so til. Eg veit inkje nokot betre enn at fljuga stad paa den grøne Marki, elder at kliva oppigjenom Berget, vada i Lynget og byksa fraa Stein til Stein. So bles Vinden so friskt, og Fuglarne syngja, og Soli skin millom Lauvet, og so kjenner eg meg so glad.»

Augo til Studenten var større vordne, og han saag fegen paa henne.

«Ja inkje sant – so kjenner De Dykker nett som heima millom Fuglarne og Lauvet og den blaae Himmelen, og so er det nett som nokot inne i Brjostet vil fljuga ut og syngja ut, so De stundom fær Hug til at hauka ut i lause Lufti.»

«Ja nett soleides – og eg haukar og, naar eg er aaleine, so det ljomar fraa Bergom rundt ikring; men Solskin maa det vera. Heve De det og soleides?»

«Hm,» sagde Studenten hugsjuk, «inkje rett soleides; men eg hadde det soleides ein Gong eg og. Det var i min fyrste Ungdom, men den Tidi er kvorvi fyre longo.»

«So De miste det? Skal tru alle Folk missa det?» spurde Agnes aalvorslegt og saag paa Studenten.

«Eg veit inkje Frøyken Agnes. Det finst visst dei, som halda denne Kjensla, men dei er inkje lukkelege. Dei lukkelegaste er dei, som missa, for dei faa nokot annat og betre i Staden.»

«Nokot annat og betre? Er nokot betre enn Gleda?»

[32] «Ja, Sorg. De ser so undarlegt paa meg, som det vøre Garting. Men det er djupt Aalvore Frøyken Agnes. Sorg er betre enn Gleda, for fyrst den rette Sorg kann gjeva den rette Gleda. Men detta er for tungt at røda um no, De vil inkje kunna skyna meg endaa, men um nokre Aar so – –»

«Meiner De daa, eg heve Sorg?»

«Det veit eg inkje, men daa vil De skyna meg, for daa haukar De inkje lenger i Berget.»

«Er De viss paa det?»

«Eg er viss. Men her er Vegaskilet, og De er heima. Farvel, og so sender eg Dykker Bøkerna, De veit.»

«Mange Takk.» –

«Kor undarleg han er denne Studenten,» tenkte Agnes, daa ho gjekk aaleine oppigjenom Vegen til Prestegarden, «men han er snild mot meg likavel.» Og eg var inkje so rædd honom helder denne Gongen, daa me no fyrst var komne i Prat. At han soleides vil ganga og svalla med meg? – – og no skal eg faa lesa Romanar.»

«Ho er den same som fyrr,» tenkte Studenten, «reine Barnet. Men dette Andlitet i Kyrkja den Gongen – hm, her liggja Tankar og Draumar og Kjenslor i denne Saal, men dei sova, dei hava inkje opne, klaare Augo. Vengjorna er samanbundne, men dei maa rista Dumba av seg, og slaa Lufti med sterke Slag. No faa me sjaa, um Papa Øehenschläger kann løysa Bandet, Monod kunde det inkje, det var [33] Andlitet i Kyrkja, som narrad meg, – men nei, det narrad infje, berre venta, berre venta.» –

Studenten kom inkje til Prestegarden, og so vardt daa Vegen deira Møtestad atter; men Agnes stokk inkje lenger undan, naar ho saag honom. Tvertum var ho den fyrste, som tok Ordet, etter at Studenten hadde sleget Lag med henne.

«Nei Takk, Takk fyre dei gilde Bøkerna,» sagde ho med det gladaste Andlit, «aa dei var so –» lagde ho til og krostad Henderna upp mot Brjostet, «eg heve leset deim ein Gong, men eg maa faa Løyve til at lesa deim endaa ein Gong. Vil *De?*»

«Solenge De heve Hug til det,» svarad Studenten.

«Eg heve leset høgt av deim fyre Mari, og ho tykte, det var grunt.»

«So ho tykte det,» svarad Studenten.

«Nei kor trøysamt maatte det inkje hava voret at hava livt i den Tidi,» tok Agnes atter i reint rødug, «inkje sant? millom alle dei Riddarom i gullsaumade Kaapor og med Fjødrrer i Hattarne og set paa Turneringar og dansat – –»

«Ja og so havt slik ein liten gripa Svein som Klaus Skirmen elder Karl av Rise¹³ ved Dykkar Sida og rødt med honom istadenfyre ein gamall Student.»

«Ja Mannfolki er inkje meir slike som dei var i hine Dagar,» sagde Agnes.

[34] «Nei Riddararne no ganga i Livkjole og sjaa sure ut,» svarad Studenten.

«Men hadde eg livt i den Tidi so –»

«So kunde De fenget skoda alt dette fagre og undarlege meiner De? Men det kann De endaa Frøyken Agnes.»

«Kann eg?» spurde Agnes forbinad og saag paa honom.

«Ja berre De vil,» svarad Studenten. «Dernede ved Strondi, veit De, liggja dei gamle Kjempehaugarne. Der er Angantyr¹⁴ og Brøderne hans hauglagde. Naar det no um Notti tyt og bles, dei myrke Skyerna fara lik svarte, frøynande Hestar, naar Bylgjorna frøsa og velta seg inn paa Land med kvite Kambar, daa logar det fraa Haugen, daa stend Hervør¹⁵ der og manar den daude Faderen fram. Og det brakar og dunar, og Haugarne rivna, og dei daude tala, og Ordi fara mot deg paa Vengjorna aat Stormen. Det grys i deg, du tek Fæla som fraa ei iskald Hond, let Vindaugat atter, slær Kross fyre Bringa og ser deg vart ifring, um Ingen er inne. – Og naar Maaneskinet legg seg som Sylv utyver den vide Vollen, og alt giddrar i dette bleike Skinet, og Toka fraa Elvi sviv flortunn og lett burtetter, daa er det Alven, som kjem med Skyrta til Ørvarodd, vovi av Maanestraalar. Han dansar leikande fyre honom paa grøne Marki, til alt kverv burt i ei Dimma, og [35] du atter ser berre Steinarne og Trei og Vollen og Elvi, som gjeng derimillom med si svævande Tjoting.»

Studenten hadde stadnat, og Agnes lydde paa honom med halvopen Munn. Daa han tagnad, stod ho som ho drøymde, men so sansad ho seg og sagde med Smil:

«No gjerer De godt Nar av meg. De hugsar likso godt som eg, at alt detta gjekk fyre seg i Danmark?»

«Danmark elder Noreg elder Russland elder Tyskland det kjem paa eit ut. I Verdi aat Hugleiken gjeld inkje Namn. Ein segjer berre «*eg vil*», og so stend det der. Og soleides kann De flytja heim med Dykker Austerlandet med glødande Liter og angande Blomar midt i Vetren, og Sumaren kann De fylla med Snjo og Is fraa Grønlands Fjell.»

«Eg visste nog, eg kunde drøyma slikt men vaki –»

«Kann De det, med' De drøymer, kann De det og vaki, kvar Gong De let Dykkar Tankar siga burt i Draum.»

«Ja – men at De, som er so klok, kann tenkja paa slikt.»

«De er og klok Frøyken Agnes, difyre kann De og tenkja paa slikt. Det er dei kloke, som sjaa, dei gapne sjaa inkjevetta. Difyre er Barnet tidt klokare enn den Vaksne, for Barnet kann sjaa. Barnet legg Liv og Saal i alt, men den Vaksne dreg tidt Liv og Saal utor alt. Og detta kallar Verdi klokt. Den Vaksne kann taka Blomen og skjera honom sund og [36] telja Duftvegjer og Duftberarar; men Barnet tek Blomen i Hondi, gled seg yver den fine Liten og den søte Angen og tenkjer: skal tru han bur der no den Alven, eg las um i Æventyri. Og medan Barnet kann skoda Himmelen full av Englar, so kann den kloke Vaksne inkje skoda annat enn eit Tak, som snart er blaatt og snart er graatt. Og medan Barnet trygt kann leggja seg med Bøni upp i Jesu Fang, so skjelv den Vaksne fyre Eldlaus og Sjukdom elder tenkjer paa dei Vaager med Fisk, som han skal skipa ut i Morgon kjem. Kven er so klokaste, Barnet elder den Vaksne? Skrifti held paa Barnet ho, men Verdi held paa den Vaksne, jo faa dei kjeppast. Men Skrifti heve Lykelen til Himmerike kor som er, og ho segjer: her slepp ingen inn, som inkje er klok som eit Barn!»

«Finst det daa dei, som inkje tru paa Gud?» spurde Agnes aalvorsam.

«Um dei finnast, ja mange, mange; og De vil faa sjaa deim og høyra deim Frøyken Agnes, naar De kjem meir ut millom Folk. Dei leika og spotta med det heilage, og Folk lægja til deim og kalla deim vituge.»

«Og detta er dei Vaksne? De fortel meg so myket ilt um det at vera vaksen, at eg ottast fyre at verda vaksi sjølv.»

«De tarv inkje ræddast Frøyken Agnes, vaksen lyt ein verda; det skil seg berre, um De kann sjaa som i fyrre Dagar, og vera nøgd med Barnevaset og med den støde Tanken, at Gud vil segja: du er min kloke, fyre deg er Dyri opi.»

[37] «Det trur eg inkje skal vera so vandt,» svarad Agnes, «for eg tykjer, det er so klaart, at det inkje kann vera onnorleides.»

«Ver inkje for viss. Naar ein er ung, heve ein gode Augo, naar ein verd eldre, verd ein dimsynt og stuttsynt, og daa gjeld det at faa Augnaglas av rette Slaget. Men ottast helder inkje, for det er eit Ord i Skrifti, som segjer: naar Gud er med oss, kven kann daa vera imot os?»

Daa dei skildest den Dagen, stod Studenten lenge og saag etter henne.

«Ho er moti og sterk,» tenkte han, «og no lyfter ho Vengjorna. No verd det vel ei Flugt, fraa Himmel til Jord, fraa Luft til Hav, Kast paa Kast, aldri Ro, aldri Metta, og likavel lukkeleg og hugheil. Men so verd Foten trøytt, og Vengja slak, og Brjostet saarat kannhenda, og ho lengtar etter Livsmaal og etter Fred. Kwart vil ho so fljuga?

—

Etter denne Tid gav Studenten seg tidt i Lag med Agnes. Kvar Gong han møtte henne paa Veggen, rødde han til henne. Han fortalde henne um dei gamle Sogorna, um Livet heruppe i dei Dagarne, um Vikingferderna og dei raustlege Kapparne. Han fortalde um dei framande Lond, korleides Folk saag ut der, og korleides dei foor aat. Agnes saug det i seg med Fysna alt i Hop, det opnad seg eit nytt Liv fyre henne, som ho inkje hadde drøymt um, og ho byrjad tenkja yver alt det ho saag kringum seg. Ho kunde inkje lenger som fyrr sorglaus springa ikring, tenkja paa alt og paa inkjevetta; ho hadde inkje Hug [38] lenger til at hauka, so det ljomad i Berget og lægja og gledja seg yver Dvergmaalet, som kom atter. No vilde ho helder, naar ho gjekk i Fjellet, setja seg ned paa ei Tuva og sjaa paa Utsynet og tenkja paa, um det kannhenda var denne Veggen Sverre foor, daa han drog nord til Trondheim; kannhenda hadde han slengt seg ned til Kvild, der ho nett no sat. Elder so vilde ho setja Kveldsmaten tidlega fram, for at faa ei litet vetta lengre Stund etter Bordet til Boki.

Studenten var ho inkje skygg fyre no lenger. Tvertum tykte ho, det var trøysamt at høyra honom fortelja, for han hadde set og kjende til so myket, og so fortalde han

so livande, at ho liksom saag det fyre seg. «Han er visst myket klokare enn Fader,» tenkte ho, og Fader saag upp fraa Boki og spurde, um ho hadde hugsat at leggja Fiskin i Vatn og persa Prestekragen til i Morgon, og um ho likad denne Skikki hjaa Hottentottarne, – men daa var Agnes burte i ein annan Heim.

Tridje Stykket

Burte og atterkomi; atterkomi og likavel burte.

Studenten hadde inkje møtt elder set Agnes paa lang Tid. Han kunde inkje skyna, kvar ho var avkomi, kannhenda ho var sjuk. Ganga upp aa Prestegarden einkom til at spyrja etter henne, det saag so undarlegt ut, men han kunde inkje neitta, at han saknad henne stundimillom. Ho hadde voret som ein frisk Pust fraa Livet midt innmillom all hans Bokdumba, som Lærkesong um Vaaren. Han gledde seg yver at sjaa hennar Saal vidna og spretta ut i Tankar Dag fyre Dag, liksom Ein gled seg yver Lauvkumarne, som spretta og renna fram til Blaad.

Han laut faa vita, korleides det var voret med henne, og so spurde han ein Dag Tenestegjenta, som gjekk til Elvi med Tvaattetyet.

«Um Frøykni er sjuk?» tok Mari uppatter reint forbinad, «nei det er ho daa vel inkje; ho foor til Byen fyre 14 Dagar sidan og –»

«Til Byen? – foor ho til Byen?» spurde Studenten som toreslegen.

[40] «Ja var det nokot illt i det daa,» tok Mari atter i og sleppte Klubba, «jamen foor ho stad fyre tvo Vikor sidan, og gret gjorde ho, daa ho foor; det er sant det, og no skal ho vera heimanfraa yver eit Aar.»

Studenten tok seg atter. «Farvel og helsa til Presten fraa meg,» sagde han, snudde seg og gjekk.

Han skulde hava gjenget vidare fram, men korleides det var elder inkje var, daa han saag upp, var han heima. Han gjekk stilt oppgjenom Lunden, inn i Romet sitt, tok Bøkerna fram og sette seg til at lesa. Men det vilde inkje ganga med Lesnaden, han kunde inkje sitja kyrr paa Stolen, han kunde inkje halda Traaden fast. So stod han upp og dreiv paa Golvet. «Ogso ho til Byen,» tenkte han, «det var Veggen, det skulde ganga likavel. Og eg som trudde, eg skulde sjaa henne vakna, veksa, mognast meir og meir til ei varm og rik Kvinna, – nei av med Blomen; han kann anga og vekkja Undring ei Dansarnott og so – ute; Dagen etter folnat Blad, slak

Stylk, slengd i ei Kraa. Kor undarleg er inkje Verdi, ho spiller Liv etter Liv, og heve lika stor Dragekraft – – Ja so var det Æventyret til Endes, den Soga ute.

Ho var daa tekkelig likavel – – ho kunde sjaa deg so beint og truget inn i Augo. Og ho hadde Magt i seg, for ho var reine Barnet. Kannhenda ho stod imot, kannhenda ho kom heimatter nett som den same berre med meir Røynsla – – Aa nei! ho var for ung og for veik, ho er vel som hine ho og. So kom no Bibelbok!»

[41] Ein Dag, som Presten sat aaleine i sitt Studererom, bankar det paa Dyri og inn tred Studenten.

«No det var ein sjeldsynd Mann,» sagde Presten, daa han hadde snutt seg i Stolen og saag, kven det var. «Goddag, goddag, det gled meg at sjaa Dykker, alt vel?» Og Pastoren riste Hondi hans hjertalegt.

«Ja Takk, alt er vel. Eg heve høyr, at Agnes, Dotter Dykkar, er burtfari, so vilde eg lydast innum og spyrja, korleides ho hadde det.»

«Sjaa det var snildt – set ned, set ned – jau ho er burtfari, men det ser inkje ut til, at ho likar seg der ho er, liti Tossa.» Og Presten log og lagde Henderna i Kross yver Magen.

«So ho likar seg inkje,» spurde Studenten gaumsam.

«Nei ho gjerer inkje det Stakkar, – aa De kann no sjølv tenkja det, fyrste Gong ho er i Byen, denne Mengd med Menneskior, bu berre millom Framande og so alt dette Nye.»

«Men kvat er so i Veggen? dette Nye trudde eg berre gjorde Augo hennar store.»

«Ja her skal De sjølv sjaa,» sagde Presten og tok fram eit Brev, som laag paa Bordet. «De kann gjerna lesa det, heve De Hug til det, det stend inkje nokot, som tarv løynast, – ja Skrifti fær De inkje sjaa paa.»

«Aa – mange Takk!» og Studenten treiv Brevet og las. Men Brevet let soleides:

[42] «Kjære Fader!

Du maa lata meg koma heim atter, for her er so fælt i Byen. Eg gret mest kvar Dag, for eg veit no snart inkje, kvar eg skal gjera utav meg. Gjerer eg detta, er det galet, og gjerer eg detta, er det galet. So skal eg gjera so, og so skal eg gjera so. So skal eg niga mest i Jordi, kvar Gong eg møter ein Herre paa Gata, som helsar, og so skal eg

sjaa paa honom og smila, segja dei. Og so merkar eg, at eg er so toskutt i alt mogelegt, at eg ingen Ting veit, og ingen Ting kann røda um. Heima der var det so lett at snakka tykte eg, og Studenten svallad um so myket, som eg kunde skyna, og som eg kunde lika. Men hernede røda dei aldri um slike Ting. Dei spyrja um, kor mange Gongjer Posten kom i Vika der heima; um kor lenge eg heve havt sid Kjole, um at Kransen paa Olga Lindstrøm sat skakt, og at Løytnant Karlson dansad tri Dansar med Helene Velsin og fylgde henne lika til Vogndyri. Og slikt nokot skynar inkje eg meg paa, og ser eg aldri etter, og so sit eg der og svarar ja elder nei og verd baade bljug og raud. Eg veit inkje, korleides det er, men Herrarne er inkje her i Byen soleides som heima. Eg hugsar, naar Studenten kom burt til meg paa Vegen, so nikkad han berre og tok med Hondi upp til Hatten; men her bøygja og vrida dei seg mest med kvart eit Ord og segja Frøyken alt i eit og strjuka seg kring Munnskjegget. Detta er infje eg van med, og so verd eg rædd og tegjer stil. Og skal eg freista røda litetvetta, so byrjar Hjartat hamra og Blodet fer upp ^[43] i Kinnerna og so – ja so kunde eg gjerna graata. Heima smila dei aat meg og segja, at so maa eg inkje svara ein annan Gong, men segja det og det; men Mathilde er nogso snild, for ho lær inkje so myket som dei andre og lærer meg upp til eit og annat. Og so er her ein gamall, stygg Ungkarl, som alle kalla Onkel Eirik, og som rek her stødt og stendigt, og han vil alltid kyssa meg og kallar meg si vesle Bonderosa. Og so hava dei gjevet meg Sprikestakk, og sett Haaret mitt upp i ein diger Pung attantil, og so segja dei eg maa ganga meir uttilbeins. Nei du maa lata meg koma heim Fader, eg lengtar so etter at sjaa deg og allesaman og Sylvros og Blaaman. Eg spurde, um eg inkje kunde faa Blaaman herner, for her var godt Rom paa Tunet og Stall hava dei; men daa dei hørde, det var ei Gjeit, so log dei og sagde, at eg maatte inkje her i Byen snakka um Gjeiter og Kyr og slikt nokot, det var inkje fint, liksom inkje dei og var Skapningar av Vaarherre. Nei du maa lata meg sleppa heim Fader, eg skal vera so snild og stella so godt fyre deg. Lat meg faa Løyve.

Di Agnes.»

Studenten sat med Bladet i Fanget fyre seg, han hadde mest Taaror i Augo, og han saag paa Skrivti, medan Presten ventad, han skulde segja nokot.

«No – kvat tykjer De?» spurde Presten, daa han saag, at Studenten inkje las meir.

«Jau, eg ser, at Leiken alt er byrjad,» svarad Studenten, «dei spila og slaa paa Trumba, men Hunden vil inkje dansa.»

[44] «Ha – ha – ha – ha,» log Presten, «nei det synest so. Men ho verd vel snart van med det, og so gjev det seg.»

«Ho verd snart van med det» – tok Studenten uppatter og smilte saart, «det kann Ein og svara Mannen, som kavar i Dragsugi, naar han skrik um Hjelp: ligg der, du verd snart van med det. Kann eg tru, at De inkje vil taka henne heim atter etter dette Brevet? vil De at ho skal verda upptamd og opplærd i desse Hundekunster?»

«Um eg vil taka henne heim atter? kor kann De meina slikt. Kvifyre sende eg henne vel ut daa?»

«Ja kvifyre sende De henne ut?»

«Kann De spyrja um det, som sjølv heve kjent baade henne og Bylivet. Ho kunde daa inkje all si Tid ganga her heima som ei Bondetaus. Ho maatte daa ut og sjaa nokot og læra nokot og vera millom Folk og faa litetvetta Skikk paa seg, ho og.»

«Aa det var inkje so faarlegt med det. Eg tykte, ho hadde god Skikk paa seg; og hadde ho fyrst vakset upp og var sann Kvinna vordi, so hadde ho inkje turvt nokot meir. Ei sann Kvinna veit alltid at gjera det som er sømelegt, og det er det fagraste, anten so Moten segjer ja elder nei.»

«Aa eg kjenner desse Talemaatar,» tok Pastoren i. «Dei sjaa godt ut paa Papiret, men naar det leitar paa, er dei ubrukande. Eg heve all Age fyre Kunnskapen og Lærdomen Dykkar Hr. Student, men her trur eg inkje, De er rett praktisk. Eg vil inkje hava [45] Dotter mi som nokot slikt utifraa, ho er inkje betre enn dei andre, og so kann ho vera som dei andre.»

«Ja der hava me det,» tok Studenten fiken Ordet, «ho skal vera som dei andre. Alle skal verda kreistade inn i samme Formi, Alle skal skrækja det same Vaset, Mannen skal verda Maskinverk, som Ein kann utanbokes, lenge fyrr han byrjar setja seg i Gong.»

«Ja ja, gode Viner lika godt,» sagde Presten og slo Studenten paa Oksli, «me verda vel aldri samde um det. Eg kann inkje alltid fylgja med alt detta, som dei no preika um Ide og Ide, eg er av den gamle Skulen ser De.»

«Orsaka,» tog Studenten atter i, «at eg vardt nokot varm i Stad. Eg heve fulla inkje nokot her at segja, men sidan Pastoren var so god og let meg faa lesa Brevet, so var eg so fri at segja min Meining beint ut! Og De tek henne soleides inkje heim?»

«Nei det gjerer eg inkje, er ho fyrst komi der, skal ho vera der ei Stund; men eg fær vel fara ned til henne og godsnakka med henne, Smaafjolla ho er.»

«Men um ho no vantrivst dernede, kvat gjerer De so?»

«Ja skulde ho vantrivast, so er det vel ingi onnor Raad daa enn at taka henne heim, men me faa vona det beste.»

«Ja me faa vona det beste,» svarad Studenten aalvorslegt og rette Hondi fram.
«Farvel Hr. Pastor og Takk fyre De var so god.»

[46] «Farvel, farvel og Takk fyre Innstiget.» –

«Ho er daa endaa seg sjølv,» tenkte Studenten paa Heimvegen, «og so barnsket ho skreiv, det kunde fulla kløkkja ein Stein – – Herre Gud haldt henne i di Verja!»

Det kunde vel vera ein Maanad paa Lag etter denne Tid, at Studenten hørde eitkvart ropa etter seg, som han gjekk paa Vegen. Han snudde seg og saag Prestemannen koma pustande oppetter Bakken og vitta med Hondi. Studenten gjekk honom til Møtes.

«No – kvat sagde eg? meiner De inkje eg fekk Rett?» sagde Presten og gnikad seg i Henderna.

«Kvat meiner De?» spurde Studenten undren.

«Mi Dotter naturlega. Ho skriv til meg i Dag, at no vilde ho inkje fyre alt det som til er koma heimatter.»

«So?» sagde berre Studenten kaldt, «og Orsaki til denne Umbot?»

«Ho er komi upp i det no, som eg sagde, ho er komi upp i det. No er det berre um Dans og Skodespel og Moro fraa Morgon til Kveld. Ja der ser De Hr. Student, kvar vil De no av med Dykkar høge Tankar og fine Ord?»

«Det ser ut, som eg fær halda deim hjaa meg sjølv,» sagde Studenten saart og freistad draga paa Akslom.

«Ja De fær nog det – ha – ha – ha – ha – ja no maa De snart sjaa innum Prestegarden, so skal De gjerna faa høyra litetvetta av Brevet, um De vil. Eg sit mest eine no um Kveldarne.»

[47] Dei skildest, og daa Presten vel var heimkomen, gav han seg til at rota i nokot Papir, som laag der, og fann fram sidste Brevet fraa Agnes. Det let soleides:

«Kjære Fader!

Kor godt det var, at du var inne hjaa meg og rødde med meg. No er det slett inkje uhuglegt lenger at vera her, tvertum so moroar eg meg godt, og di lenger eg verd her, dess morolegare verd det og, tykjer eg. No byrjar eg koma betre i Lag, ser du, og eg merkar, at det berre er eg, som heve voret styvi. Nei kor litet eg heve visst, og kor litet eg veit endaa! No ser eg det fyrst, sidan eg lærer nokot nytt med kvar Dag. Kor myket her er til at sjaa, og kor myket her er til at læra! Eg verd stundom reint øri av all denne Staak, som eg inkje er van med heimanfraa, men so er det hugnalegt likavel. Eg er paa Dans, og eg er paa Komedi, og eg er paa Landturar rundt ikring, for Mathilde ho er kjend med alle Folk trur eg, og so kann ho snakka fyre seg og hitta paa so myket gamanslegt, at alle gjerna vilja hava henne. So kjem eg med, og eg kann inkje annat segja, enn at dei er snilde mot meg alle i Hop. Du kann tru, eg heve fenget mange Viner hernede, Georgine Almvig og Susanne Gjerstad. Nei kor søt Susanne er! Ho spurde, um eg inkje vilde koma heim til henne og liggja i Lag med henne nokre Næter, so skulde me hava det so hugsamt. Berre ein og annan Gong kann det koma paa meg at lengta heim, og daa veit eg mest inkje, kvat eg skal gjera.

[48] Soleides var me ein Baattur her ein Dagen. Vedret var ovbjart, Sjoen laag stavstill, og Soli glitrad burtetter Vatstromen. Ved Solarglad snikte eg meg ned til Strondi aaleine, sette meg paa ein Stein og saag ut. Og daa var det so undarlegt. Daa eg saag denne blodraude Stripen av Soli, og Skyerna som brann, daa alt braadt vardt so kyrt, so kyrt, berre Baarorna skvalad upp mot Fjøra, og den svale Vinden flaug imot meg – daa veit eg inkje, men eg kunde inkje annat enn tenkja paa Heimen og paa deg Fa'r og allesaman, og so fekk eg slik Hug til at graata. Men i det same so kjende eg tvo Armar kring Halsen og eit, som kysste meg paa Kinni, og so var det Mathilde, som log og sagde, at no maatte eg inkje vera sentimental men koma upp og leika Gjøymsla. So kunde inkje eg annat enn lægja eg og, og so lengtad eg inkje meir. Men det er sant Fa'r, veit du det med Studenten? Tenk Susanne fortalde meg her ein Dagen, at Studenten heve voret trulovad med ei, som no er gift med Løitnant Karlson, men at ho sagde honom fraa seg, av di han alltid vilde vera Meistr og preikad fyre henne, korleides ho skulde bera seg aat og slikt nokot, og daa vardt ho kjeid av detta, som ventelegt var. Ho var og slik ein Stakkar som eg, som gjekk der paa Landet, lydte paa Studenten sine Preikor og inkje visste betre. Men so kom ho til Byen, og daa lærte ho at kjenna denne Karlson. Eg skulde visst umakat meg med at graata fyre honom, for tenk – det gjorde eg i dei fyrste Dagarne. Daa ertad dei meg alltid med [49] honom og gjorde Narr av honom, og so tykte eg, det var Synd i Studenten, for meg hadde han alltid voret snild imot. Men no skynar eg godt, at han berre heve havt Moro med meg, og Mathilde segjer og, at

slike høgtidlege Fyrar maa eg aldri bry meg um, for dei berre gjera seg vigtuge, av di dei tru seg myket betre enn oss og i Grunnen berre gjera Narr av oss. Og so fortalde Susanne og, at Studenten heve lovt aldri meir at trulova seg, og det kann han gjerna gjera, for det finst visst ingi, som vil hava honom. Denne Løitnant Karlson kjenner eg no godt, og du kann tru, han er tekkeleg. Han er so fin, og so er han so morosam, og so spenderar han alltid Is og Limonade og so myket slikt paa meg. Og no er eg inkje rædd og bljug fyre at svalla med Herrarne, som eg var det i fyrsto, og Mathilde er no mest Skuld i det. Ho er so hæv til at læra meg upp i alt Slag, at det er reint utrulegt. Du skulde berre sjaa, kvat Spil me tvo driva um Kveldarne, naar me er komne upp aa Romet vaart. So skal ho vera den fornæme Fru, som tek imot, og eg er Gjesten, som kjem paa Innstig. So sit ho daa og breider seg i Sofa og slær paa Kjolen med det fine Lumeturklædet sitt, og eg kjem nigande inn gjennom Dyri og gjeng imot. So lærer ho meg daa, soleides som du bad henne, korleides eg skal niga, og korleides eg skal ganga, og korleides eg skal segja, og so skratta me baade tvo, so at Moder hennar dunkar i Taket til oss, at me maa vera kyrre. Ja ho Mathilde, ho Mathilde! Men du kann tru, ho heve Stjorn i Huset, [50] kor som er, endaa ho er so lentug. Tenestefolki er so rædde so; dei vaaga seg aldri til at mukka, naar ho heve sagt nokot. Det er annat enn heima, naar Mari sette meg til at mala Koffien. Men venta berre, til eg kjem heim atter, so skal det verda paa ei onnor Vis. Det er 'kje godt, at Tenestefolk er altfor frie, for so gjera dei inkje til Gagns. Ja venta berre Fa'r, so skal du sjaa, du faar Æra av meg, eg kann endaa verda ei fin Dame. Liv no so vel og helsa alle heima, som spyrja etter meg.

Di Agnes.»

Daa Pastoren hadde floget igjennom Brevet endaa ein Gong, log han og gnikad Henderna, so lagde han Brevet atter aa Sida. –

Men den, som aldri gjorde Innstig hjaa gonom, var Studenten. Han gjekk tankefull og eine paa Veggen i sin slitne Frakk. Gjennom Vindaugat skjein Ljoset som vanlegt til langt aa Nott, og der sat han med Hondi upp i Haaret og med mode Augo og starad i sine Bøker. Agnes var fyre honom som ein uppriven Blome, ein gløymd Song. Kom stundom Minnet dragande, so treiv han Boki og rak Minnet burt.

Paa den Visi var yver eit Aar lidet, daa Studenten, som han gjekk paa Marki og skulde sjaa etter Folki sine, ser deim standa i Hop og eit i Midten, mest som det preikad.

Daa han kom attaat, kjende han Mari Budeigja fraa Prestegarden. Ho lagde ut og dei andre skrattad.

[51] «Kvat er tids her i Dag?» spurde Studenten.

«Aa Husband, det er berre Mari, som fortel oss um Dotteri paa Prestegarden,» svarad Mats og strauk Huva av.

«Er Dotteri heimkomi?» spurde Studenten.

«Ja ho er nog det.»

«Ho kom no ei Vika sidan,» lagde Mari til.

«No? er De lika gode Viner som fyrr daa Mari?» spurde Studenten.

«Nei eg skulde inkje tru det. Eg hugsad inkje annat, enn at ho var Jomfrui eg, og so tok eg henne i Hondi og sagde velkomi heim. Men daa vardt det eit Laat kann De tru. Ho ropad meg inn til seg um Kvelden og sagde, at no laut eg kalla henne Frøyken og inkje segja du og myket slikt.»

«So? ho er nokot stor paa det?»

«Aa ja – det er stygt at segja det, men det er 'kje stor Gris, fyrr han slær Krull paa Rova, segjer eit gamalt Ord, og ho heve voret eit Aar i Byen no maavita.»

«Liva dei ellest vel paa Prestegarden?» spurde Studenten og letst, som han inkje brydde seg um at vita meir.

«Dei faa no liva, som dei kunna, for det er eit Staak og ein Styr vorden, sidan denne Dotteri kom heim, som er reint fæleleg. Alt skal umkumlast og umskipast og umsnuast, so det er eit Renn og ei Kommendering fraa Morgon til Kveld.»

«Hm, men ellest so styrer ho Huset no?» spurde atter Studenten.

[52] «Aa ja, det letst no vel vera so, for me faa snart inkje njosa utan at spyrja henne um Løyve fyrst. Og so var det nett som me inkje hadde annat at gjera enn at standa paa Rad fyre henne, for so skal ho fletta seg, og so skal ho lauga seg og myket slikt, som me aldri høyrde Ordet um fyrr.»

«Og detta var daa Underverket, som kraup ut or Egget,» murrad Studenten med seg sjølv, daa han gjekk heim. «*Frons multos decipit*¹⁶ – – – men at det Andlitet og kunde ljuga.»

Daa Studenten kom heim, laag det eit Brev paa Bordet til honom. Det var fraa ein gamall, god Vin, som hadde faret no mange Aar i Utlandet. Millom myket annat

stod der og: «Og no – korleides er det med deg gamle Vin? Sit du endaa som ei Moldvarpa og grev deg ned i Bokdumba, og vankar millom Skuggar fraa Forntidi? Eg kann inkje skyna, at du, som er fri Mann og heve Pengar, inkje kastar burt alt detta, flyg Heimen rundt, og ser og nyt Livet, soleides som det yr og sprett den Dag i Dag. Du synest meg ellest nokot oppkveikt i ditt sidste Brev. Du skreiv um ei ung Vækja derheima, som var no baade paa eine og andre Maaten. – No kven veit? kanskje ho kunde – – – ja du skynar nog det eg meiner, og eg vil segja deg det, at inkje skulde gledja meg meir at høyra, enn at du var atter Mann vorden. Naar eg tenkjer paa deg som du var i vaare Studentdagar, kaat, livsglad, og eg no [53] ser deg i Tanken, soleides som du var, daa eg foor burt, ein gamall, sturen Einstøding – skulde ein snaudt tru, at detta var same Mannen. Skal daa dette eine alltid kuga deg? er du inkje god til at lyfta deg upp yver ei Sorg av dei mange, som Livet byd? Kom ned til Italia! her er Eld, her er Glod, du ser alt, korleides eg er upptidnad, og eg segjer: Gudskjelov, at eg kom burt fraa alt dette Vaset, all denne Nigjing og Skraping derheima og ned millom skaplege Folk. Her skal du sjaa Kvende, som er livande og friske, og makalaust barnskne likavel. Dei er som ville Fuglar av Skogen, dei leika og syngja, men dei hava og kvast Nebb, naar dei det vilja. Sjaa – ris no upp, rist Dumba av deg, og lat meg høyra i neste Brev, at no heve velærverdige Hr. Professor N. N. byrjat leggja ned i Kista si. – – – – –

–

Studenten heldt lenge Brevet i Hondi, og ein undarleg Smil lagde seg kring Munnen hans. So tok han fram Pen og Papir og gav seg til at skriva Svar.

«Gode Vin!

Eg heve fenget ditt Brev, og skulde einkvar kunna gjera meg ung atter, maatte det vera du. Du er same Galningen, som i fyrste Studenttidi, daa me flaug saman og gjorde Prettor, og det kjem dragande med deg liksom ei heil Bakkusferd med Puns og Talar og glødande Kvende. Eg ser meg sjølv standa midt imillom, kaat og livsglad som du segjer, og med Mod og Magt til at kunna styra heile Verdi. Men [54] – «die schönen Tage in Aranjuez, sind nun zu Ende – – –». [57] No er eg gamall, hev inkje Hug til korkje at draga til Italia elder slaast med Verdi og vinna meg eit Namn. Eg sit helst her eg sit, gjeng mi stille Ferd, so leggja dei meg ein Dag i Jordi, Gravi verd nedtrakkat, og eg er gjøymd – gløymd. Soleides vil eg det helst. Du trur, at eg atter kunde binda eit Band millom meg og Livet; men du kjenner meg litet, naar du kann tru det. Eg kjenner det paa meg no meir enn nokor Tid ellest, at eg alt heve livt mitt Liv ute i Verdi. Med Ungdomøstidi er Merkesteinen sett, og eg kann sjaa paa meg sjølv, paa henne, paa alt, som sviv derinne, som paa cit fagert Bilæte.

Som eg no er, stend eg sjølv reint utanfyre. Men eg ser tidt paa dette Bilætet, for ho var fager, ho lagde liksom eit Skin utyver all min Tanke og Gjerd. Og endaa trur du nokot Kvende skulde kunna draga meg til seg? Nei det kann eg iminsto segja fyre visst, at ein, som heve elskat soleides, som eg elskad henne, han kann aldri elska meir. Du nemner Prestedotteri her, av di eg skreiv nokre Ord um henne. Eg skal inkje neitta, eg hadde ein viss Medhug med henne, av di ho var so ung og barnefrisk, minte meg so skilet um min fyrste Kjærleike, soleides som ho ein Gong var, – men meiner du inkje denne og gjekk same Leidi? No heve ho og voret ei Tid inne i Byen og skulde læra Folkeskikk, som dei kalla det, og no er ho [55] og nett som dei andre, ei Motedokka, som maa gjøyma sine Kjenslor, um ho ellest heve nokre, under Kaapa aat den fine Livemaaten, av di det er Skam at syna deim fram. Du kann soleides vera trygg paa, at ho inkje skal vera faarleg. Nei Kvendet er seg likt all Stad, – veikt, laakt, inkje verdt at spilla mange Ord paa. Korleides er ogso dei fleste Hjonskapar. Anten gjerer ho Mannen ulukkeleg og øydeleggjer honom med Stas og Fjas, elder so verd ho slik ein vesall Ting, som inkje duger til annat enn at laga Maten og bøta Broki hans. Eg heve inkje visst fyrr, kor sant han, som heve skrivet Boki aat Predikaren, segjer, naar han skriv: «ibland tusund heve eg funnet ein Mann, men ingi Kvinna heve eg funnet millom alle desse.» Og du lovar so dei italienske, som dei skulde vera betre. Aa nei! eg kjenner deim eg og, fraa den Tidi eg foor dernede og skulde gløyma og kveikja meg upp, som det sagdest. Og eg saag dei same, som sveiv paa Gata so fine med langt Drags paa Kjolen og Gulldoppar i Øyro, ganga heima i Huset i ei skiti Natttrøya og kjekla med Mannen sin. Aa nei min beste Vin, det er inkje Gull alt som glimar; Kvendet er som hole Noti; ho ser godt ut og lover myket; men opna so Skalet og innei – tomt – tomt.

Studenten hadde sett seg det inkje at kjæra seg um Agnes meir enn um ho aldri hadde voret til; men Tanken paa, at ho no var her, og alt det han hadde høyr, vardt soleides sterk i honom, at han fekk Hug til at sjaa, korleides ho saag ut. Det kunde no aldri [56] skada. Kannhenda var det berre Drøfor, det Mari kom med, av di ho inkje lenger fekk vera Potta og Panna som fyrr. So gjekk han daa upp ein Dag. Presten var i Daglegstova, vardt det svarat, og han bankad paa.

«Kom inn,» let det innanfraa. Studenten trod inn, men vardt undren standande paa Dyrstokken, for Stova kjende han inkje atter. Det stod eit stort, rundt Bord paa Golvet med Duk paa og tekt med Album og Fotografi og Stereoskop. Rundt ikring var det sett Fotskorer og ein og annan Grindestol var slengd som av eit Tilfelle her og kvar. Burte i Kraai sat Presten aaleine. Han saag nokot sturen ut, rett som han inkje likad seg her. Daa han gaadde Studenten, vardt han blid og vinleg som alltid.

«Nei Goddag, Goddag,» sagde han, reis upp og kom burtimot. «De kjem ventelega og vil helsa paa Dotter mi – aa det hende seg uheppet, ho er nett no utgjengi; men De møter henne visst, naar De skal heimetter. Ho plagar ganga Morgontur no dette Leitet.»

«So ho gjeng Morgontur?»

«Ja Lækjararne i Byen hava talt til det; det skal vera godt fyre Bleiksotti.»

«Heve Dotter Dykkar fenget Bleiksott?» spurde Studenten.

«Nei inkje endaa Gudskjelov,» svarad Presten og smilte, «men Ein kann inkje vita, naar ho kann koma; Ein høyrer mest inkje annat no um dei unge Vækjor. Hennar Vin i Byen, Mathilde, hadde Bleiksotti, so [57] gjekk dei isaman um Morgonen, og so heve ho vant seg til.»

«Og De heve fenget alt uppflitt her sidan sidst,» sagde Studenten og saag seg rundt i Romet.

«Ja det er no Dotter mi, som heve Moro av det,» svarad Presten og drog litetvetta paa Akslom, «dei bruka det so i Byen, segjer ho, og so lyt me fylgja med. Men det er nokot uvant fyre oss i Fyrstunne, me som liva her paa Landet og utanfyre Folkeskikki.»

«Aa Ein verd snart van med det,» sagde Studenten lett, han mintest dei fyrre Ord av Presten. «Det var vel hyggelegt at faa Dotter Dykkar heim atter no?» lagde han sidan til.

«Aa ja, det var so,» svarad Presten tankelaust, men Andlitet hans synte, at Hjartat inkje var med i det Svaret.

«Ho byrjad lengta?» spurde Studenten.

«Nei det kann eg inkje segja,» svarad Presten og smaalog, «eg laut taka det med Slag i Bordet. Ho hadde gjerna vordet buande der, hadde ho fenget raada, og ho er inkje rett blid paa meg endaa, men det gjev seg vel. Millom oss sagt,» og her vardt Røsti laagare, «so trur eg, ho heve voret for lenge i Byen. Ho er so uppsett no paa at faa det nett so, som ho hadde det der, og det er inkje alltid so greidt ser De fyre ein gamall Prestemann. Korkje heve eg stor Raad til so myket umfram, og so er det so undarlegt med det. Det ein er van med er ein kjær fyre.»

«Ja det er vonlega so,» svarad Studenten, «men [58] so heve ho vel lært so myket nyttugt og godt i Byen, som kann vera til Hygge her heima.»

«Ja det forstend seg, det heve ho,» tok Presten Ordet liksom rædd fyre at hava sagt nokot, som kunde skjemma Dotteri. «No skulde De høyra henne syngja Hr. Student, det er nokot annat enn fyrr. No syng ho baade Lucia av Lammermoor og Trovatore og so alle Visorna av Erik Bøgh.»

«Eg tvilar inkje paa det,» svarad berre Studenten stutt. –

Studenten møtte Agnes paa Heimvegen, sosom Presten hadde sagt. Ho kom burtimot, men daa ho vardt var ved Studenten langt burte, gjorde ho nett som ho hadde gløymt eitkvart, snudde ikring og gjekk tilbaka same Leid, ho var komi. Studenten saag det, tok lengre Stig, og snart hadde han dreget seg innpaa henne. Han hadde Gaman av at sjaa, korleides ho bar seg, og so gjekk han i Breidd med henne ei Stund, men paa motsette Sida av Veggen og mælte inkje eit Ord.

Agnes letst, som ho inkje saag honom og skygde fyre seg med Solskjermen. Sidstpaa helsad han. Agnes gjorde ein Bøyg, som den gildaste Bydame kunde voret byrg av.

«No, so De er heimkomi,» sagde Studenten og kom burt til. «De kjenner meg vel atter Frøyken?»

«Jau, det gjerer eg daa,» svarad Agnes og gjorde atter ein Bøyg.

«Det smakad godt at koma heim, kann eg tru?» sagde atter Studenten.

[59] «Ja – aa ja,» svarad Agnes og tok liksom i seg atter Jaordet, som fall so snøgt i Munnen.

«At sjaa atter Mari, Halvar, Fagerros og Blaaman, – ja og so fyrst og fremst Fader Dykkar.»

«Jau Fader var det hyggelegt at sjaa,» svarad Agnes, og Studenten trudde at verda var ved eit Blink i Augat og meir Varme i Maalet hennar, «men De maa orsaka meg Hr. Student,» og ho snudde smaatt paa Solskjermen, «eg er inkje lenger Gjætartaus elder Tenestegjenta.»

«Hm,» svarad Studenten og drog litetvetta paa Smilen, «De segjer kannhenda, som Ordtøket gjeng, at ferskaste Fisker smakar best. Og De kjem at lengta til Byen atter, trur De?»

«Ja kann De kanskje segja meg, kvat ein skal gjera herheima?» spurde Agnes og skaut misnøgd Rukka paa Skallen.

«Det same spurde eg Dykker um Frøyken, sidst De var her, og daa fann De, at det var urimelegt spurt. No fær eg svara med Dykkar eigne Ord, De kann stella i Huset.»

«So De trur, at Kjøk og Gruva er rette Stellet fyre oss. Det var Synd at gjera Kokka yrkelaus, tykjer eg.»

«No so kann De kliva i Berget.»

«Ja, ellest Takk, men eg er inkje Smaagut lenger.»

«Ja so, det var Dykkar største Moro likavel i gamle Dagar at hauka. Var det inkje so?»

«Fyrr ja – men inkje no.»

[60] «Det er sant, eg gløynde, det var so ovlenge sidan, eit heilt Aar! tenk for ei Æva!» Og Studenten sette upp eit speande men aalvorslegt Andlit. «Men kvat var det, eg sagde Frøyken Agnes? um nokre Aar haukar De inkje lenger i Berget. Var eg inkje sann Spaamann?»

«Eg heve all mogeleg Age fyre Dykkar Spaadomar,» svarad Agnes og slo Solskjermen paa halvt; «men De vil daa vel inkje, eg skal leggja meg til at kliva millom Steinom Vetradag.»

«Vetradag nei.»

«Ja og kvat skal eg gjera no heile lange Vetren? her er inkje Dans, her er inkje Komedi, her er inkje Konsert, her er inkje det bidige Slag.» Og Agnes saag reint hugsprengd ut.

«Aa – De heve kannhenda Tid at lesa no, som De inkje hadde fyrr, og so kann De sova og klæda Dykker av og paa, det tek alt si Tid.»

Agnes letst inkje høyra det sidste. «Ja hadde ein berre Bøker,» sagde ho, «men her finst inkje ein Bok-Samling ein Gong.»

«Mi Bok-Samling er til Tenesta, um De ynskjer,» svarad Studenten og bøygde seg tyd.

«Takk – men det er vel berre kloke Bøker det?»

«Det er, som ein tek det til, eg heve Walter Scott.»

«Walter Scott? – ja men han heve slike lange og kjeidsame Innleidingar. Heve De Emilie Carlén?»

Studenten saag paa Agnes eit langt Bil. «Les De Emilie Carlén?» spurde han undren.

[61] «Ja kvifyre inkje?» svarad Agnes og freistad løyna, at ho var um at verda raud. «Mathilde sagde, at det var gode Bøker.»

«Det er no, som ein tek det til. Mathilde er soleides fyrste Statsraad no, og ho likar deim – ja, ja. No skal De høyra eit Stykke av Emilie Carlén. Eg skreiv upp nokre Rader ein Gong, det var endaa av Kyrkjevigsla i Hamarby; lyd no berre etter.» – Og Studenten drog fram Teikneboki si og las: «Han stod midt framför henne. En askgra blekhet öfvertädte de drag, som nyss lifvades af den innerligaste kärlek. Svartblå ådror svälldde i alla riktningar öfver hans panna, och ögonen, de eljest så klara og sköna ögonen, sköto ut såsom brinnande eldkulor ur sina håliga gropar. Tänderna skallrade så häfftigt, at han vid sitt fruktlösa bemödande att tala, bet sönder läpparne, og den ena bloddroppan efter den andra nedföll på hennes hvita klädning, der de lågo og dallrade, tildess brudens tårar nedföllu i deras purpurfamn, och de sedan, sammangjutne, innsögo sig i den äktenskapliga svepningsdrägten.»

«Er det inkje fagert og smakfullt tykjer De? Og naar no alt dette andre kjem til um Eitr og Mord, um Folk, som stupa i Avgrunnar og krasa Hovudet mot Likkistor, so fær ein ovgod Greida paa det svenske Folkelivet. Inkje sant?»

«Eg kjenner inkje det svenske Folkelivet,» svarad Agnes stutt.

«Visst altfor sant svarat,» tok Studenten atter i, «men De hugsar vel fraa Dykkar Skulevisdom, at [62] det bur Menneskior i Sverike og. Og Menneskior, sanne Menneskior, er det den sanne Diktaren skal skildra veit De, for Diktarverki skal vera Spegelen aat Mannalivet, og Jordi er inkje full av Djevlar og Englar, men av Menneskior. Alt usant, som er gjort berre til at vekja dess større Stir, det er fyre tridje Rad og so fyre smaae Ungmøyar, som gjerna vil hava eitkvart, som riv i Halsen.»

Studenten saag med ein speande Smil paa Agnes, men ho svarad inkjevetta, ho gjekk og saug paa Lippa si. So byrjad han atter:

«Ja De kann tru, me liva i ei undarleg Tid i so Maate Frøyken. De maa inkje tenkja, De stend einsleg med Dykkar Meining, nei De heve heile Flokken med. Ned i Danmark skal De soleides faa høyra, at naar ein berre kann slaa i Bordet, og bannar so det knakar, so ropa dei: «sikken en Nordmand!» og naar dei berre stinga kvarandre med Kniven og rulla utfyre Fjell elder hengja etter tvo Negler yver ein Avgrunn og kliva oppetter bratte Bergsida paa Aaretollar og gjera andre umogelege Kunster, so gjeng Stortrumba: «det var da mageløst norskt!»

Agnes log inkje, ho gjekk der tagall og sur og letst inkje høyra. Studenten hadde Moro av at gjeva Gaum etter, kor lenge ho kunde tegja seg, men Agnes var traa. So maatte daa Studenten atter i Elden.

«No – De skal vel rundt paa Innstig til alle Dykkar Ungdomsviner,» sagde han, «so skal De sjaa, De finn Folk, som det er verdt at halda Lag med.»

[63] «Kann De nemna meg nokon?»ⁿ⁸ svarad Agnes furti.

«Aa – her er no eg,» og Studenten saag fult paa Agnes.

«De – ja – men.» – Agnes saag reint flat ut.

«Men?» tok Studenten oppatter med same Skalken i Augo og saag beint paa henne.

«Dykker» – Agnes trivlad etter Ordi – «Dykker ser eg so sjeldan,» hittad ho endelega paa, men torde inkje sjaa paa honom.

«Det er no, som De vil,» svarad Studenten, «De veit, kvar eg er at finna. Eg gjeng mi vanlege Ferd no som fyrr, og eg høyrer, De og gjeng – Morgontur fyre Helsa.»

Agnes svarad inkje.

«Og so kann De røda med Bønderne her ikring, det er og hugsamt imillom.»

«Bønderne – nei Takk, eg heve nog av deim heima.»

«So? Den store Holberg sagde daa, at han aldri rødde med ein Bonde utan at læra nokot av honom.»

«Det er kannhenda der, han heve lært all Raaskapen sin,» svarad Agnes sjølvvis.

«So Holberg og er raa. Det er vel Mathilde, som segjer det, inkje sant? men «den skjøne Helene», og alle dei franske Vaudeviller, der dei leika me Hjonskap og alt det dyraste Mannen eig, dei er infje raae. – So De er alt komi upp i Byvaset Frøyken, so [64] De kann alt utanbokes desse Frasar, so De sigler alt med den breide Straumen. Kvat er det dei gjera desse fine Folk i Byen? eta, drikka, sova, drukna kvar aalvorsleg Tanke i kaate Slengjeord, Dagsens Krav i Drørsor, og inkje setja Æra i nokot større enn at kunna tevla med kvarandre i Matlag. Kvat hava dei utifraa desse, som sleikja Dufti fraa Føterne til Storfolket og selja si Saal og sin Munn berre til dess lettare at kunna sola seg i Naadestraalarne fraa dei styrande, som glupa Morgen- og Aftenbladet som den høgste Livsvisdom og fraa dette Berget sitt skoda ned paa alt hitt, som røyver seg framfyre Føterne deira. Aa eg kjenner deim – men kvar er Gud, kvar er Samvitet i detta? Sjaa no Dykkar Samlagsviner Frøyken.»

Agnes hadde stadnat. Ho beit seg i Lippa, so ein kunde sjaa, ho var ovlega harm. «Naar De inkje kann koma med annat enn Slengjeord, so» – – og ho snudde seg til at svelgja Graaten.

Studenten tok seg atter.

«Tilgjev meg Frøyken Agnes – eg meinte det inkje so – og um eg heve saarat Dykker» – –

«Her maa eg snu,» svarad Agnes stutt, daa dei i det same stod ved ein Beinveg, som bar upp til Prestegarden. «Farvel.» Dermed so bøygde ho seg fyre Studenten og gjekk.

«Hm» sagde Studenten og saag etter henne – «der gjekk ho, og ho var tykki, det var greidt at sjaa. Kannhenda ho inkje er so reint Barn endaa – og eg foor no aat med henne som med ein uskikkeleg [65] Unge. Skulde det vera verdt at spilla Tid paa henne lenger? – Ho var daa endaa Barn i myket, lett at setja Beit, lett at gjera flat, ho vardt varm, daa ho minntest Møtet med Faderen. Hm – neste Gong fær eg taka det paa ein annan Maate – ho var no slett inkje so gali, som Mari drøste um» – –

«Den skamlause Studenten,» tenkte Agnes med seg sjølv, daa ho gjekk heimetter og endaa skalv av Harm, «so utoleleg sjølvvis – – men det skal vera sidste Gongen, eg gjeng her dette Leitet. Og no skriv eg til Mathilde i Kveld.» –

Fjorde Stykket

Strid. Upp og ned.

Agnes heldt Ordet sitt. Ho gjekk aldri ut, naar ho visste, ho laut møta Studenten. Og likavel gjekk Tankarne tidt til honom. Han var daa annorleides, nokot meir enn dei andre – dei andre – ja var her nokon? Faderen, som stelte med Preika og Fattigissionen? Landhandlaren, som selde Koffi og Tobak? Olav paa Vollen, som let Døtterna sine spila Klaver, og som snakkad um den kvite Merri si? Futedøtterna, som berre hadde Tanke fyre Gaaseungarne og Fjoset? – Nei daa var Studenten likare. Naar ho so gjekk eismall paa Veggen elder sat aaleine paa Romet sitt, snudde Tanken seg um myket baade fraa fyrre Dagar og no – alt det Studenten hadde sagt, kor barnski ho hadde voret den Gongen. Ho vardt daa so undarleg um Hjartat – men so hadde han voret so skamlaus – nett som ho inkje var vaksi, nett som ho alltid skulde vera ein Barnsunge til at leika med – jau han skulde vera viss – ho skulde no aldri koma paa hans Veg tidare, ho skulde aldri kjæra [67] seg um honom – ho skulde aldri sjaa etter honom. Og so saag ho i det same etter honom, berre av di ho vilde snu, um han kom, forstend seg. Nei den som kunde koma til Byen atter, der var daa annat Liv!

Studenten kunde inkje skyna, kvar ho var avkomi, men han hadde som ei liti Von um, at ho gjerna vilde smetta undan. Ein Dag fangad han henne likavel, det var Bøkerna Skuld i. Han hadde setet og tenkt og tenkt paa nokot, han las, utan at finna Grunn i det, og so bar det langt ut um den Tid, han ellest plagad reika. Agnes vardt inkje litet forbinad, daa ho braadlegt saag Vinen sin breidved seg.

«God Dag Frøyken Agnes,» sagde Studenten og lettad paa Hatten, «kvifyre heve eg inkje set Dykker paa so lenge? Er De endaa tykki paa meg, fyredi eg var helder fri sidst? Eg meinte inkje nokot med det, og vil De, bid eg gjerna um Tilgjeving. – Det er sjeldan eg bid nokon um Tilgjeving,» lagde han til seinlega.

Agnes vardt reint bljug, for han rødde so endeframt og likavel so verdugt og so finslegt. Ho gløymde alle dei Svare, ho hadde lagat til, um han næste Gong kom og var aabrengen. Ho svarad berre, at ho inkje hadde nokot at vera v Reid fyre.

«Dessbetre,» svarad Studenten, «so vaagar eg vona, at mitt Selskap inkje er reint uvelkomet.»

Agnes vardt endaa meir undri, ho visste inkje nokot at segja. Studenten byrjad røda um ymse Ting, og alt det, han sagde, var so greidt og so trygt, han [68] stod aldri fast, han vardt aldri bljug, og likavel var han inkje kaut og stor paa det, men sette alt fram paa slik undarleg blid og logn Maate, at ho vardt baade rædd honom og inkje rædd. Ho kunde berre svara det, som var mest naudsynlegt, so let ho honom røda, men saag fleire Gongjer paa honom med Age. Studenten snudde sidstpaa Samrøda inn paa Byen og Bylivet, han spurde, korleides ho hadde havt det, og Agnes fortalde daa um Komedi og Konsert og Dansarne derinne.

«Ja er det inkje herlegt at dansa De?» spurde Studenten braadt.

Agnes sette eit undrande Andlit paa honom – han snakka um Dans.

Studenten letst, som han inkje saag Frettnaden i Augnakastet, men heldt fram. «Soleides at verda lyft av Tonarne og fljuga stad, berre kjenna det friske Luftdraget slaa imot Bringa, ei glad Kjensla fylla Brjostet og siga burt i eit Hav av Ljos og smjugande Musik.»

Andlitet til Agnes vardt liksom ljosare, ho vilde til at segja nofot, men Studenten gav henne inkje Ordet. «Og so i Theatret at kunna gløyma all Bokduft og Matstræv og dagleg Sut og Kav og koma heim som fraa ei svalande Laug i nokot reint og friskt og stort.»

Det spratt i Agnes, Augo hennar skjein, han hadde galdrat fram alle hennar kjære Minne.

«Ja Theatret!» – ropad ho, «og De kann tru, me hadde ein god Sess i fyrste Rad og lengst ned [69] paa eine Sida, so me kunde sjaa paa alle Folk, og det var mest likso morosamt som at skoda paa Stykket.»

«So?» svarad berre Studenten.

«Ja og alle dei Dansar eg var paa daa! Tenk, ein Gong var eg i Lag fem Kveldar i Slag, og kom inkje heim, fyrr Klokka var tri nokor Nott. Og so den sidste –» Agnes log ved Tanken.

«No? var den sidste Dansen so merkeleg?» spurde Studenten og drog paa Smilen.

«Aa nei – det var inkje annat, enn at Lise Bøyesen datt so lang ho var, og Marie Petersen vardt furti og gjekk heim, av di ho sat Cotillonen.» Agnes fekk braadlegt ei Togn, for ho kom at kasta Augat paa Studenten, og han saag so aalvorsam ut, som han tenkte paa nokot.

«Men seg meg no Frøyken Agnes,» tok han seinlega Ordet, og han rødde blidlegt og lognt, «naar De no kom heim so Klokka tri um Morgonen, kunde De so med gladt Hjarta takka Gud fyre Kvelden, han hadde gjevet?»

«Gud?» – tok Agnes undrande upp atter.

«Ja – De veit likso godt som eg, at Gud maa vera med baade i det smaae og store. Men eg hadde berre Hug til at høyra, um De endaa kunde dansa som eit Barn. Det er vandt fyre ein vaksen at kunna dansa som eit Barn, ser De. Kjolen maa sitja godt, og Kransen verda røynt fyre Spegelen; kven skal vera der i Kveld, og kven skal ho faa dansa med? So alle dei Augo, som sjaa paa ein fraa Benkjeraderna, so hava Øyro med seg til at fanga eit [70] Ord her og eit Ord der, kvat ho hadde paa og ho hadde paa, korleides Maten var, kven som var Fofdame o.s.v., aa det er tusund Maatar og altsaman til at kunna fortelja næste Dag, naar Vinerne koma. Ja er De inkje sams med meg i detta Frøyken Agnes?»

Agnes stod reint tvihugad, halvt smilande, halvt flat. Ho var aldri van med at verda rødt til paa slik ei Vis, og ho kunde inkje svara nei til det helder, daa ho nett no hadde lagt fram Drøsor um tvo av sine Bykjenningar.

«Eg heve inkje so rett tenkt yver det,» svarad ho berre, «men dei rødde inkje soleides um Dansen i Byen.»

«Kannhenda ogso eg er for streng,» tok Studenten atter i, «men tenk no berre desse fem Kveldarne i Rad og til Klokka tri um Morgonen! Er detta Kvila, so som Dansen skulde vera, er detta fagert? Tenk paa, korleides dei unge Gjentor sjaa ut etter ei Balnott so Klokka tri um Morgonen. Den florlette Kjolen sundflengd heng i Lurvor kring deim, Sprikestakken kannhenda broten sund, Blomarne paa Haaret folnade, dei livande Augo saare og sømnuge, det raude, friske Andlitet bleikt og slakt, og detta er Bilætet, Soli fær, naar ho glytter inngjenom Vindaugat um Morgonen og skal vekkja til Arbeid og til nytt Liv. Nei burt, heim, medan Ljoskruna endaa skin i sin fulle Glans, medan Gleda endaa lær i oss, medan Musiken endaa spilar reint, medan alt, ein ser, er friskt [71] og fagert, daa tek ein med seg eit fullt og heilt Bilæte om ein kann tenkja paa med Fagnad.

«Men kven kann ganga fraa ein Dans, naar Hugnaden er paa det beste?» sagde Agnes.

«Eg kann det, og De kann det og, um De vil, soframt De inkje skulde ynskja helder at sjaa alt det fagre gløypt upp av Vanen og alt enda i – ein Gjeisp.»

Daa Agnes inkje svarad, heldt Studenten fram.

«No skal eg syna Dykker tvau Bilæte,» sagde han, «som De kannhenda kunde kannast ved. Paa eine Sida ei bleik, fordansad Bydame, som sit og hostar og munsar til eit Glas Vin, og paa andre ei ung, tirøygd, raudleitt Gjenta paa Landet, som sprett upp med Soli og syng som ei Lerka all Dagen. Kvat vil De velja og kvat vil De skriva under?»

Agnes saag ned fyre seg, for ho laut tenkja paa seg sjølv, og ho visste, at Studenten meinte henne. Daa ho tagde seg, laut Studenten atter til.

«De maa inkje tru, at eg vil døma nokon Frøyken Agnes, men naar De ser paa Landet med Augo fraa Byen, so maa De gjeva meg Løyve til at sjaa paa Byen med Augo fraa Landet. Det er endaa nokot, eg gjerna vilde hava Fingrar i, og er eg komen inn paa at halda Fyrelesingar, so fær eg halda fram – kvat rødde no De um derinne i Byen Frøyken?»

«Nei det er sannelega inkje so greidt at hugsa,» svarad Agnes med ein Smil.

«Var det so myket?» – og Studenten log fult – «ja, ja, naar De inkje vil segja det, so fær eg [72] gissa. Fyrst daa De kom, var De bljug, og svarad inkje annat enn ja og nei, inkje sant?»

Agnes lyfte undrande Hovudet mot honom.

«Inkje sant?» tok Studenten uppatter, «eg er ein Spaamann veit De, og ein god Spaamann, eg kann segja meir. De heve rødt um Heimen Dykkar, um Landsstellet her og – De heve rødt um meg Frøyken Agnes.» Studenten saag henne kvast i Augo, og Agnes vardt stupande raud.

«Korleides kann De vita det?» stotad ho øri.

«Gudskelov, ho er Barnet endaa,» tenkte Studenten med seg sjølv, og Andlitet hans vardt ljosare. «Jau Spaamannen ser De, Spaamanen. Eg veit endaa meir Frøyken Agnes, eg veit kvat De heve sagt um meg.»

Agnes slo Augo ned og saag i Jordi.

«De heve sagt paa Lag soleides: «De kann tru, det er mange snodige Kultar derheima. Me hava ein Ølbryggjar, som er so tjukk som ei Tunna, det er fyrste Kavaler, og so hava me ein, som kallar seg Studenten, han ser ut som ei Bønebok med stor Stil» –

«Det heve eg aldri sagt,» tok Agnes braadlegt i og saag honom fast inn i Augo.

«Um inkje nett i same Ord so med same Meining,» svarad Studenten og log. «No – so heve De rødt um Klokkaren, naar han segjer Amen i Kordyri, og so um Fader Dykkar i dei store forade Styvlarne. De kjenner nog den gamle Visa um Landsprestarne, ho verd no sungi tidt og trutt inne i Byen, og De heve voret med Frøyken Agnes, inkje sant?»

[73] De heve og lætt aat deim og fortalt Drøsor herifraa kannhenda, og lydt etter gapne Ord fraa Sprettarne, og imedan sat Fader Dykkar kannhenda, han Landspresten, og tenkte paa si kjære Dotter og bad Gud halda si Hond yver henne.»

Agnes lyfte inkje Hovudet, men ho kunde inkje løyna tvo Taaror, som draup til Marki.⁴⁹

«Tilgjev meg,» kviskrad ho.

«Meg heve De inkje nokot at bidja um Tilgjeving fyre,» svarad Studenten. «Det høver meg helder at takka fyre di, at De heve teket mine Ord aalvorslegt og inkje er vreid paa meg. No maa De av detta, som eg heve sagt, helder inkje tru, at eg paa nokon Maate vanvyrder sovori Moro; men det er Skil paa Bruk og Misbruk, og eg held alltid det fagre burtimot som ein Spegel. Ja no skal eg inkje plaaga Dykker lenger, no kann De hava Løyve til at segja, at eg heve haldet Fyrelesing i Dag. Kvat Tid skal me so hava den næste? Ja ja, Farvel, Farvel og Takk fyre Ferdi!»

Agnes var inkje so lett paa Foten, daa ho gjekk heimetter den Dagen. Ho visste inkje, kvat det var, men det song nokot inne i henne, som ho inkje kunde skyna, inkje døyva; ho kunde inkje tenkja klaart tykte ho. Og naar ho saag paa Trei, paa det kvite, vinlege Traleverket kring Hagen, paa Prestegardshuset med den grønne Dyri si, var det nett som dei stod so aalvorsame, som dei hotad aat henne. Og i Augo til Faderen, laag det inkje nokot i deim, som neiste henne? og det endaa han var so snild og so vinleg, [74] tok henne kring Kinnerna og kysste henne, daa ho kom inn. Agnes gjekk upp aa Romet sitt, ho hadde slik Hug til at graata, men ho kunde

inkje. So sette ho seg ned paa ein Stol oppmed Vindaugat, lagde Olbogen upp mot Glaskvarmen, stude Hovudet mot Hondi og saag ut. Ho saag inkje nokot, endaa Augo kvilde stødt paa eit Stelle. Hadde du spurt henne, kvat ho tenkte paa, hadde ho svarat: «eg veit inkje.» Kannhenda ho inkje helder visste, kvifyre Foten styrde burt til Bokskaapi, og kvifyre ho vardt standande der og saag paa Bøkerna. Ho saag paa dei gilde Bøkerna i glimande Bind, som ho hadde havt med seg fraa Byen, Hondi foor burt yver deim, men ho tok inkje nokon av deim ut. Det, som ho sidstpaa fann, var ei duftutt liti Bok i svart Bind med Gullkross. Denne tok ho ut, og gjekk med henne burt aat Bordet. Augo kvilde paa fyrste Bladet, der det stod: «Kvinna, hennar Gjerd og hennar Liv i Ljos av Evangilja.» Ho kom inkje lenger, ho var inkje god til at lesa, ho seig atter burt i Tankar og tok laagt uppatter fyre seg sjølv: «Kvinna, hennar Gjerd og hennar Liv i Ljos av Evangilja.» Kor lenge ho hadde setet her, visste ho inkje, men so bankar det paa Dyri, og inn kjem hennar gode Vin fraa fyrre Dagar, Halvar, med eit Brev i Hondi.

«Her var nog eit Brev til Frøykni,» sagde han og vardt standande audmjuk, med Huva i Hondi, attmed Dyri.

«Eit Brev!» ropad Agnes liksom vekkt or Svevne, spratt upp og foor burt. «Og fraa Mathilde!» tok [75] ho i atter glad. Ho sprang burt til Stolen med Eignaluten sin, ho reiv Brevet upp, det var mange, mange Ark, ho breidde deim ut, Boki laag i Vegen, ho skumpad henne aa Sida og las:

«Kjære Kjælebarnet mitt!

Du kann tru, dei spyrja etter deg. Fader, Moder, Fredrik, Onkel Eirik og allesaman, – ja inkje minst han du veit. Fy Agnes! at du kunde vera so stygg og so hardhjartad at fara burt, nett no daa du saag, han var so reint blotnad. Han ser so flat og so laagøyrut ut stakkars Krok. Han gjeng inkje meir kjøn og kjeik framum Vindaugo vaare og helsar upp, blid som ei Smyrøskja og lyfter seg paa Taai, nett som han hadde Gummi i Iljom, nei no heve han somen teket den gamle Slengen sin, og heve endaa byrjat tyggja Tobak. Der kann du sjaa, kor du heve gjort Rusk inne i Byen. Og han er so traai til at spyrja, um eg heve høyrte nokot fraa deg, at det mest er utan Maate. Eg fær meg no stødt ein Dans med honom fyre det same eg. So spyr han daa etter deg, verd heit forstend seg, og skrik ut i lause Lufti, at ingi Vækja i Dansarsalen kann likna seg i Hop med deg, og naar daa eg segjer Takk fyre Lovordet, so bøyger han Hovudet daa og smiler og svarar: «Dykker undanteki Frøyken.» Men etterpaa kjem tunt Øl, som dei segja der paa Landet, som du er fraa. Det er sant, kjenner du Doktor N.? Han kann du tru er makalaus. Han skulde

dansa her i Gaar var, men han kunde umogeleg koma i Takt, og so foor han og sparkad og slo med Beini – aa han var guddomleg.

[76] Og tenk so skamlaust, so trakkar han Hol i min nye Kjole. Ja den skulde du sjaa Agnes! sjogrøn med Kvare av finaste Lin. Mor gav ogso ein halv Daler Alni, og dei kom alle burt og spurde meg, kvar han var kaupt. Musiken spilar endaa kvar Sunndag paa Torget. Der skulde du vera Agnes, der er fullt av deim som sjaa etter deg, og no er det komet 5 nye Løitnanter, og ein som heiter Løitnant Paulsen, kann du tru er spræk. Student Hansen er trulovad med Susanne Stephens, og no gjera inkje dei annat enn sjaa paa kvarandre og freista koma i Takt, naar dei ganga under Armen. Og hyss Agnes – du maa inkje røda um det, for eg lovad, eg inkje skulde segja det; men eg hørde fraa Mine, som hadde det fraa Systeri aat Kona til Kaupmann Johansen, at Fedrik er aat med at trulova seg. Han hadde teket Lotte Sylvius upp tri Gongjer i ein Kotillon, og Torsdag gjekk han etter henne, daa ho kom fraa Skræddarskulen. Korleides er det med deg Agnes? Gjerer Studenten endaa Hanebein til deg som i gamle Dagar? og laanar deg sidsame og kjeidsame Bøker? Eg synest eg ser deg ganga so kjøn og kjeik som ei gomol Jomfru vid Sida hans og lyda etter dei Vidsomsord, som strøyma fraa hans ærverduge Lippor. Du verd vel ei heil Bønebok, naar du no kjem til Byen atter. Aa nei, eg meiner det inkje, skynar du, eg berre gartar med deg, for du er no mitt vesle Kjælelamb er du. Og du maa koma til Byen atter Agnes, eg kann inkje skyna, du kann standa i det der heima paa Landet. Og no skal me faa eit Songarselskab [77] og Ridemeistarar og danske Skodespelarar og myket annat. Det var no vel og, dei danske kom ein Gong, for dei andre spilad berre slike aalvorsame og kjeidsame Stykke, som ein kunde somna av; men no faa me Orfeus og Erik Bøgh sine Smaastykke. Tenk Orfeus! var det inkje morosamt den Kvelden Agnes, og det var same Kvelden Student Krebs fylgde oss heim, hugjar du.» – – – – –

Det var myket meir, og Agnes las det med store Augo. Byen med alle Minne, med all Leik og Gaman, med alle smjugande og daarande Ord drog framum og stod liksom og gartad framfyre henne. Ho reis upp fraa Stolen, ho log, ho song. So sprang ho inn etter Skrivepulten sin, drog Papir fram og sette seg strakst til at skriva Svar. Ho var oppglødd av Brevet, ho hadde fenget, Hondi gjekk snøgt, og Ordi kom av seg sjølv. Men i det Brevet stod der:

«Kjære Mathilde!

Du kann inkje tru, kor godt Skrivet ditt gjorde meg. Eg gjekk her so hugsjuk og tung, eg veit inkje rett kvifyre, men eg turvte so vel eit oppkveikjande Ord, og so

kom du. Og du var hugheil og kjærleg som alltid, og du skræmde burt alle sjuke Tankar, og no er eg so lett og glad atter. Tyngsla er som burtkvorvi, og eg maa skriva til deg og takka deg. Eg trur det er denne Studenten, som gjerer meg øri. Han reint forfylgjer meg, og eg kann aldri ganga i Fred fyre honom. Og inkje er det so helder, at eg [78] kann jaga honom av, soleides som du heve lært meg, for han tek det alt paa slik undarleg Maate, at eg inkje kann koma meg til. Og nasefim og nasevis er han og. Han vil leggja seg uppi alt. Og so lyfter han paa Fingren og held Preikor, so du mest kunde ganga baade fraa Vit og Sans. Uf Mathilde, her er so kjeidsamt, eg kvider meg fyre Vetren. Her er inkje ei Menneskja til at røda med, inkje Gator, inkje Folk at sjaa, berre ein Mole grøn Mark. Eg held ogso paa med Fader, at han skal lata meg faa fara inn atter, men han segjer berre: «eg kann inkje søte Barn,» nett som det var nokon Meining i. Men eg skal no gnaga paa honom, so gjev han seg vel.» - - - - -

Daa Agnes var ferdug, hadde lagt Brevet saman, og var komi til Dyri med det, stod ho litetvetta, snudde det nokre Gongjer i Hondi, men so tok ho ei snøgg Avgjerd, sprang ned og skulde bidja Halvar ganga paa Poststova med det.

Studenten hadde tapat.

Femte Stykket

Ny Strid. Hjelpedykingi dreg i Marki.

Studenten hadde gledt seg i, at han halvt um halvt hadde Yvertaket, og so fekk han røynd, at han hadde teket i Mist. Han hadde halvt um halvt trutt, at Agnes vilde søkja honom, vilde spyrja honom um eit og annat, vilde hava Tiltru til honom. Han leit paa Taarorna, han hadde set, paa det «tilgjev meg,» ho hadde sagt, – men nei. Den, som han aldri meir saag paa Veggen, var Agnes. Gjekk han ut um Morgonen, ho var der inkje; gjekk han ut om Middagen, ho var der inkje; gjekk han ut um Kvelden – ho var der inkje. Og han visste likavel, at ho var heima, han visste likavel, at ho gjekk kvar Dag og reikad. Han skynad strakst, korleides detta hekk i Hop, og han vardt sturen. Hadde ho inkje større Hjarta, enn at ho kunde finna Kvila i Tomleiken, var ho inkje sopass vaksi endaa, at ho kunde sjaa honom ein Gong?

Men kvifyre vardt han sturen? Han kunde fulla berre sleppa henne or Hugen; han kjærte seg inkje vidare um henne, enn at han kunde gjera ein liten [80] Freistnad med henne, hadde han skrivet til Vinen sin. Kvifyre let han daa Bøkerna sine atter, fyrr han rett var ferdug, berre av di Klokka stod paa Slaget, daa ho plagad reika? Kvifyre saag han seg ikring, naar han var ute, um ho inkje var der elder snart vilde koma? Skulde den Medhug, som han skreiv, han hadde havt med den friske Barnesali, sitja fastare enn han sjølv vilde medgjeva? Skulde det vera mogelegt, at Agnes, so som ho no syntest Studenten vera, kunde hava ervt nokot av denne Medhug? Studenten hadde nokre Stader kring um i Bygdi, som han hadde merkt seg, av di han tykte der var so ovlega fagert. Dei laag nokot burtifraa Aalmannevegen, so at han berre gjekk der nokre Gongjer um Aaret. Ei Efta, det var bjart og fint Vedr, tenkte han seg burt til eit av desse Stelli og vilde sjaa det fagre Utsynet fyre Lauvfall. Paa Veggen ditaat smatt han upp aa ein Haug, der han kunde sjaa eit Glytt av Sjoen langt burte. Best som han daa sat der, hørde han det kvisja nedanfyre i det turre Lauvet, og kven annan var det enn Agnes med Solskjermen sin. Han vardt nokot forfjetrad daa i det same, so reis han upp og gjekk nedetter. Ho saag honom, ho vardt braadlegt stupande raud, ho stadnad og bøygde seg.

Studenten vardt var ved det, vardt standande tvihugad eit Bil, men so gjekk han nedtil henne.

«Kvifyre er De rædd meg Frøyken Agnes?» spurde han endeframt og saag henne beint inn i Augo.

«Eg rædd?» svarad ho og freistad smila.

«Ja – De. Elder trur De inkje, eg er vorden var [81] ved, at De heve skift Veg? trur De inkje, eg kann sjaa i Dykkar Andlit, at eg no segjer sant? De likar inkje at vera i Selskap med meg, De kjenner Dykker tyngd og kjøvd; De trur, at eg ser ned paa Dykker som paa eit litet Barn, at eg gjeng her som ein Skulemeistr og preikar. Hev eg nokor Tid gjort detta, so vil eg bidja um Tilgjeving, og me kunna daa skiljast. Det verd tungt fyre meg at gjera detta – eg kann liksom segja det beint fram – av di eg kjenner meg dreget burt til Dykker som til nokot friskt, som til ei klaar Kjelda ein varm Dag, naar ein er trøytt. Men heretter skal den gamle Veggen vera fri. Eg skal inkje røda til Dykker, inkje stadga Dykker, me kunna berre helsa til kvartannat i all Vinskap. Men det hadde eg med Retto vonat, at De skulde sagt meg detta beint fram, so skulde eg visst inkje hava plaagat Dykker so tidt.»

Agnes saag paa Studenten, han rødde so varmt, Augo vaaro so store og so djupe, det var slik full Klang i Maalet hans.

Det var fyrste Gongen, ho i Grunnen rett saag paa honom, og han var daa inkje stygg. Andlitet var djuptenkt og klaart. Han hadde inkje helder dette ovkloke, dette byrge um Lippa, han saag mest ut likso ung som ho gjorde sjølv, tykte ho, og likavel so, at ho laut hava Age fyre honom. Og so var han fin og vinleg i all si Aatferd og myket meir verdug og truverdug enn desse Byherrarne, som strauk seg kring Munnskjegget. Og ho hadde rødt illa um honom bak Ryggen hans, – ho hadde ogso tenkt paa det desse [82] Vikorna, daa ho gjekk einsleg, – men var dette den gamle Studenten? Ja er dette den gamle Studenten, som gjekk myrk og inkje saag til høgre elder vinstre, inkje rødde med nokon? Var det berre av Lengsel etter at faa læra hennar Saal at kjenna, at han vardt so varm? elder trudde han, at ho endaa kunde vera det Lereft, der han skulde faa maala det Kvendebilætet, han drøymde um?

Agnes svarad inkje nokot, og Studenten stod og tvihugad paa, kvat han skulde gjera.

«Ja» – tok han endelega Ordet, «eg hadde etlat meg denne Vegen, men um Frøykni ynskjer at ganga her, so skal eg snu.»

«Nei kvifyre det,» svarad Agnes halvt bljug, «vil inkje De fylgja meg?»

«Gjerna det,» sagde Studenten, undren yver Svaret, «men so maa De inkje skulda meg, um De sidan skulde angra paa Dykkar Godvilje.»

Dei gingo no ei Stund jamsides utan at segja nokot. Sidstpaa spurde Studenten:

«Heve De nyst høyrte fraa Byen, Frøyken Agnes?»

«Ja.»

«Og dei liva vel alle Dykkar Viner?»

«Ja Takk.»

«Det gled meg,» sagde Studenten, «det er alltid godt at høyra vel fraa deim, Ein held utav.»

Skal tru, det hadde gledt honom, um han hadde visst det, ho hadde skrivet sidst, tenkte Agnes ved seg sjølv, og Samvitet slo henne. Det vardt atter ei Togn.

[83] «Ja – kvarhelst gjeng De no Frøyken?» tok Studenten atter i.

«Eg veit infje, – eit Stykke burtetter tenkjer eg,» svarad Agnes.

«Vil De som eg, so skal me ganga til eit reint makalaust Utsyn. Ja De heve visst set det fyrr, upp ved dei øvste Gardarne.»

«Berre det inkje er for langt,» svarad Agnes.

«Aa nei, De kann stydja Dykker paa meg, verd De trøytt, og so skal De sjaa, at Landet og kann hava fagre Ting at syna. Heve De faret nokot kring i vaart Land Frøyken?»

«Nei inkje det minste.»

«Og det er visst liksomymket som alle dei andre; men er det inkje merkelegt, at Folk, som no hava Raad til at ferdast, fara ut, um det so var til India og Kina, men kjenna litet elder inkje til sitt eget Land? Og det veit eg likavel, at eg aldri heve funnet nokon Stad so fager som Noreg.»

«Heve De faret myket kringum her i Landet?» spurde Agnes.

«Eg? fraa eg var Smaagut kann eg segja. I Valdørs, Hallingdal, Gudbrandsdal, Romsdal, Thelemark, Bergensstift, heve eg vankat med Skreppa paa Rygg so mang ein Gong. Og eg veit aldri, eg heve voret so glad, som naar eg gjekk syngjande yver Viddi med alle Sorger lagde etter meg heima, med nye Syn fyre Augo og nye Voner i Brjostet; eg veit aldri, Mat heve smakat meg so godt, som naar eg slengde meg ned hjaa Gjætarguten og Sauderne hans i det [84]brune Lynget. I Utlandet kann ein vel faa sjaa myket fagert og hugsamt, men sjeldan nokot so stort, so agande som herheima. Italia kann ala Hugnad og Smil, Dans og sprettande Song; men Noreg kann ala karslege Tankar, djupe Kjenslor og sterk Livsgjerd. Noreg heve Luren og Hallingen, men Italia Tamburin og Saltarella.»

Agnes saag upp aa honom, og Studenten tok atter i:

«De undrar Dykker kannhenda yver, at høyra meg gamle Bokmakk røda soleides, men eg kann segja Dykker med Sanning Frøyken, at stundom um Vaaren, naar Varmen rett kjem i Vedret, kann det brenna i Føterne mine etter at koma stad, og det kann daa draga ei Lengting inn i meg etter at fljuga upp paa Viddi, som eg inkje kann standa imot, – men so er eg gamall vorden, Beini stinne, Kroppen makleg, og so verd eg heima. Er det inkje merkelegt De Frøyken, for ei Magt Naturi heve yver Mannasaali? Er det Vetr, daa Naturi heve dreget det kvite Aaklædet yver seg, dreg ein seg liksom inn i seg sjølv, søkjer Omn og Lampe og eit hyggelegt Rom; er det Vaar, daa alle Kumarne spretta, sprett det nyt Liv i oss med Gleda og ljose Voner, og Stova verd oss for trong; verd det Sumar, daa alt opnar seg i sin fulle Rikdom, daa vidkar og Hjartat seg ut i takksam Hugnad, og verd det so Haust, naar Toka gret, og Trei senda fraa seg sine sidste Voner i dei folnade Blaad, daa verd og Hjartat so undarlegt hugsjukt, ein verd kyrr og tankefull og lengtar etter nokot ein sjølv inkje veit, kvat er.»

[85] Dei stadnad eit Bil og saag ikring seg, so gjekk dei tagalle frametter.

«No er me her snart,» sagde Studenten, «deruppe paa Haugen er det; heve De aldri voret der?»

«Nei aldri.»

«Der ser De, De spring yver det, De heve, og lengtar til det, De inkje heve. No skal De berre sjaa, at Landet her er fagrare enn De trur.»

Dei gjekk upp aa Haugen, og Studenten breidde Yyverplagget sitt ut, so Agnes kunde sitja.

«Her fær De inkje vera vand um det Frøyken, De lyt taka til Takka med Jordi og eit Klæde til Benk,» sagde han og rettleidde Plagget litetvetta.

Agnes takkad, sette seg og saag ut, Studenten stod ved Sida.

«No kvat synest De?» spurde han um eit Bil.

«Jau fagert – fagert,» sagde ho og kunde inkje venda Augo burt.

«Ja inkje sant, den Fjellknatten, som kastar seg ut derburte, er so raustleg og so ungdomleg sterk og byrg, dei breide Fjellkambar, som kransa Dalen, standa so trauste og so logne som vaksne, tenkjande Menner, Dalsbotnen her med Marker og Gardar ligg so fredleg og trygg uppunder Fjellsida, som han tenkte: det stend inkje paa, solenge desse standa Vakt. Og so denne Elvi! sjaa kor ho spring framum Skorta derburte, sjaa kor ho snur seg millom Steinom, høyr kor ho siklar her nedved Føterne vaare. Et det inkje, som ho fortel oss ei heil Livssaga. – Kann De høyra Forteljingi, Frøyken Agnes?»

[86] «Eg veit ikke rett, kvat De meiner. Fortel De, so høyrer eg det visst,» sagde Agnes. «Men orsaka -- eg heve slett inkje vordet var ved, at De stod. Og her sit eg paa Dykkar Klæde; vil De inkje sitja.»

Studenten takkad, og no sat dei Sida um Sida paa Duken hans.

«No skal De høyra den Livssaga, som Elvi heve fortalt meg so mang ein Gong,» sagde Studenten. «Deruppe i vide Øydemarki, dar Bridarne liggja med breide, kvite Ryggjer, og svarte Piggjar stinga seg fram or Snjohavet, der sjelden Folk koma, men berre Trolli leika og kasta Skriderna som Snjoballar ned i Dalen, der Mannen kjenner seg so liten og laak, at han rædd smyg seg fram som eit litet Fly, og ynskjer han var vel nede i Dalen atter, der er Elvi fødd. Det er sterke Brjost, ho heve soget, det er sterke Syn, ho heve set, det er i sterk Luft, ho heve andat. Naar difyre Vaaren kjem, og Soli steikjer, so dei sveitta dei gamle Snjogubbarne deruppe, og Vatnet dryp nedetter Haar og Skjegg, so verd ho utolug den vesle, ho vil ut og sjaa seg ikring, og so kunna dei inkje lenger halda paa henne. Ein god Dag smett ho undan, luter seg fyrst ned og ser utfyre Stupet, um ho torer vaaga seg, stig so vart Fet fyre Fet ned etter og borar Hælarne inn i Snjoen. Men detta stend ho inkje i alt so lenge, so kastar ho seg braadlegt med kaat Laatt paa Akslerna aat Fossen, og no ryk det til Botnar med Dun og Brak, so Sprøyten stend um Øyro. So lær og skrattar ho, bykser

kipi vidare, spenner til Steinarne, som liggja i Vegen, og gartar med Blomarne [87] og Buskom, som hanga nedi. Men snart verd Foten trøyttare, og Vegen tyngre, Steinarne riva Klædi hennar, og Buskorna slaa henne i Andlitet. Daa verd ho rædd og byrjar graata, att kann ho inkje koma, ho maa fram, berre fram, og so gjeng det i snøgg Flugt yver Stokk og Stein og Tuva. Men Vegen verd lenger og lenger, Endemaalet alltid og alltid burte, og so verd ho braadlegt aalvorsam og logn. Ho stadnar og kviler seg og tenkjer. Og no spring ho inkje lenger millom Steinom i kaate Sprang, men ho siklar mjukt og tolugt, ho leikar inkje lenger med Buskor og Blaad, men ho flyt lognt og bid um Løyve, til ho endelega ser den breide Fjorden, det uendlege Havet og glad vidkar seg ut, retter Armarne imot det og legg seg inn til Brjostet paa sin trufaste Vin.

Sjaa soleides er det, og soleides er og Mannalivet Frøyken Agnes. Fyrst byrjar det uppe i det sterke og store, i Æventyrheimen, so vaknar Tanken um nokot annat, nokot ukjent, og so vil ein ut, berre ut. So gjeng det stad i fullt Sprang med Leik og Dans og Gaman, til det kjem ein Dag, daa Motbyren blæs, daa Steinarne riva, og Buskorna slaa. Daa verd ein rædd, men Mo'r er langt burte, daa verd ein beisk og saar og vil traassa paa, men det verd for langt, ein gret og gret ut, til Brjostet verd kyrt, men daa er ein og vaksen, daa gjeng ein si stille Livsferd audmjukt og lognt, gjeng or Vegen fyre Steinom, og berre lengtar etter at kunna faa kvila ut i eitkvart stort, som kann taka oss heilt, som kann [88] femna os med sterke Armar. Og daa opnar seg det uendelege, der Ljoset bur, Endemaalet er der, og glad kastar Saali seg inn i Guds Faderfamn, der den einaste Kvila er at finna.»

Studenten rødde med slik Varme, som rødde han ut or sitt inste Hjarta, og Agnes lydde, ho vardt rivi med av det maalande i Skildringi og av dei djupe Augo til Studenten, som brann med slik undarleg Eld. Ho kunde inkje svara, berre laut sitja tagall, som skulde ho venta nokot meir. Studenten byrjad atter:

«Heve inkje De høyrte Naturi tala til Dykker med mange Tungor Frøyken Agnes? De er no fødd millom Skog og Fjell og heve lydt paa deim, fraa De var liti.»

«Eg heve alltid voret glad i Naturi,» svarad Agnes, «helst i Sumarkvelden, naar Soli seig, og Bylgjorna skvalad mot Strondi. Daa kom Æventyri atter fraa Bøkerna og vardt so store og livande. Det var so myket, at dei i Byen kallad meg sentimental,» lagde ho til med Smil.

«Ja so,» svarad Studenten.

«Dernede hadde ein no inkje Tilføre til at sjaa so myket slikt,» tok Agnes atter i, «og so fanst der so mange andre Ting at skoda og tenkja paa. Men no er det, som det vaknar alt det gamle, no daa eg gjeng her so einsleg.»

Det blenkte i Augo til Agnes, daa ho sagde detta, men Studenten vardt inkje var ved det, han [89] berre saag mot Marki, reiv upp nokot Mose og lydde etter Ordi hennar.

«Ja det er vel undarlegt av meg at segja detta til Dykker,» sagde ho, «for De kann visst inkje skyna meg. De heve Dykkar Bøker at taka til, men eg heve inkjevetta.»

«Enn Mathilde, Vinen Dykkar, er ho daa inkje?» spurde Studenten men saag inkje upp.

«Nei, ho er og den einaste,» svarad Agnes, «men det er berre fjortande kvar Dag. Daa er det liksom alt fær nytt Liv atter, eg verd den gamle glade, men so varar det berre til Brevet er leset og leset uppatter neste Dag. Det er inkje nokot, eg kann halda fast paa, det er inkje nokot eg kann siga burt i.»

Det gjekk i Studenten, han hadde paa Tunga at segja nokot, men han beit det i seg.

«Men er her daa ingen annan, som De kann hava til Vin her?»

«Det maatte vera Dotter til Skrivaren,» svarad Agnes nokot svivyrdelegt, «men ho kann inkje røda um annat enn at bryggja og baka.»

«Eg trur, eg kann skyna Dykker Frøyken, endaa eg er Mann og De Kvende. De byrjar lengta etter einkvar, som De soleides kann lita paa, at De kann ausa ut i honom alt det, som tyngjer paa Hjartat, viss paa at finna Rom der.»

Agnes sat ei Stund og tenkte etter. «Kannahenda,» sagde ho seinlega og helder laagt.

«De saknar Moder Dykkar, inkje sant?» tok Studenten atter i, «men ho hadde inkje kunnat hjelpa, [90] um ho enn hadde livt. Ho hadde kunnat vera *nokot*, men inkje *alt*; ho hadde gjort Dykker utolug, naar ho inkje kunde skyna Dykker til Botnar og hadde kallat dei finaste, bljugaste Tankarne Dykkar Svermetankar kannhenda. Nei det De vil hava, er ein Jamning i Varme, i Kjenslor og ein, som likavel kann standa nokot høgare, so han kann leida og styra og klaara Dykkar Tankar.»

«Ja kann De finna slik ein til meg?» spurde Agnes og smilte saart.

«Eg trur inkje slik ein let seg finna av ein annan, De maa velja honom sjølv,» svarad Studenten, «og han kann koma braadlegt, og han kann koma seint, han kann vera Kvende, men skal tru han inkje og funde vera – Mann?»

Agnes rodnad men svarad inkje.

«Og so maa De inkje skjemmast ved at vera glad i Naturi elder tru, De er sentimental av di. I so Maate maa Vaarherre sjølv hava voret sentimental, daa han skapad slik ein Samhug millom Mannen og Naturi. Og Paulus heve voret sentimental, daa han skreiv, at all Skapningen sukkar etter Løysing. –

«Men her verd nokot kaldt, det verd snart dimt, og De sagde, De hadde Hast; kannhenda det var best at koma seg heimetter.»

Agnes svarad med at risa og rista Kjolen, so tok ho endaa eit langt Drag av Utsynet, fyrr ho gjekk ned.

Paa Heimvegen kom dei atter paa Snakk um Fotferder, og Studenten skildrad daa den norske Naturi [91] og det norske Folkelivet, og kveikte seg soleides upp ved alle sine gamle Minne, at han inkje gaadde til, han hadde gjenget gjennom Prestegardslidet og no stod utanfyre Prestegarden.

Agnes bad honom inkje treda inn, ho var so uppi det, ho hadde høyrte, og attaat so forbinad yver, at Klokka alt var so mange, at ho inkje hugsad at vera gjestmild. Studenten hadde no vel og svarat nei som vanlegt, um ho hadde bedet honom. Inne i Stova var alt kveikt Ljos, daa Presten hadde fenget nye Blaat, som han strakst maatte lesa. Han lagde deim burt, daa Agnes kom inn.

«No du heve voret ei lang Ferd i Dag,» sagde han og saag vinlegt paa henne.

Agnes sette seg ned i Sofa.

«Ja tenk eg heve voret heilt til øvste Gardarne,» sagde ho.

«Kvat som bilar deg? hadde du Fylgje?»

Kvifyre var det so undarlegt at svara paa detta, kvifyre var det reint umogelegt at faa Ordet fram.

«Du kann tru, der var fagert,» svarad ho berre.

«Ja eg veit der er vænt deruppe, – men gjekk du aaleine?» tok Presten frami lika radt.

«Studenten var med meg,» svarad ho endelega, men hadde Svaret voret lenger, hadde ho skolvat i Maalet. No daa det var sagt, var det inkje nokot undarlegt i det meir.

«So *han* var med, no – kvat sagde han til godt i Dag?»

«Han rødde um Fotferderna sine og myket annat», [92] svarad Agnes, og no var det, som ho gjerna vilde snakka um honom, «det var forvitnelegt at høyra, kann du tru.»

«Ja det er hugnalegt at røda med honom,» tok Presten uppatter, men so vilde han inkje meir um det Emnet, berre sat kyrr i Stolen sin og røykte.

Agnes sat i si Sofakraa, kvilde seg og seig reint burt i Tankar, men so kjende ho braadlegt, at Augo aat Faderen kvilde paa henne.

«Er det nokot Nytt i Bladom?» spurde ho til at leida Augo burt.

«Nei inkje det minste. Prussarne skrøyta som vanlegt,» svarad Presten og bles ein Røykfloke ut.

Det vardt atter ei Togn, Agnes seig atter burt i sine Tankar, og Augo aat Presten kom atter paa henne.

«Vil du eg skal syngja fyre deg?» spurde ho braadlegt, reis upp og gjekk burttill Klaveret.

«Ja er du inkje trøytt so» – svarad Presten.

Agnes hadde alt spelat nokre Samljodar og no byrjad ho syngja sin gamle Vin: «aa Ola, Ola, min eigen Unge.» Det var lengesidan, denne Songen var komen paa Tunga hennar, men no kom han som av seg sjølv, og ho tykte, det laag slik Lette i at syngja honom. Men snaudt nog hadde ho byrjat, fyrr Presten gav seg til at ropa:

«Nei, nei kjære, lat oss inkje faa denne gamle, lat oss helder faa nokot av det nye du kann, nokre av Visorna fraa Orfeus, dei er løglege og kvike.»

Agnes stod lydug upp, tok Orfeus ut or Notehylla [93] og gav seg til at syngja: «da jeg var Prins blandt de Arkadier.» Ho byrjad i ein nokot snullande Tone, so som ho hadde høyrt det paa Komedien, ho song fyrste Upptaket, men so slengde ho Boki i Golvet.

«Nei eg kann inkje syngja detta no Fader, ein annan Gong skal eg syngja deim fyre deg, men no kann eg inkje.»

Og so tok ho i atter med sin «Ola», etter honom fylgde «sjaa Soli paa Anaripigg» og alle dei andre Folkevisorna, det var som dei no fekk dubbelt Liv, ho song med slik Hugnad, og Tanken gjekk med Songen yver Fjell, yver Dal, der som Studenten hadde vankat so tidt med Skreppa si.

Det var Ein, som stod utanfyre og lydde den Kvelden, og det var ingen annan, enn Studenten sjølv. Daa Agnes var gjengi inn, hadde han stadet still ei Stund og set seg ikring, so hadde han kvilt seg eit Bil paa Benken. So slang han seinlega nedetter Vegen, men fyrr han hadde naatt Grindi, hørde han Tonar deruppefraa, og han tilbaka atter, for det maatte vera Agnes, som song. Han sette seg paa Benken. Og no byrjad derinne eit halvt kvellande, halvt snullande Maal: «da jeg var Prins blandt de Arkadier.» Studenten foor upp. «Er det mogelegt, at ho kann syngja slikt etter slik ein Dag og slike Ord – ho syng det no inkje godt helder og» – «Aa Ola, Ola min eigen Unge», let derinnanfraa, so fullt, so sorgfullt, Tonarne flaut ut til Studenten so klagande, so varme. «Ja der er ho,» ropad han ^[94] glad, «der er ho sjølv med Saal og Hjarta, og Gudskjelov, ho kann endaa syngja.» Han stod lenge og lydde, han saug Tonarne i seg. Alle dei gamle Visorna, som ho hadde sunget fyre honom som Barn hin fyrste Kvelden, dei steig no fram andre Gongen fullare, rikare og – no var ho vaksi Kvinna. Sidstpaa steig han opppaa Benken, lagde Augat upp til Glaset og kjeik inn, for Gardini var inkje dregne fyre. Jau der sat ho ved Klaveret, og no song ho mot honom:

«Eg ser deg utfyr' Gluggen
kjær søte Vinen min,
eg kjenner deg paa Skuggen,
du slepper inkje inn.»

Studenten ned ifraa Benken atter. «Skal tru ho kunde sjaa meg?» sagde han ved seg sjølv, – – – «hm – eg er vel inkje «søte Vinen» hennar, men sleppa inn – jau det skal eg.» Med desse Ordi dreiv han heimetter, men daa han gjekk gjennom Lidet, sende han endaa eit langt Augnakast upp, der Ljoset skjein og murrad ved seg sjølv: «Gudskjelov, ho kann endaa syngja.»

Agnes var no inkje lenger skygg fyre Studenten, tvertum gjekk ho alltid den gamle Vegen, der som ho visste, han plagad koma. Og likavel hamrad Hjartat i henne, kvar Gong ho saag honom langt burte. Ho ynskte mest, han var burte atter; men so var ho hjartaleg glad likavel, naar han fyrst hadde rødt til henne og sleget Lag med

henne. Ho hadde ingen annan enn honom, for Faderen – nei ho tykte, ho [95] kunde inkje røda til honom um annat enn daglege Ting, ho visste inkje kvifyre, men ho kjende det paa seg, at han inkje kunde skyna henne so godt, inkje lyfta Tankarne soleides upp som Studenten. Men Studenten kunde. Det var alltid slikt Liv i det han sagde, og so var det sett fram nett so som ho kunde helst tenkja det, og so visste han no alt Slag og. Snart var han lentug, snart var han aalvorsam men alltid forvitneleg. Ho gjekk tidt upp aa Romet sitt, naar det var myrkt vordet, og gav seg til at sjaa utyver Postvegen, der ho kunde øygna Ljoset, som blaffrad fraa Studenten sitt Rom som ei vinleg Stjerna millom Treom. Ho tenkte daa paa, at no sat han der millom Bøkerna sine, med Hondi uppi Haaret, gløymde alt ikring seg, og tenkte minst paa henne, som sat her paa sitt einslege Rom og lengtad og tenkte paa honom. Ho kunde inkje skyna, at ho nokor Tid kunde hava trutt honom storlaaten, ho kunde inkje skyna, at ho kunde hava skrivet um honom slikt, som ho hadde gjort og det til – Mathilde. Mathilde var i seinaste Tidi komi langt ned i Skuggen. Ho skreiv til henne endaa, ho torde inkje annat, men skulde ho segja Sannleiken, so ynskte ho mest at halda upp. Hennar Brev var helder inkje so lange, og ho sende inkje so tidt som fyrr, ho sat ofta og beit i Pennen og var reint ulukkeleg, av di ho inkje visste, kvat ho skulde skriva. Um Studenten og sine Samrødor med honom vilde ho inkje segja nokot, for det vilde Mathilde berre lægja aat, og so maatte ho øsa seg sjølv upp til at laatast vera kvik og nett slik som i fyrre [96] Dagar, so Mathilde inkje skulde merka nokot. Ein Gong kunde ho daa inkje halda seg fraa at røda um Studenten. Mathilde hadde gjort Narr av honom og peikat burt paa det, Agnes sjølv hadde skrivet hin Gongen. Agnes vardt so harmfull, at ho nær hadde graatet, og so sette ho seg ned og skreiv:

«Eg lyt segja deg det Mathilde, at du inkje meir maa skriva so um Studenten, som du gjerer, for det er eg, som heve teket i Mist av honom. Naar du berre fær læra honom at kjenna skal du sjaa, at han korkje er stinn elder styven. Han er likso fin i all si Aatferd, som nokon av Byherrarne, og so kann han røda myket betre fyre seg enn dei. Var du heruppe, skulde du sjaa, du kom at lika honom.» - - - - -
- - - - -

Agnes var glad, at ho ein Gong hadde fenget skriva detta, for dei fyrre Ordi hennar hadde lenge tyngt fyre Bringa. No hadde ho daa liksom gjort godt atter, og no kunde Mathilde drøsa, so myket ho vilde.

Det vardt inkje med det, at Agnes og Studenten møttest paa Veggen, han kom ogso stundimillom upp aa Prestegarden, men detta var inkje tidt. Jolkvelden var han deruppe, og han tykte, han hadde inkje havt slik hyggeleg Jolkveld paa lenge. Fyrr

hadde han setet eismall heima, no sat han millom Agnes og Fader hennar i ei koseleg Stova. Agnes var og so v en den Kvelden, med den simple Kjolen og den reine, kvite Kragen i Halsen, og so gjekk ho stillferdug der, breidde den kvite Duken paa Bordet og skjenkte Te ^[97] fyre Studenten. Studenten tykte aldri, Te hadde smakat so godt. Og so var Stova og umsnudd sidan sidst. Alt var meir komet i det gamle Laget, Bordet framfyre Sofa, og all den Stasen lagd ned i Skuffa. Presten hadde nett voret ute i K oket og leset h gt fyre heile Huslyden sin den velsignade Jolabodi, som ein kann lesa hjaa Lukas og hadde r dt nokre Ord til deim, fyrr dei no toko til med sin Jolagaman. No sat han n gd yver Dagsverket sitt i sin kj re Stol, med si kj re Pipa og sin kj re Te.

Samr da kom inn paa det merkelegt barnskne i Bibelstilen, og Studenten kom daa til at snakka um for ei merkeleg Bok Bibelen var. Han r dde um det gamle Testamentet med si Historia, sine Dikt, sine Spaadomar, sine sterke og store Syn, som kann lyfta Tanken inn i inste Himlar, paa same Tid som den heilage Ande sviv yver Ordi, og fyller Hjartat med heilag R dsla.

Kvelden etter sat Agnes med ei tjukk Bok framfyre seg og las so onnugt, at ho reint gl ymde at setja paa Bordet.

«Kvat er det for ei Bok, du heve fenget det so annsamt med?» spurde Presten.

«Det er det gamle Testamentet,» svarad Agnes.

Og det var inkje berre denne Kvelden, Agnes las i Bibelboki, ho vardt snart hennar kj raste Lestr. Ho tykte, eit heilt nytt Liv vardt opnat fyre henne, eit Liv, som kravde alle hennar Tankar. Og Studenten fylgde so trufast med; til honom kunde ho so trygt ganga med sine Spursmaal, og kvart Stykke ^[98] ho hadde leset, det vardt atter teket fram paa deira Ferder. Han visste alltid at peika paa nokot nytt, som ho inkje hadde gjevet Gaum etter, og som kastad eit Ljos paa det heile. Han visste alltid at knyta det eine i Hop med det andre, so ho fekk eit Syn yver det som fraa Fjellet yver Sletta. Han synte henne, korleides den rande Traaden snudde seg gjenom alt, fraa det fyrste Upphavet til den undarlege Jolanotti, daa Ordet vardt Kj t og Blod. Og Agnes lydde. ¹¹⁰ Det var so stort, so aalvorslegt, det stod i Samanhenge med heile Manna tti, og likavel gjorde det Spursmaal, som fekk dei inste Strengjerne i Hjartat hennar til at darra. Livet var i ein Gong vordet henne so stort, ho kjende seg sj lv lyft upp med sitt Livsmaal, og alt det som ho fyrr hadde sekkt sine Tankar i, var no siget so djupt, so djupt. Ho kunde inkje skyna, at ho hadde voret god til at finna Kvila i slikt, ho kunde inkje skyna, at detta var nokot fagert i. Nei Gudskelov, Mannen var daa ingi Dokka, som hadde det til Maal, at

standa paa ein Pinne og syna feg fram so gild som mogelegt utanpaa, – nei han hadde nokot at strida fyre og at lida fyre, ein udaudleg Ande, som han skulde gjeva Magt til at kunna lyfta seg ein Gong til høge Himmelsheimen, der han kom ifraa. Og det var inkje berre dei store Andar med dei sterke Emne, som hadde dette Maalet, nei det var den ringaste Tiggaren, det minste Barnet, det var ho sjølv, ei liti ring Kvinna, som Gud hadde gjevet denne Naadegaava. Og med denne store Tanken [99] kunde ho fylla alle dei smaae, lyfta all si Gjerd upp til nokot stort og heilag.

Og kven var det, som hadde opnat hennar Augo og gjevet henne Syn paa detta? Kven var det, som smaug med inn i Tankarne hennar, kvart ho gjekk? Studenten sagde henne so mange andfulle Ord, som vekkte so mange Tankar til Liv i henne, som gjorde henne so rik og glad, tykte ho. Ho kunde oppmoda seg ved desse Ordi, kvar Gong Dagsens Stræv tyktest henne tungt og kjøvande, men ho kunde inkje hjelpe, at Talaren alltid smaug seg inn ved Sida aat Talen, at ho stødt saag honom standa hjaa med sitt varme Auga og sitt livfulle, kloke Andlit og kviskra desse Ord i Øyrat hennar.

Agnes var vordi reint umskift. Ho foor inkje lenger og smelde i Dyrom og skjemde paa Tenarom. Ho gjekk til den vanlege Gjerd si stillferdug og lofn, ho rødde inkje myket, men naar ho rødde var det vinlegt og med Blidskap. Song gjorde ho sjeldan, ho hadde inkje Hug til det lenger men dess meir til at lesa. Ho las alt det ho kunde koma yver, og Presten maatte tidt driva henne ut til at suga litetvetta frisk Luft. Og ei Bok var det, som ho hadde fyre seg mest likstid som Bibelen, det var den Boki, som ho hadde fenget av Studenten: «Kvinna, hennar Gjerd og hennar Liv i Ljos av Evangelija». Kvat var vel *hennar* Livsmaal som Kvinna? Sjaa det kunde ho nog hava Hug til at røda meir um med einkvar, men med Studenten – nei det torde ho inkje. Stundom tok ho berre Boki fram, snudde henne [100] millom Fingrom og saag paa Bindet som i Tankar. Denne Boki var det einaste, ho nokot Sinn hadde fenget av Studenten, og daa hadde ho ynskt, at ho vel var kvitt henne; men no, kor undarlegt alt kunde snu seg i Verdi! Ho kunde stundom lengta so saart elter at fara burt, og likavel kjende ho paa seg, at um nokon baud henne fara, vilde ho verda rædd og lengta heimetter. Naar ho hadde møtt Studenten, og han hadde voret oppkveikt og glad, so var det som all Hugverk var stroken fraa henne, ho kunde smaasulla med seg sjølv paa Heimvegen og tenkja, at Heimen hennar var daa det beste paa Jordi. Men naar dei so kom dei lange Kveldarne, daa ein laut kveikja Ljos, vatskalde Dagar, Regn og Skodda, so ho inkje kunde sleppa utanfyre Huset, naar ho daa gjekk der aaleine og atter aaleine, inkje eit Liv til at røda med, daa kunde ho lengta so saart etter nokot, ho visste inkje rett kvat var, daa kunde ho setja seg upp aa

Romet sitt, leggja Hovudet ned paa Armarne og graata og graata, til ho atter kjende seg lett um Bringa. Og daa var det og, at dei Ordi av Studenten kom so klaart fram fyre henne, som han hadde sagt den Gongen, han synte henne Utsynet fraa øvste Gardom. «De saknar ein Jamning i Varme, i Kjenslor og ein, som likavel kann standa nokot høgre, so han kann leida og styra og klaara Dykkar Tankar,» hadde han sagt. Kor sant var inkje detta! Og so hadde han sagt meir. «Detta kann vera eit Kvende,» hadde han sagt, «men skal tru, det inkje og kunde vera – ein Mann?» Denne Mannen? – ja kvar var [101] han at finna? Her var fulla ingen – – jau her var daa ein, men han kjærde seg inkje um annat enn sine Bøker. At han stundimillom rødde med henne, det kom seg av di han var so god og snild, av di han saag, at ho gjekk so einsleg.

Agnes vardt meir og meir tagall Dag fyre Dag. Ho hadde inkje meir det livande Augnalag, som foor fraa Stad til Stad og vilde sjaa paa alt. Augo hennar var vordne helder starande, og der laag nokot uklaart, nokot hugsjukt og lengtande i deim.

Faderen vardt var ved det og vardt sturen yver det; han fylgde henne med Augo sine, kvar ho gjekk, han trudde det kunde gjeva seg, at det var nokot leidt, ho hadde høyrte fraa Byen kannhenda, men som ho helst vilde bera aaleine. Agnes kvakk og tidt upp fraa sine Tankar ved at kjenna desse trufaste, vakande Augo paa seg, og ho var so rædd fyre, at Faderen skulde røda til henne um det. Ho kjende paa seg, at han meinte eitkvart, naar han stundimillom kom burt aat henne og strauk Hondi nedetter Haaret elder gav henne ein Kyss, men det var henne umogelegt at faa eit Ord fram. Ho visste helder inkje, kvat ho skulde segja, ho berre fekk Taaror i Augo, og hadde Hug til at fljuga honom kring Halsen og kyssa honom mange, mange Gongjer. Men sidstpaa maatte det slitna, og so var det ein Kveld, dei sat baade tvau eine i Stova. Agnes sat i Sofa og saag meir trøytt ut enn vanlegt; Faderen sat i Stolen sin og lagad seg til at segja nokot, for han saug fleire Gongjer sterkt paa Pipa. Sidstpaa kom det.

[102] «Agnes!»

«Ja,» og det strøymde so varmt upp til Hjartat hennar i det same.

«Kom hit til meg kjære Barn.»

Agnes kom, og han sette henne paa Fanget sitt og slo Armarne kring Midja hennar.

«Kvat er, som bilar deg no desse Vikorna,» byrjad han, «er du sjuk?»

«Eg? – nei – kor kann du tru det,» svarad Agnes, men ein Blodstraum foor i det same upp i Kinnerna hennar.

«Kor eg kann tru det? ein tarv inkje store Augo til at sjaa, at du verd baade bleik og mager fyre meg. Eitkvart er det, som vantar.»

«Nei, det vantar meg inkjevetta,» svarad Agnes, snudde Andlitet inn mod Brjostet hans og vilde løyna dei Taaror, som alt byrjad tippa fram.

Presten klappad henne paa Haaret.

«Vil du fara aat Byen?» kviskrad han til henne som til eit Barn, «eg sagde ein Gong, eg inkje hadde Raad til det; no trur eg nog, eg kann gjera det, um du heve Hug. Vil du fara aat Byen Agnes?»

Agnes svarad med at slaa i og graata so stridt, at Presten vardt reint rædd og tagnad, til ho raadde seg litetvetta.

«Du skal inkje blygjast fyre at svara ja,» tok han atter i, daa Agnes hadde stadgat Graaten, og berre puste tungt; «det kann kveikja deg upp litetvetta ser du, og her gjeng no alt dessutan i det gamle Stellet, kor som er.»

[103] «Eg kann aldri ynskja at hava det betre enn heima hjaa deg Fader,» svarad Agnes og lagde seg endaa tettare upp mot honom.

«Ja men eg kann inkje tola at sjaa paa detta lenger søte Barnet mitt,» svarad Faderen og kysste henne paa Kinni, «du sjuknar reint av fyre meg og nokot maa det vera i Vegen. Kann du no inkje segja din Fader det, din gamle Fader, – kvat?» – og han bøygde Øyrat ned til Munnen hennar og vilde høyra etter Svaret.

«Nei sannelega som eg veit det sjølv,» svarad Agnes, rette seg upp, strauk dei sidste Taarorna burt, som endaa blenkte i Augnaloki, og no log ho – «det vantar meg inkjevetta ser du. Det er berre eg, som er so uvitug sume Tider, men no skal eg vera snild, og so maa du halda utav meg, inkje sant?» Og Agnes kysste honom og strauk Haaret oppifraa Skallen.

«Ja – men det var no inkje detta, eg skulde hava Svar paa,» tok Presten i, men kunde inkje lata vera at smila; «det var um du – –»

«Nei – nei – søte Fa'r,» sagde Agnes braadt og lagde Fingren paa Munnen hans, «aldri eit einaste Ord um nokor Byferd meir, høyrrer du. No skal du vera frisk og glad, for det vantar meg inkje nokot, det kann du tru meg paa, og so skal eg laga

slik god Te til deg.» Og dermed kysste Agnes honom ein Gong til og sprang so ut i Kjøket.

«Hm – hm –» sagde Presten med seg sjølv, riste paa Hovudet og skreid att og fram paa Golvet.

[104] «Nokot er det no, kvat ho so segjer, men ho er ei ful liti Taska, som inkje vil ut med det.»

Det var dt no so, at Agnes kom til Byen likavel. Ho kjende paa seg, at det var eitkvart, som gnog henne, og at ho kannhenda hadde godt av at koma litetvetta burt; men ho kvidde seg saart til det, og det verste av alt var, at ho skulde bu i Lag med Mathilde atter. No kunde ho inkje løyna lenger, korleides det var voret med Hjartat hennar, og Mathilde – ho vilde berre lægja. At taka henne med inn i sitt Hjarta, kjende ho var umogelegt no lenger. Men so bad hennar Fader henne so hjertalegt um at fara burt og lovad henne, at ho skulde faa koma heim atter strakst, ho inkje likad seg – og so, so fekk Studenten høyra ein god Dag, at Agnes atter var stroki til Byen. Han var dt som klumsa, han vilde inkje tru det. Skulde denne Ungmøyi alltid vera honom ei Gaata? No var han so viss paa, at han kjende henne til inste Hjartadjup, og ho narrad honom likavel Gong etter Gong. Korleides kunde ho no hava Hug til at sekkja seg ned atter i Staaket og Selskapslivet, no daa heile hennar Tankeliv var flutt høgge opp, og ho med Gleda som eit Barn og med djup Kjensla som ei vaksi Kvinna hadde gripet etter detta ho saag. Han hadde inkje Ro paa seg, han kunde inkje lesa, og so treiv han Hatten sin og strauk beint upptil Prestegarden.

Presten sat og studerad Preika si til Sundags, daa det bankad paa Dyri, og inn kom Studenten varm og uppøst.

[105] «Er det sant, De heve sendt Dotter Dykkar til Byen Hr. Pastor?» byrjad han og gløymde reint at segja goddag.

Presten snudde seg forbinad i Stolen. «Ja det er sant,» svarad han og saag undren paa Studenten.

«Er det mogelegt detta? kann De soleides slengja Ein ut i Havet, som alt er komen paa Kvelvet av Baaten? kann De soleides drepa ei Mannasaal, som er aat at vakna til Liv? kann De utan at ræddast øydeleggja det Guds Verk, som De ein Gong skal svara fyre?»

Presten rettleidde paa Brillorna sine og saag paa Studenten med gapande Munn.

«Men kjære – – kvat er som bilar Dykker?» – – sagde han og reiste seg upp fraa Stolen.

Studenten tok seg atter.

«Eg bed um Orsaking Hr. Pastor,» sagde han logn og bøygde seg, «det kann gjerna so vera, at det inkje er sømelegt detta, at treda inn i annan Manns Stova paa slik Vis, og eg veit vel, at De er hennar Fader; men hadde De fylgt henne fraa Barn soleides som eg, hadde De lagt alle Dykkar Tankar kring henne soleides som eg, hadde De set henne veksa fram under Dykkar Auga soleides som eg, so vilde De skyna» – – –

«Nei eg skynar sannelega inkje eit Ord,» tok Presten i, «kvat er detta for nokot alt i Hop?»

«Er De daa inkje vorden var ved, at Dykkar Dotter er vordi reint onnorleides paa det sidste?»

[106] «Jau det skal Gud vita eg heve fet, ho er vordi baade sjuk og bleik og tagall.»

«Ja og so sender De henne til Byen?»

«Ja kvarhelst skulde eg senda henne ellest? nett difyr var det eg sende henne til Byen.»

«Hm – ja Eitr er god Helsebot fyre sjuke Mannen,» sagde Studenten og log saart.

Presten ruggad paa Hovudet.

«Eg meiner, De er sjuk eg,» sagde han endelega, «De røder som i Ørska.»

«Nei Hr. Pastor,» tok Studenten atter i lognt og verdugt, «eg er inkje sjuk, men ho var det. Og Sjukdomen hennar var ein Strid, ein Strid, som Gud hadde med hennar Hjarta til at faa Sess derinne, ein Strid, som skulde voret stridt til Endes under Bøn og Graat i det stille Romet.»

Presten lydde aalvorsam paa Studenten.

«Kjære, tak Sess og seg meg nærre Dykkar Meining. Var ho daa inkje ein Kristen Dotter mi?»

«Eg kann svara baade ja og nei Hr. Pastor. Ho var ein Kristen soleides som desse mange Tusund er det, som med Munnen segja fram sitt Fadervaar nokre Gongjer

paa Dagen og ganga i Kyrkja kvar Sundag og soleides halda eit Slag Minning um og paa ei Vis eit Band millom seg og Gud. Men ho var inkje av deim, der Kristendomen er vorden eit Liv, som lata Trui vigja inn baade den store og den vesle Gjerdi, som bera seg sjølve fram som heile Offre til Gud.»

«Ja» – svarad Presten og drog paa det, «men ^[107]de nye Theologar unna ein aldri Fred og Kvila, det skal vera Uro paa Uro. Skal ein daa inkje no lenger faa kunna liva hyggelegt og godt og kunna gledja seg i alle dei Gaavor Vaarherre heve gjevet oss?»

«Jau i Sanning, det heve eg helder aldri neitat. Men hugsa det Hr. Pastor, at i det kristelege maa Uro til, der det skal vera Liv til. Uroi er som Pendelen i Urverket, stend han, so stend Urverket med. Og den Mann, som aldri heve Uro, han søv, og ein kann kvila ut i Svevnen, det forstend seg, men til at vera Kristen krevst det at vera vaken. Dykkar Dotter heve fyrr set Kristendomen som i Dimma, som i Draum, no er ho vekkt upp or Svednen, og so vil De atter svæva henne inn med den daarande Voggesongen, vil syna henne Bilæte, som skal kverva Syni, vil leida henne ut paa Myri, der Vetteljos dansa kring.»

«Men kjære Mann, det var verre enn Byen skulde vera eit Sodoma, og ho vera send til reine Heidningar. Det er daa snilde, skikkelege Folk, ho er komi til.»

«De mistek mine Ord Hr. Pastor. De maa inkje tru, at eg er nokon Mannhatar elder Byhatar elder Preikehest. Eg veit vel, at det i Byen finst myket vønt og godt, myket baade av Kunst og annat, som kann kveikja og styrkja Anden; eg veit og, at det finst mange kristelege Folk, som ein hadde godt av at liva millom og røda med. Men dei, eg meiner, er dei, som gjera Tomleiken og Staaket og Drøsorna og Selskapslivet til eit og alt, til Gud, slike Folk som ^[108]denne Mathilde og Moder hennar, Krambuddokkor, som inkje eiga ein aalvorsleg Tanke og likavel vil gjelda som dei fyrste og leggja sitt Maal paa alle andre. Millom deim er det no Dotter Dykkar skal ganga, ho som i denne Tid lengtar etter Fred og Kvila og Aalvore, millom deim er det, ho skal kovna elder verda nøydd til at drepa det Hjartaliv, som var aat at spretta. Sannelega, det er som at bjoda ei syrgjande Ekkja ein skrattande Dans til Trøyst.»

Presten hadde lagt Hovudet ned paa Bordet og tok med baade Hender kring Ennet. Han saag inkje upp, svarad inkje helder. Studenten reiste seg.

«Eg bed um Tilgjeving Hr. Pastor, fyre di eg heve boret meg aat paa denne Maaten, men ein raader inkje alltid med seg sjølv, og eg skal inkje neita, at det gjorde meg hardla vondt, daa eg hørde detta um Byferdi. So undarlegt det kann synast, so trur

eg likavel, eg kjenner henne betre enn De, som er hennar Fader. De er so myket eldre enn ho, gjeng i det daglege Strævet mest all Dagen, heve set henne daglega kring Dykker, fraa ho var litet Barn, og berre samrødt um kvardagslege Ting kannhenda, so Augat er ved Vanen vordet mindre skarpt til at skilja. Men eg heve raakat paa henne so einkvar Gongen, til meg heve ho rødt um Ting, som laag hennar Hjarta nært, av di ho fann, at eg meir var ein Jamning i Alder og soleides betre kunde skyna henne, og eg heve funnet, at ho er ei rik, varm Kvinna, som kunde verda endaa større og rikare, og som er for god til at øydast i Tomleike. Og so Farvel, Hr. Pastor, [109] mine Ord her i Dag maa vera millom oss, det bed eg um, og so bed eg atter tilgjev meg, at eg heve voret so fri.»

Presten sagde inkje nokot, han berre fylgde honom til Dyri og gav honom Hondi til Velfar.

Studenten feste sine Augo paa Andlitet hans, og daa gjekk det upp fyre honom braadlegt, at han saag ut som ein einsleg, gamall, ulukkeleg Mann. Han visste inkje, um han skulde verda verande og røda meir med honom, men han var alt yver Dyrstokken, og Presten hadde sagt Farvel. So gjekk han.

Daa Presten var vorden eine, sette han seg ned i Stolen sin og kvilde atter Hovudet paa Bordskiva. Soleides laag han ei lang Rid; daa reis han upp og dreiv att og fram paa Golvet.

«Skulde det vera eitkvart sant i alt detta,» sagde han med seg sjølv, «skulde eg inkje skyna mitt eget Barn, skulde eg hava selt hennar Saal i mi Vitløysa – – store Gud, det var eit forfælende Ord. – Eg vil venta likavel og sjaa, kvat ho skriv fyrst, og so – so fær Gud leida meg vidare.»

Det fyrste Brevet fraa Agnes let soleides:

«Kjære Fader!

Du maa orsaka meg, at eg inkje heve skrivet fyrr, men eg heve drygt solenge, av di eg so gjerna vilde skriva nokot godt til deg. No kann eg inkje bida lenger, og so fær det ganga, endaa eg veit, at desse Raderna vil gjera deg meir ilt enn godt. Men ljuga fyre deg kann og vil eg inkje. Eg maa daa segja deg, at eg lengtar saart heim, at eg veit, eg aldri vil verda [110] heil utan heima, at eg kjenner meg so uluffeleg og eine her millom alle desse Folk, at eg mest kunde springa min Veg burt, langt burt og berre graata. Men no heve eg og sett meg fyre at vera deg lydug, og so skal eg verda verande her, solenge du vil. Men kjem det ein Gong og det snart ei Bod heimanfraa,

som segjer, at eg fær Løyve til at fara heim, daa – ja daa – aa kor lukkeleg eg skal vera. ¹¹¹ Eg veit inkje, kvat som gjerer det, men eg kann inkje vera med i detta no lenger. Dei draga meg med paa Koncert, i Theatret, paa Dansarstemnor, men det er inkje som fyrr, at Musiken kunde opna eit heilt nytt Liv fyre meg, og Hjartat kunde springa av Gleda ved Dansen, – no berre lengtar eg etter at koma burt, eg kann inkje kjenna nokot, inkje verda oppkveikt ved nokot. Eg veit det, og eg ser det og, at her er myket fagert, som skulde gjera meg godt at sjaa, men eg heve ingen Hug til at sjaa det, ingi Ro til at njota det. Er eg ute, so lengtar eg heim; er eg heima, so lengtar eg ut. Eg skynar inkje meg sjølv, men det veit eg, at den einaste Ting, som kann løysa upp fyre meg og gjera meg sæl, det er, naar eg kann faa bidja hjartalegt til Gud, og daa fær eg ogso alltid graata. Eg kann inkje annat segja, enn dei er snilde med meg her, og dei gjera visst alt det, dei kunna, til at kveikja meg upp; men nettupp dette Kavet deira er det, som er meg so motbursamt. Eg vilde allerhelst, at dei inkje skulde lætst gaa meg og lata meg faa stulla med meg sjølv; men detta er inkje til at tenkja paa. Stundom verda dei og utoluge og kalla meg sur og tver og ^[111] kjeidsam, som berre er komi til spilla deira Gleda, og det gjerer meg so ilt at høyra paa, for eg vilde so naudlega spilla Gleda fyre nokon. No i dei sidste Dagarne hava dei hølt so reint fyre meg, at det ingen Maate heve voret paa, so eg ottast fyre, det ligg nokot under. Og eg trur alt eg heve gissat rett. Doktaren heve sagt, at Mathilde vilde hava godt av Landluft, og no vil dei visst setja fram, at ho skal fylgja meg heim. Dei hava og spurt meg ut, um der er helsesamt derheima, um det er myket kaldt, um det er Tilføre til at faa lauga seg der o.s.v. Gud fri oss fraa at faa slike Gjester. Eg er inkje god til at skriva meir kjære Fader, men var eg hjaa deg no, vilde eg taka deg kring Halsen og kyssa deg.

Di Agnes.»

Presten sagde hm, daa han hadde leset Brevet fyrste Gong, og hm, daa han hadde leset det andre Gongen, og so reis han upp og ringde.

«Du Halvar, – du fær taka store Giggen i Morgon du og fara til Byen etter Frøykni,» sagde han til Guten, som kom inn.

«Skal ho alt heim atter?» spurde Halvar og log fult.

«Ja ho skal det,» svarad Presten stutt, og dermed maatte Halvar ganga.

Inkje ein Maanad etter ho var burtfari, stod Agnes atter i den kjære Prestegardsstova og flaug sin Fader kring Halsen. Ho saag godt ut, anten det var, av di den friske Vinden hadde blaaset Rosor i Kinnerna, elder av di at Gleda yver at

vera heima atter lyste or Augo hennar. Men det glade Augnalaget ^[112] kvarv alt burt, daa ho laut ut med eit Skriv, ho hadde med seg i Posen.

«Det er fraa Moder til Mathilde,» sagde ho, «ho bad meg gjeva deg det.»

Presten las det, og Agnes sat og stirte paa hans Andlit, etter som han las.

«Er det som eg trur Fader?» spurde ho halvt rædd, «er det det eg skreiv um?»

«Ja det er so,» svarad Presten seint og skaut Underlippa fram.

«Fader du maa segja nei,» tok Agnes i so sterkt, som han aldri hadde set henne taka i fyrr.

«Nei men kjære Agnes mi, du ser daa, at det er umogelegt. No heve du butt tvo Gongjer hjaa deim, utan at eg heve fenget Løyve at bitala nokot, av di ho var ein gamall Vin av Moder di, og no skulde me neita hennar Dotter at koma til oss eit litet Bil?»

«Ja men eg likar henne inkje Fader, eg stend inkje i at vera i Lag med henne.»

«Det var daa undarlegt. Fyrr var det so heitt med Vinskapen, at det var Mathilde upp og Mathilde ned. Og stod du i det ein Maanad med henne dernede, so kann du vel standa i det nokre Vikor her veit eg. Det er vaar Skylda at vera finslege mot deim no, dei hava synt oss so myket godt.»

«Du heve visst Rett, det maa visst so vera,» svarad Agnes stillferdug, men ho rødde inkje stort meir den Kvelden, gjekk tidlega upp aa Romet sitt og laag med Hovudet gjøymt i Hondom, til Klokka minnte henne um, at ho nog laut hava seg i Seng. Men ^[113] fyrr ho lagde seg, kastad ho endaa eit langt Auga burtetter Vegen til at sjaa, um Ljoset endaa skjein derburte hjaa hennar trufaste Vin, han som hadde lovat aldri meir at trulova seg.

Ei Vika etter ramlad ei stor Kjerra oppetter Vegen til Prestegarden med nokre digre Kistor paa. Presten kom sjølv ut berrhovda, skrapad med Foten og hjelpte ein liten Skapnad ned, som var tullad inn i Kaapor fraa Hovud til Fot.

So var daa Mathilde endelega komi.

Sette Stykket

Bydamen. Bønder. Slaget.

Jau det var Rusk vordet paa Prestegarden.^[112] Gamle Brunen hadde aldri slitet so i si Livstid som no, og Tenararne var aldri sette so i Veg kvar paa si Leid som dette Bilet. For aldri so snart hadde Mathilde haldet seg kyrr dei fyrste Dagarne og berre gjenget ikring til at skoda Fjos og Stabbud og Mjølkebud og alt detta, som no var uvant fyre henne, fyrr ho byrjad stella seg nett som heima. Med Presten var ho gode Viner fyre lengesidan; han gjekk berre og log og riste paa Hovudet yver all Galskapen hennar og tykte, det var nogso trøysamt i Grunnen. For Mathilde visste alltid at taka honom paa rette Maaten, ho hadde inkje faafengt voret Kjælebarnet til Moder si. Og naar ho daa lagde Armen kring Halsen hans og klappad honom paa Kinni og bad so fint «a – faa Lov» – sjaa daa skulde det meir enn eit gamalt Prestehjarta til at svara nei. Og so kunde ho fortelja laust og fast, uppetter Veggjom og nedetter Veggjom, Munnen stod inkje paa henne fraa ho kom ^[115] ned um Morgonen, til ho lagde seg um Kvelden, og detta tykte Presten var morosamt. Han fann seg oppkveikt ved det, det var nokot Nytt fyre honom, no han hadde livt so lang Tid eine elder berre skodat paa si tankefulle, logne Dotter, som sat og las i Boki si. Mathilde merkad, at ho smaatt um Senn fekk yvertaket – so sløg var ho daa – og ho visste og at bruka det til at styra alt paa si Vis. Fyrr hadde ho daa lotet *ganga* rundt, der ho vilde skoda seg ikring, men no fann ho, at detta tok paa Helsa, og at ho laut vera var um seg, og so var det Øyken fram baade seint og tidlega. So raut Halvar so hardt um Notti i Drengjestova beint under hennar Rom, at det vekkete henne, og jammen maatte Halvar ut i Høyløda og sova. So var ho so kveppi maa vita, at det ruste i henne, naar Mari kløyvde Veden um Morgonen og song til, og so fekk Mari Bod um, at ho anten skulde hogga Veden um Kvelden elder Klokka 10, etter at Mathilde var innkomi. Og so skulde Mathilde og hjelpa Agnes i Kjøket sume Tider, men daa vardt det eit Styr! Desse raae, styvne Bondamenneskjorna kunde no inkje gjera nokon Ting til Lags, og det fekk dei no høyra meir enn ein Gong. Mari var so arg paa dette Byblaaberet, som ho kallad henne, at ho gjerna hadde slengt Vedskida etter henne, kvat Augnablink det skulde vera. I Stova var atter Bordet komet midt paa Golvet, all Stasen framlagd, Yverdraget paa Stolom avteket, alt det dei aatte av utkrotade Putor og Golvklæde utbreidt, so no fekk

Presten inkje Løyve at kvila Hovudet der og inkje der, [116] og maatte inkje setja Føterne paa det Stellet og paa det Stellet, utan han hadde turkat vel av seg. Presten hadde nog lætt aat detta i Fyrstningi, men no vardt det honom snart for drjugt. Han vardt kjeid av Mathilde og Snakket hennar, det vantad honom den gamle Hyggen. Han merkad det, at ho i Grunnen var den som styrde her. Han saag paa si tagalle Dotter, men ho var lika tagall. Agnes hadde aldri gjort Motlegg mot alt dette Staaket hennar Mathilde; tvertum hadde ho tøygt seg etter henne so langt ho kunde, hadde alltid voret vinleg mot henne, og fylgde henne stødt paa alle hennar Reikeferder. Naar dei var saman med andre, heldt ho seg helst med desse likavel.

Mathilde byrjad og snart klaga seg, at her inkje var nokor Moro, at Folket heruppe var so raatt og bljugt; men so skaut det i henne, at ho endaa inkje hadde gjort Kjennskap med Studenten, og so plaagad ho Presten solenge, til han lovad at senda Bod etter Studenten ein Kveld.

Daa Studenten kom inn i Stova den Kvelden, saag han eit litet Tingeste i ein fin, ljosblaa Kjole standa attmed Bordet. Ho neig djupt fyre honom og ropad so paa Agnes, som var i Sideromet, der Dyri stod opi. Agnes kom inn.

«Vil du vera so god at namngjeva meg fyre Herren der Agnes,» sagde ho myket verdugt.

«Student N. – – Mathilde Ravn.»

«Dykkar Vin fraa Byen?» sagde Studenten.

«Ja,» svarad Agnes men helder laagt.

[117] «So er me fulla gode Kjenningar,» sagde Studenten, «velkomi hit.»

«Er me det?» svarad ho halvt undri og lagde Hovudet paa Skakke, «eg veit inkje, eg heve havt den Æra.»

«Jau Frøyken Agnes heve fortalt meg myket um Dykker,» svarad Studenten.

«So no» – sagde Mathilde og drog Augnabrunerna upp.

I det same kom Presten inn, og no vardt det daa Haandtaking millom honom og Studenten.

«Nei han er ved Gud landleg,» kviskrad Mathilde til Agnes, – «ser du, han heve inkje teket rein Skyrta paa, berre snutt Lauskragen, og so den Frakken, han er visst

fraa det fyrre Aarhundradet. Me maa hava Moro med honom Agnes, han er makalaus.»

«Kvar kauper De Klædi Dykker?» spurde Mathilde ut paa Kvelden, daa dei no sat kring Bordet.

«Kvar eg kauper Klædi mine?»

«Ja eg tykjer Skurden er so framifraa.»

«Jau – det skal eg segja,» svarad Studenten aalvorslegt, «det er hjaa Skræddar Persen.»

«Persen? kvar bur han?»

«Han bur tett attmed Snikkar Paalsen.»

Mathilde skynad, at han dreiv Spott med henne, men ho letst inkje gaa det.

«De skulde ganga til Skræddar Hansen skulde De. Ingen ung Herre kann vedkjennast inkje at hava sine Klæde fraa honom.»

«So – ja eg fær tenkja paa det. Eg tykjer ^[118] som De, det maa vera stor Synd at bera paa andre Klæde enn Skræddar Hansen sine.»

Agnes kunde inkje halda seg fraa at smila, daa ho saag det aalvorslege Andlitet til Studenten, medan han sagde desse Ord; men Mathilde let Kjelken renna.

«Ja Løitnant Karlson kauper alltid hjaa honom, og daa kann De vera viss um, at det er godt.»

«So Løitnant Karlson er Mynstret fyre dei unge Herrarne i Byen noumstunder?» spurde Studenten.

«Kjenner De honom?» tok Mathilde glad i, «er han inkje makalaus. Ja det er just ein fin Herre. So som han kann dansa, og so som han kann snakka, og so som han kann klæda seg, og so for ein Skapnad han heve.»

«Ja naar Ein vil bruka Skræddarmaalet, so er han visst No. 1. Men eg trudde han hadde mist sumt av Forgyltingi no, sidan han vardt gift.»

«Nei! han er nett den same, kvik og so hæv til at finna paa. De skulde berre set paa Dansen hjaa Konsulen sidst, han hadde tie Stjernor.»

«Aa ja det er godt, at vaare Hermenner kann fortæna Stjernor ein Stad, naar dei inkje kann det paa Vigvollen,» svarad Studenten, «men heve han no Kona med seg paa alle desse Sigersserder?»

«Nei Kona hans sit mest heima, ho skal liksom vera verdug og draga seg burt no,» svarad Mathilde og slo med Nakken, «men han kjærer seg inkje um det, han gjeng der han verd beden, og han verd beden allstad.»

[119] Mathilde tagnad litetvetta, for Agnes drog henne annan Gong sterkt i Kjolen.

«Kvat vil du?» sagde ho til Agnes, «ja De skulde berre set, kor han gjorde Kur til Agnes derinne,» lagde ho til mot Studenten.

Agnes lagde Munnen upp til Øyret hennar og kviskrad: «men er du gali – hugsar du daa inkje.»

«Aa – det er sant, Kjærasten aat Studenten,» og no tagde daa endelega Mathilde.

«So han gjorde Kur til Dykker Frøyken Agnes?» tok Studenten uppatter og saag skarpt paa Agnes.

«Han kunde gjerna sparad seg Umaken,» svarad Agnes, log vanvyrdelegt og saag harm burt paa Mathilde.

Studenten var fallen i Tankar, ein kunde sjaa paa Andlitet hans, at han var reint burte.

«Kvat tenkjer De paa Hr. Student?» spurde Mathilde.

«Aa eg tenkjer paa, kor lukkeleg og kor nøgd med si Livsgjerd han maa vera, som naar han verd spurd: «kvat heve du gjort i Verdi?» daa kann svara lik Løitnant Karlson: «eg heve gjort Kur,» og kor lukkeleg eit Kvende maa vera ved at eiga slik ein Mann.»

«So De trur, at me unge Vækjor helder vil hava deim, som standa som paa Naalar, naar dei koma inn i Salen, berre smila styvet og tyggja paa Neglom, og so verda heite i Hovudet, naar Ein snakkar til deim, og som trakkar vaare Kjolar isund, naar dei stauka seg fram i Dansen.»

Studenten kunde ei annat enn draga paa Smilen. [120] «De heve eit godt Auga til at sjaa, merkar eg, og eg skal lova, De inkje heve sparad desse Syndarar. Skulde det gjelda um at taka fram til Dans, daa trur eg og, eg vilde velja dei andre, men me

rødde um at taka fram til heile Livet, og daa trur eg, – ja orsaka meg – daa trur eg, eg i Dykkar Stad vilde velja Neglebitarne, som De kallar deim. Eg heve i Grunnen stor Tru til desse Neglebitarar. Eg heve den Trui til deim, at det er nokot annat enn Leik og Dans, som tek deira Arbeid, at dei, naar det gjeld um at strida med andlege Vaapen, inkje lenger standa paa Naalar men hogga seg Veg med Vit og Styrke. Og so – ja orsaka meg atter, at eg kjem at saara Dykker, – so heve eg og ovliti Tru til desse Dansemeistarar, som inkje eiga annat Livsmaal enn at kunna faa Stjernor i ein Dansarsal og hitta paa i ein Kotillon. Læ De Frøyken Ravn, men eg røder aalvorslegt no. Eg kjenner desse Pomadekrukkor, som vimra kring, bøygja Kne fyre si utvalde og bera fram Røykverk av søte, sleiske, utanbokes lærte Ord, som dei gjeva fraa seg til ei onnor Dansen etter. Eg kjenner desse sidade Folk, som i den fine Stova tala um den norske Raaskapen og so millom sine Felagar sitja og syngja sidlause Visor og som inkje hava annan Meining enn Grosserar P.... og Statsraad L...., der dei koma og faa Middagsmat um Sundagen. Men desse er det, som verda sette upp til Mynstrer, som den fine Verdi søkjer, og som Møder lova seg lukkelege ved at kunna gjeva sine Døtter til. Eg tykte, ^[121] Kvende maatte krevja nokot meir av ein Mann, enn at han kann dansa godt og klæda seg nett.»

Agnes hadde lutt seg framyver, ho saag med store Augo paa Studenten, ho saug i seg kvart hans Ord. Mathilde hadde slengt seg maklegt mot Stolryggen og skaut Rukka paa Skallen.

«De studerar til Prest? inkje sant?» sagde ho med ein spottande Smil.

«Um det kann vera av nokor Merksemd fyre Dykker, so ja – eg trudde ellest inkje Prestlæra laag paa Dykkar Veg,» svarad Studenten og bøygde seg.

«Aa nei – eg kunde berre merka det,» sagde Mathilde og leikad med nokot Papir, som laag paa Bordet. «Men no lyt du ved Gud syngja nokot fyre oss Agnes, annars somna me reint av, og enda med ein Salme og eit Amen.»

Agnes stod upp og gjekk burt aat Klaveret. Ho leitad ei Rid millom Notarne, so fann ho endelega det ho søkte. Det var ein Salme av Ahnfeldt. Ho song den so lognt men so varmt.

«A – – ha –» hørde ein burt i fraa Sofahyrna, «detta var grøtelegt.» Det var Mathilde, som sette i med ein lang Gjeisp.

«Nei veit du kvat Barnet mitt,» og no sprang ho burt aat Agnes, «no maa me faa nokot med Liv i og inkje detta u–u–u–u– Heve du inkje Songarne til «et enfoldigt Pigebarn»?»

Studenten saag forbinad uppaa Presten. Han hadde teket eit Blad og leset i, medan dei unge rødde [122] isaman. Han saag nokot sturen ut, men sagde inkje eit Ord.

Studenten saag paa Agnes. Ho sat paa Krakken derburte, let Mathilde rota i Notom og sagde helder inkje eit Ord. Han saag paa Stova, ho var og umstelt, men ho var inkje so hyggeleg som fyrr. Og her var inkje so hyggelegt at vera som fyrr; her var nokot tungt, som aldri hadde voret i gamle Dagar. Og der laag dette vesle Bytingestet nett som heima, stelte og styrde, som ho vilde, og ingen torde motmæla henne.

Mathilde hadde sidstpaa funnet nokot, ho likad, og sette det fram fyre Agnes; men Agnes tok reint stillferdug og lagde det atter paa sitt Stelle. So drog ho fram sine kjære Folkevisor og byrjad syngja deim.

«Nei heve du set slikt litet Troll,» sagde Mathilde, – «desse Bondevisor er me kjeide av fyre lengesidan, du gjerer inkje annat enn gaular paa deim all Dagen; syng no nokot med Meining i.»

«Eg syng det eg vil, og eg vil inkje syngja annat i Kveld,» svarad Agnes fast.

«Mange Takk Frøyken,» sagde Mathilde og neig fyre henne, «det er at vera finsleg mot sine Gjester,» og dermed sette ho seg burt i Sofakraai og surmulad.

Daa Studenten kom heim den Kvelden, gjekk han lenge og dreiv paa Golvet, fyrr han lagde seg ned. Han tok fram det gamle Bilætet sitt fraa Skuffa og saag atter paa det.

«Merkelegt at dei tvo skulde ganga so nett i same Faret. Og han kom som Freistaren til denne andre [123] og, men ho – – – ja den som kunde skyna henne. At ho kann liva i Hop med denne Mathilde, kalla henne sin Vin – – – – nei Kvende er ein uskynande Skapning.» –

Mathilde byrjad kjeida seg paa Prestegarden, og Prestegarden byrjad leidast aat Mathilde. Ho kunde aldri vera i Ro elder sitja heima ein Dag, alltid laut ho renna rundt, og vilde inkje Folk koma til henne, so kom ho til deim. Kvar Gong sagde ho, at dei var raae og kjeidsame Folk heruppe, og kvar Gong, naar ho kom heim atter, hadde ho Posen full med alle deira Fel og Veilor; men gjekk til deim gjorde ho likavel.

So vilde ho plent ein Dag burt paa Innstig til Studenten. Agnes sagde, at det høvde inkje deim, som Kvende var; men hadde Mathilde fyrst fengjet nokot inn i Hovudet,

so gjekk det inkje lett ut atter, og so masad ho solenge, til ho og Agnes ei Efta reikad burt etter Vegen, som bar til Kapteinsgarden. Agnes hadde inkje lovat visst at vera med inn, men dei kunde no driva burtetter eit Stykke og sjaa, korleides det lagad seg. Og so lagad det seg so, at dei møtte Studenten.

«Er Damerna ute paa Reiking,» sagde Studenten og kom burtaat.

«Ja somen,» svarad Mathilde, «og veit De, kvar me hadde etlat oss? Til Dykker paa Innstig.»

Studenten sette eit undrande og halvt tvilande Andlit upp.

«Er det sant?» spurde han, «det maa eg segja [124] var snildt. Er det sant Frøyken Agnes? kvifyre drog De so Dykkar Vin i Kjolen? De heve no butt her solenge, og endaa heve De aldri lydt inn til meg. Vil De inkje no fylgja med?»

Agnes visste inkje rett, kvat ho skulde svara, og so svarad ho ein bljug Takk. Dei sette seg i Mars, og Studenten byrjad røda med Agnes, nett som Mathilde aldri hadde voret til.

«Orsaka,» sagde Mathilde og kom burt aat Studenten, «De heve fenget ein stor Flekk paa Olbogen.» Og dermed lyfte ho Hondi og vilde kosta honom burt. «Aa – orsaka meg, eg tok nog i Mist» – lagde ho til, smilte og snudde Andlitet halvt burt liksom bljug.

Studenten saag ned. Der hadde han eit stort Hol paa Olbogen, som Skyrta stakk utigjenom. Han vardt nokot flat daa i det same, men so tok han seg atter og bøygde seg mot Mathilde.

«De ser, at eg inkje er klædd til at taka mot slike fine Gjester; men hadde eg drøymt um denne Æra, so skulde De ingen Flekk hava set. Og her paa Landet ser De» – –

«Ja her paa Landet ser ein myket snodigt, men det er Skikki her kannhenda?» sagde Mathilde nasevist.

«Paa Landet gjeld iminsto det gamle Ordtøket, at Kaapa gjerer inkje Mannen,» svarad Studenten, «og det er eit godt Ordtøke, inkje sant Frøyken Agnes?»

«Det er det vist,» svarad Agnes, «men eit godt inre skulde og setja ei Æra i at hava eit godt ytre.»

Studenten saag paa henne, ho tok inkje mot Augat hans.

[125] «Det er so,» svarad han berre stutt.

Dei var no komne til Lidet, som bar upp til Hagen hans. Hjartat hennar Agnes slo so undarlegt, daa Grindi slo atter etter henne, og ho skreid oppigjenom den lange Lunden, med dei gamle Trei, som bøygde seg saman yver henne. Det var som dei sagde: «no fanga me deg, no slepp du aldri herifraa.» Ho hadde slik Hug til at fara ikring, skoda paa kvar Grasvoll, kvar Blomareit, kvar liten Stig inngjenom Rusti. Hadde ho voret einsleg, hadde ho gjort det; men no var Studenten her og – Mathilde. Ho kastad berre eit stolet Auga ikring, men kor undarlegt her var likavel. Den gamle, mosevaksne Steinbenken derburte, Havmannen, som stod og bles i eit Sniglehus utan at nokot Vatn rann, Solskiva med den rustne Pinnen, det store graae Huset, som stod der bøygt lik ein gamall, krokutt Kall, alt laag som eit Minne um ei Tid som var, ei Tid med Liv og Leik og Stas og Solskin, daa inkje lenger berre Katten sat paa den breide Troppi og sleikte paa Labben sin, men Song og Laatt klang derifraa, medan Tenararne vimrad kring millom alle dei silkeklædde fagre og baud fram Bikaren med Vin. Og inne i dei store, svale Romi og i dei aude, lange Svalerna der stod gamle Feder i kvite Parykkar med Pisk i Nakken og Sverd ved Sida og baud henne liksom velkomi, og dei ærverdige Møder med Tyrkeskoer og Rosor i Hondom, dei neig liksom fyre henne. Det var som ho skulde ganga i ei gomol Kyrkja tykte ho, her millom alle desse gamle Minni. Ho gjekk tagall og saag og saag; men Mathilde skrækte [126] som ei Kraaka og rende i Hælarnes paa Studenten, som synte deim kring fraa Kjøk og til Kjellar. Endelega stadnad dei i Daglegstova, og Studenten bad deim taka Sess.

«No kvat tykja Damerna um Garden min?» spurde han.

«Jau Huset var myket bra,» svarad Mathilde, «men ein Ting var det som vantad.»

«Og det var?»

«De skulde faa Dykker ei Kona.»

«So De meiner det,» svarad Studenten. «Kvifyre var det so naudsynlegt?»

«Jau ser De, her er audt, og her er myrkt, og her er tomt; men so skulde ho stella og fjelga upp og faa nokot nytt, og so kunde De halda Selskapar og hava det kvikt og huglegt, og inkje sitja her aaleine og lesa all Dagen. Og so – ja sjaa der stend den Stolen skjeivt, og dette Bordet, det skulde no standa derburte. Vil De hjelpa meg at flytja, so skal De sjaa. – No? er det inkje myket meir skaplegt? Sjaa alt detta kunde ei Kona gjera.»

«Eg bøygjer meg under Dykkar Visdom,» svarad Studenten skjemtfullt, «og eg veit inkje betre, enn at De fær hjelpa meg til ei daa.»

«Aa – ho kann vera nærmare enn De trur,» svarad Mathilde, skaut Rukka paa Skallen og saag med eit skalkutt Auga burt paa Agnes.

Agnes hadde snutt seg, letst som ho inkje høyrde og stod og saag paa nokre Fotografi, som hekk paa ^[127] Veggjen. Det var sjaaande, at Studenten helder inkje likad detta.

«Mine Damer orsaka meg eit litet Bil,» byrjad han etter ei Togn, «eg skal strakst vera her atter.» Og dermed gjekk han ut or Stova.

Han var snaudt nog utkomen, fyrr Agnes braadt snur seg ikring og triv Mathilde kring Armen.

«Du skulde skjemmast,» sagde ho reint varm i Andlitet, «at bruka slike Ord her og» – –

«Kvat som bilar deg? skjemmast? – kann du neita, at du ovgjerna vil verda Kona hans?»

«Mathilde, um du» – – –

Meir fekk inkje Agnes sagt, for i det same kom Studenten inn atter i ein ny, fin Frakk og med ei gomol Gjenta etter seg, som bar paa ein Borddisk nokot Syltety med Smaakakor og Vin.

«Ja her er alt eg heve at bjoda,» sagde Studenten, skjenkte i Glasi og baud fram. «Velkomi her! velkomi her Frøyken Agnes!» tok han uppatter og klinkad med henne.

«Ja og skulde me inkje so med det same ynskja, Agnes, at neste Gong me koma her, maa me møta ei fager, ung Husmoder?» sagde Mathilde.

«Takk fyre den gode Viljen Frøyken Ravn,» svarad Studenten og bøygde seg, men Agnes berre drakk ut or Glaset sitt stilt og sette det fraa seg.

«No korleides tykjer De um Landlivet?» spurde Studenten Mathilde, han vilde leida Samrøda burt paa nokot annat.

«Aa jau – eit Bil so – men eg kunde inkje [128] tenkja paa at bu her stendig. Her er aldri nokot nytt korkje at skoda elder høyra, og so møter ein so sjeldan Folk, som ein kann vedkjennast.»

«Nett det same sagde Frøyken Agnes ein Gong og, eg veit inkje, um ho endaa er av same Meining. Men vil Damerna som eg, so skal me taka ei liti Ferd kring um, so skal eg syna baade Ting, som er forvitnelege at sjaa, og Folk, som ein kann vedkjennast.»

«Ja lat oss det,» sagde Mathilde, «det skal verda trøysamt, og me hava so inkje nokot at gjera i Dag likavel.»

«Men berre det inkje verd for seint fyre Fader,» svarad Agnes, «fyre Myrkningi maa me vera heima.»

«Aa han spyr somen inkje etter oss,» svarad Mathilde og sette Naalen i Duken sin, «me kunna ganga no strakst.»

«De gjerer alltid Motlegg, Frøyken Agnes,» sagde Studenten.

«Gjerer eg det?» svarad Agnes, og so fylgde ho.

Dei gjekk burtetter eit Stykke, so krøkte dei fraa Veggen og utyver Markerna. Der stod ein Karl og spadde i ein Potetereit. Studenten stadnad framfyre honom.

«Til Lukka med Arbeidet Hans,» sagde han og helsad, «no – korleides liver Mo'r di?»

«Takk som spyr, ho er med Helsa,» svarad Hans og saag upp fraa Arbeidet sitt. «Du kjem mange i Dag,» lagde han til.

«Ja er det inkje fint Lag, eg er komen i, tykjer du?»

[129] «Jau det var vel so det. Finleike fer ein nog av i Verdi.» Han stod og studde seg til Spaden sin. «Sjaa her Student, kvat eg fann i Dag,» sagde han etter eit Bil halvt laagt til Studenten og tok upp av Luma si ein gamall Sylvskilling, han hadde funnet i Aakren, «han var og fin og skinande ein Gong, men meiner du inkje, han maatte i Jordi lel.»

Det gjekk nokot undarlegt yver Andlitet hans, daa han nemnde detta.

«Aa ja, Jordi tek dei største Rikdomarne vaare,» svarad Studenten, «men dei skal ein Gong finnast fram likavel og gjevast atter Hans.»

«Dei segja so ja,» svarad Hans og sette Spaden i Moldi so hardt, at han seig ned i til langt paa Skaftet.

«Saag De honom?» spurde Studenten Agnes, daa dei var komne framum.

«Ja,» svarad Agnes.

«Kunde De skyna honom?»

«Nei, men eg saag, det var nokot, som tok honom sterkt.»

«Han der var trulovad med den fagraste Gjenta i Bygdi. So vardt ho sjuk og andadest strakst fyre Brudlaupet. Det er Moder hans me skal sjaa innum til.»

Mathilde hadde fenget lang Undanmun, for ho hadde gjenget vidare, daa dei andre stadnad. Studenten og Agnes skundad seg etter.

«No fekk du høyra nokot oppbyggelegt?» sagde Mathilde til Agnes. «Skal De faa Tid til at syna ^[130] oss alle desse merkelege Ting, De rødde um Hr. Student,» sagde ho i same Blinket til Studenten, «so maa De inkje stogga framfyre kvar Bondegut.»

«Ja men han var den eine merkelege Tingen,» svarad Studenten og log, «og der ser De den andre.»

Han peikad paa ei liti Bondestova, som laag tett attmed.

«Vil De me skal ganga inn der?» spurde Mathilde reint forbinad.

«Ja kvat skulde vera til Hinder?» spurde Studenten.

«I denne ufjelge Stova, der det tvillaust er so kvamt, at ingen kann pusta?»

«Aa eg heve pustat der so mang ein Gong, og det er slett inkje so faarlegt, som det ser ut til,» svarad Studenten. «Tru meg, De skal inkje trega paa det.»

Mathilde stod nokot tvihugad og saag paa den svarte Dyrstokken, men sidstpaa so sveipte ho Kjolen tett kring Føterne sine, lyfte upp og tiltad paa Taai burtigjenom det hellelagde Eldhus-Golv. Studenten bankad paa, og dei gjekk inn. Det var ei aalmenn Bondestova med Aaren inne og Taket svartrøykt av Sot, men ellest var der nogso reinslegt og friskt. Mathilde saag ut, som ho skulde vera dotti i ei Veita. Det

sat ei Bondekona i Stova, som kunde vera innpaa 70 Aar, med eit so lognt og klaart Andlit, at det saag ut, som heile Livet laag fyre henne i Fred. Ho reis upp og kom burtimot. Studenten rette Hondi mot henne.

[131] «Takk fyre sidst,» sagde han.

«Takk sjølv fyre sidst,» svarad ho vinlegt. «Du heve Framandfolk med deg i Dag?»

«Det er Dotteri til Presten, og denne er hennar Vin fraa Byen. Dei vilde gjerna lydast innum og sjaa, korleides du hadde det.»

«So – velkomi til,» sagde Bondekona og rette Hondi mot Mathilde, som laut taka mot, so naudlega ho vilde. «Velkomi til,» sagde ho til Agnes og gav henne Hondi, «eg skulde no kjenna deg, men dei veksa so snart upp, at dei verda ukjennande. Eg var i Kyrkja, daa du vardt bori til Daupen. – Men no maa De sitja innpaa og kvila litetvetta.»

«Takk, Takk,» svarad Studenten og sette seg paa Benken. Agnes sette seg attmed. Mathilde saag seg ikring, um det inkje skulde finnast ein Stol, men daa ho ingen fann, breidde ho Lumeturklædet under og sette seg uppaa. Kari var gjengi burtaat Hylla og slo nokot Mjølki i ein Trekopp. Ho smakad fyrst paa Mjølki, um ho var surnad, so kom ho burt til Mathilde og baud fram.

«Du kann vera tyrst,» sagde ho og rette Skaali mot henne.

Mathilde saag reint hugsprengd ut. «Nei mange Takk,» svarad ho, so snøgt ho kunde.

«Koppen er rein,» sagde Kari vinlegt.

«Nei mange Takk,» sagde Mathilde atter, og so tok Agnes Koppen og drakk, Studenten etter.

«No korleides heve du det Kari?» spurde Studenten, daa han hadde takkat fyre Mjølki.

[132] «Jau Takk, eg heve det vel og med Helsa Gudskelov,» svarad ho.

«Eg kann helsa fraa Hans.»

«De heve møtt honom.»

«Korleides er det med honom no um Dagarne? byrjar Saaret batna?»

«Aa nei, djupt Saar gjev og djupt Ær, og det er inkje greidt at faa Laat i Fela, naar Strengjerne er sprungne,» svarad Kari lognt. Ho snudde seg og strauk seg yver Augo med Handarbaket.

«Men Vaarherre kann binda ihop, der ein annan inkje naar,» sagde Studenten.

«Han kann so, og han vil det og, naar hans Tid kjem,» svarad Kari.

Ho rødde so lognt og so blidlegt og so trygt, det var inkje nokot saart korkje i Ord elder Andlit. Agnes saag undrande paa henne. Studenten rødde lenge med henne, men Mathilde sat og snudde seg paa Benken og saag lengtande burtpaa Studenten, um han inkje snart vilde tagna. Endelega reis han daa upp. Kari gav deim atter Hondi, takkad fyre Innstiget, og Agnes bad ho snart koma atter.

Snautd nog var dei komne utanfyre, fyrr Mathilde byrjad gjeva seg yver og rista Kjolen sin.

«Heve du set slikt, bjoda Mjølkk i ei svart Skaal, som ho sjølv drikk av. Og kvar var so det, me skulde faa sjaa?» spurde ho Studenten.

«De heve set det,» svarad Studenten.

«Var det denne gamle Bondekjering, som var so merkeleg?»

[133] «Ja saag De inkje, at denne gamle Bondekjering hadde eit Andlit og ein Maate at bera seg paa, som ei Drotning kunde ovunda henne. Saag De inkje, ho hadde eit Storvyrde yver alt det, ho sagde og gjorde, endaa detta var dei ringaste Ting?»

«Ja ellest Takk, maa me vera fri,» svarad Mathilde og slo med Nakken, «De er no so inngrodd i Bondesid og Bondeskikk, at De gjerna ein Dag vilde segja, at no var det finaste, ein kunde gjera, inkje at tvetta Golv elder lufta ut og so eta Graut til kvart Maal.» Studenten laut lægja.

«Ja dei andre merkelege Ting, eg heve at syna, er inkje ein Grand betre,» sagde han og drog paa Akslom, «so um – – –»

«Takk eg heve meir enn nog,» svarad Mathilde, «og no vil eg ganga heim. Vil du vera med Agnes?»

«Nei De fylgjer, inkje sant?» sagde Studenten snøgt og snudde seg mot henne.

«Nei naar Mathilde» – –

«Aa du skal aldri vera bljug fyre det, eg finn nog Vegen heim aaleine, og heve du Hug paa meir Bondetev, so ver so god.»

«De heve no so mang ein Gong reikat med meg aaleine, eg er daa vel inkje verr no enn daa,» sagde Studenten.

«Nei – men –» sagde Agnes og drog paa det.

«Nei men det er berre Traass av deg Agnes, inkje annat,» tok Mathilde i, «sjaa no gjeng eg.»

Agnes stod endaa tvihugad.

Studenten kom burtaat henne. «Eg heve sjeldan ^[134] bedet Dykker um nokot,» sagde han aalvorslegt, «no bed eg Dykker um, at De vil fylgja meg i Dag.»

«Men er det inkje leidt?»

«Farvel, Farvel,» sagde Mathilde og sprang lægjande burt etter Marki, «no maa De hava det hyggelegt,» lagde ho til paa Spe, «og so maa du inkje lengta formyket etter meg Agnes.»

Studenten og Agnes saag paa kvartannat, dei tvo gamle Viner stod eine, Plaageaandi var burte, og alt var vordet so kyrt, daa ho gjekk. Dei gjekk eit Bil tagalle ved Sida aat kvartannat, men dei kjende seg baade tvau glade yver, at Mathilde med sitt Skratt og Skrækjing var burte.

«Saag De nokot annat i hi Kona, enn ei gomol Bondekjering Frøyken Agnes?» spurde Studenten. «De kunde daa aldri saara nokon soleides, som Dykkar Vin heve saarat denne Kona i Dag.»

«Mathilde kjenner inkje til Bondeskikki her,» svarad Agnes.

«Nei men ein kann krevja av Folk, som kalla seg sidade, at dei skal tru det finst andre sidade Folk enn dei sjølve, um desse Folk inkje nett er etter deira Uppskrivt. Og naar eg tenkjer paa desse tvau Andlit, Bydamen og Bondekjeringi, so veit iminsto eg, kvat eg vil velja.»

«Ja ho hadde eit undarlegt Andlit, ho heve visst lidet myket denne Kona?»

«Ja ho heve lidet myket. Ho hadde seks Søner, alle staute og gilde Gutar, dei er signe ned kringum henne, medan ho stod. Tvo bleiv med Faderen ^[135] paa Sjoen ei

Haustnott, ein av deim skamslo seg, daa han vilde berga ein annan og døydde snart etter, og tvo sjuknad burt, daa Smaapoka kom. No skulde den sidste byggja Ætti upp atter, so døyrr Kjærasten hans, og han verd baade mod- og magtlaus. Og alt detta maa Moderi sjaa paa, ho skal hugga og trøysta og freista lyfta Sonen upp, endaa ho er um at siga i Jordi av Sorg. Men aldri heve ein høyrte eit Klageord, aldri heve ein set annat Andlit enn dette same blide, logne, som er viljug til at hjelpa alle. Folk skriva no so mange Bøker, og dei rita av, og dei reisa Minnesmerke fyre baade den eine og den andre, men den Storleike, som det er at lida med Tolmøde, og som eit Kvende eig i so fullt Maal, han fær sjeldan eit Ord. Og naar Diktaranne vil skildra stor Sorg, so taka dei gjerna henne, som riv seg i Haaret og hugsprengd skrik ut i lause Lufti, elder som gjøymmer Likkista aat Mannen og inkje kann sleppa det kjære Andlitet. Eg tykjer, dei helder skulde velja henne, som av Sorg verd tagall og stilferdug og alltid likavel kann syna det same blide og takksame Andlit. Ho er fulla fagrare og større, so sant som det er fagrare og større at gjeva burt enn at halda fast.»

Medan Studenten talad detta, var han komen burt til ei onnor liti Stova, som laag ved Vegen. «Her skal me inn,» sagde han til Agnes, so skal De faa sjaa ei onnor Kvinna, som og er stor, utan at ho sjølv veit det.» Dei drog paa Klinka og trod inn. I ein Kubbestol sat ein gamall Mann med kvitt [136] Haar. Han reis inkje upp, daa dei kom, men berre smilte og nikkad med Hovudet mot Studenten. Studenten gjekk burttill Stolen hans.

«Her kjem eg med Dotteri til Presten,» sagde han, «ho vilde no lydast innum ho og.»

«Ja so, Dotteri til Presten,» tok gamle Mannen uppatter, og ein saag, kor oppkveikt han vardt, «aa ja, det er ein snild Mann Presten, og han var god paa Stolen, daa eg hørde honom sidst, jamen var han so, og eg kjende honom, fraa han var slik ein liten Gut – aa nei, aa nei, so det er Dotter til Presten denne.»

Gamle Mannen sat og ruggad med Hovudet og saag paa Agnes.

«Kvar er Ingrid i Dag?» spurde Studenten.

«Ingrid? – jau ho kjem strakst» – svarad gamle Mannen, «enn segja meg Dotteri til Presten – ja og Farfader hennar, – eg kjende deim alle ihop, – aa nei, aa nei – kor Tidi gjeng; eg er 90 Aar maavita – 90 Aar.»

Medan han sat so og smaasnakkad med seg sjølv, kom Ingrid inn. Ho saag gomol ut, so ikring dei 50, var liti og mager, men so lett, so lett. Ho vardt standande

forbinad, daa ho saag Gjesterne.

«Nei kvat ser eg, er det inkje Studenten, og er det inkje ho Agnes og, – nei at du no vilde lydast innum her som det er so bljugt; nei her er daa so stygt og i Dag, – sit innpaa – –» Og Ingrid kostad av Benken med Stakken sin, rettleidde og stullad og rødde alt i eit.

[137] «Du – det er Dotteri til Presten denne,» sagde gamle Mannen til Ingrid og vaknad likasom oppatter.

«Ja meiner du inkje eg kjenner henne Agnes daa? Eg heve no set henne so tidt paa Kyrkjebakken, eg lyt fulla kjenna henne, men at du no vilde lydast innum – –»

Og so vardt det dette same oppatter; gamle Mannen rødde um Farfader hennar og alle sine gamle Minne og endad stødt med dei Ord: «nei so det er Dotteri aat Presten denne»; og Ingrid kunde inkje gløyma, at ho no vilde lydast innum, der som det var so bljugt.

Daa dei var komne ut, sagde Studenten til Agnes: «no heve De gjort ei god Gjerd i Dag Frøyken Agnes. Saag De, kor glade dei vardt, berre av di De kom. Tru De meg, at denne gamle Mannen, som no nær gjeng i Barndomen, han vil inkje gløyma detta so snart, han vil taka det fram og sitja og smaasnakka um det med seg sjølv. Og Ingrid – naar De ser henne, kven skulde tru, at det budde nokot stort der. Ho ser daa so liti og so ring ut. Men ho heve gjort det, som inkje so mange vilde hava gjort. Ho sat der aaleine med den gamle Fader sin, som var naamen og inkje kunde arbeida. So fær ho eit Tilbod av ein rik Gardmann, men paa det Vilkoeret, at Faderen inkje skulde vera med. Han skulde bitala nokot visst fyre honom, og so skulde han verda leigt inn einkvarstad i Bygdi. Ho hadde huglagt denne Mannen, men so valde ho Faderen. I [138] mange, mange Aar heve ho no stelt fyre honom, boret honom kvar Kveld burt i Sengi og kvar Morgon atter burt i Stolen hans, arbeidt med sine Hender som den sterkaste Karl til at upphalda Livet og likavel er ho alltid nøgd og glad. Kor mang ein Ferdamann heve vel inkje set henne standa utanfyre Stova i Siregn med Skinnkufta og brun Hatt paa Hovudet og grava i Jordi. So heve han kannhenda lætt og peikat paa henne, dei framande Damer hava glant paa henne med Augnaglaset, og ho er vordi avteiknat som eit Spotterit til at moroa Gjesterne med i Selskapssalen. Ingen heve drøymt um, at her var gjøymt eit Ihald i denne vesolle Kvinna, som var Gull verdt.»

Agnes hadde lydt gaumsam etter honom. Ho saag so undarleg tankefull ut.

«Kor undarlegt, at eg inkje heve høyrte nokot um detta fyrr,» sagde ho, «og eg heve daa livt her so mange Aar. Men kor lukkeleg maa ho og vera, som heve eit fast Livsmaal, som heve ein einaste, ho kann gjeva seg burt fyre, ein einaste, ho kann liva fyre.»

Studenten saag paa Agnes. Det braut fram dette sidste med slik ein Varme, at ein kunde sjaa, det lenge hadde leget innstengt i Hjartat, Augnaloki blikte, men ho saag inkje burt paa honom, ho saag ut i Lufti, rett som ho øygnde eitkvart.

«Heve inkje De Livsmaal, Frøyken Agnes?» sagde han laagt men so hjartalegt. «Det finst inkje ei Menneskja utan Livsmaal, og all Stad, som der er Kjærleike, der er ogso Livsmaal. Det gjeld berre at faa [139] den rette Syn paa det. Sjaa no berre her i Bygdi, kor myket kunde inkje De gjera her. For tru meg, alt er inkje so ljost og stort som det eg heve synt Dykker i Dag. Her er Born, som ganga lurvutte og skitne, um Dagen berre tumla seg ute, slaast og gjera Ugagn, av di Moderi inkje heve nokot at setja deim til, um Kvelden ofta maa skoda Faderen koma drukken heim og banna og koma i Slagsmaal med Moder deira. Her er dei, som ganga Dag ut og Dag inn, træla og slæpa, og so inkje hava Tanke fyre annat enn Maten til kvart Maal. Her er Raaskap og Vankunna, som De snaudt nog kann drøyma um. Her heve De myket at gjera Frøyken Agnes, for ei Kvendehond kann rekka langt vidare, enn ei Mannshond nokor Tid kann. Og De kunde faa nokre av desse Born upp aa Prestegarden, setja deim til eit litet Arbeid i Hagen elder med Sauming, De kunde røda eitkvart vinlegt Ordet med Folket her stundom, og De vilde gjera ei velsignad Gjerd. De vil daa samna Velsigning og Fyrebøn kring Dykker, og slik ei einfaldug Barnesaal som Ingrid, ho kann bidja.»

Studenten tagde og saag paa Agnes, men ho berre saag fram fyre seg og gjekk vidare.

«Men rædd maa De inkje vera,» tok daa Studenten atter i. «Det skal ofta Mod til at ganga inn i Fatigmanns ringe Stova elder sitja attmed ei Sotteseng; men det løner seg kann De tru. Med Dauden fyre Augo gløymer Mannen alle dei fine og kaate Ord, som han ellest kann tekkja sine Tankar med, daa fær De sjaa Rettsida. Og kor sæl ein Tanke er inkje [140] det, at ein heve fenget gjort nokot litet av alt det, ein er sett til at gjera. Eg kann inkje tenkja meg nokot, som kann gjera Mannen meir ulukkeleg enn med Enden av Livslaupt sitt at ljota sjaa utyver eit Liv, der han berre ser eit fargat Andlit av seg sjølv i Spegelen, at ljota ganga ved, at hans Liv heve voret utan Ihald, paa same Tid som han veit, at det inkje spyrst um annat en: ditt Livs Ihald. Det er forfælande. Og likavel byrja flestalle med at setja Livet

framfyre seg og segja: «me hava eit langt Liv», og so gløyma dei at liva, istadenfyre at ein alltid skulde byrja med Dauden, og framfyre denne ubønhøyrande Læremeisteren spyrja seg sjølv: «kvat er det no at liva?» Skynar De meg Frøyken Agnes? og vil De no segja, at De inkje heve Livsmaal?»

Studenten tagnad eit Bil, han saag atter paa Agnes, men ho hadde lutt Andlitet ned, og han kunde berre sjaa paa Brjostet, som svall, at Ordi hadde naatt Hjartabotnen.

«Det er det store med den kristelege Kjærleike,» sagde Studenten atter, «at han inkje vel ein einaste, som han dyrkar som eit Avgudsbilæte og so let Augat atter fyre alle hine, men at han gjeng til alle. Og den eine som ein heve valt, det vere seg Mann, Kona elder Foreldre, han skal verda elskad soleides, at han gjerer Hjartat so myket meir mjukt og varmt imot alle.» Studenten saag paa Agnes, so sagde han nokot seinlega: «eg veit inkje, um eg fær Løyve til at segja det eg no tenkjer.»

«Jau seg det, seg det», bad Agnes helder laagt.

[141] «De heve og ein einaste, Frøyken Agnes, som sit heima og ventar paa Dykkar Kjærleike, og det er Dykkar Fader. Trur De, han er so rett lukkeleg? elder skulde eg kannhenda hava leset galet i hans Andlitslag? Men eg synest sjaa, at han saknar eitkvart, ei vinleg Hond, som inkje veit betre enn at gjera det hyggelegt fyre honom, eit kjærlegt Auga, som fylgjer honom og kann lesa hans Tankar, eit Hjarta, som kann gløyma sitt eget fyre hans, um det enn kom at kosta ein liten Strid. Han heve aldri rødt um det, han veit det inkje rett sjølv kannhenda, men – trur De inkje, De kunde vera nokot meir fyre honom, Frøyken Agnes?»

Agnes svarad inkje, men det draup ned paa Veggen nokre Taaror, som ho freistad løyna. Dei gjekk tagalle ved Sida aat kvartannat lika til Prestegardsgrindi. Der gav Studenten Hondi til Agnes.

«Farvel Frøyken Agnes,» sagde han, «og Takk fyre i Dag.»

Agnes tok Hondi, ho vilde segja nokot, men ho kunde inkje faa det fram, og so sleppte inkje Studenten Hondi.

«Takk – Takk fyre alt De heve sagt i Dag, og alt De heve voret fyre meg,» braut det endelega fram, men so reiv ho seg braadt laus og skundad seg uppigjenom Veggen. Studenten fylgde henne med Augat, han kjende hennar varme Hond endaa i si, for ho hadde tryst so fast, daa ho rødde. Han vilde sjaa, um ho snudde seg, – nei ho snudde seg inkje, der [142] kvarv ho burt, og berre Skinet fraa Lampen i Prestegardsstova fall utigjenem Glaset.

Hjartat brann i Agnes, ho trong so hardt um at faa letta seg, so sprang ho oppigjenom Troppi, flaug inn paa Romet sitt, kastad seg yver Sengi og slo i og gret sterkt.

«Herre Gud tilgjev meg,» sukkad ho, «tilgjev meg Herre Gud! – – – gjer meg sterk, lat meg kunna elska Fader min som eg skal – tilgjev meg Herre Gud – kasta meg inkje fraa deg, men gjer meg sterk og lat meg elska Fader min.»

Ho gret, og ho gret, og ho bad innmillom, men sidstpaa vardt Graaten mildare, berre ender og daa braut han fram atter. So laag ho reint kyrr, Hovudet ned i Puta. Inkje ein Ljod vardt høyr, Stormen hadde rasat ut. So stod ho upp, gjekk burt til Bokskaapi og tok fram si gamle Bok, Studenten si Bok. Ho kveikte Ljos og sette seg til at lesa; ho las ei Sida, men so kom Tankarne; ho lagde Armarne ned paa Boki, og Hovudet paa Armarne, og soleides laag ho eit langt Bil.

Det kom eit oppigjenom Troppi og stod paa Dyrstokken. Det var Mathilde. Ho saag Agnes liggja der.

«No, er du komi?» sagde ho og kom burt. Agnes røyvde seg inkje. Mathilde trudde, ho var somnad, gjekk vart paa Taai attum Stolen og kjeik yver Hovudet hennar ned i Boki. Og so las ho høgt med Herming: «Kvar finst det Kvendet, som kjenner si Usjølvsstøda og inkje iminsto ein Gong i sitt Liv heve ^[143]ynskt ein Manns Arm til at stydja seg mot og ein Manns Namn til at tekkja seg med? Men kvar finst og det Kvendet, som inkje bljug heve haldet denne løynlege Tanken duld i seg sjølv, og ventat stilferdugt paa, um ho vardt søkt, skulde ho so enn venta inn i Dauden, som verd framdriven kannhenda ved Logen i hennar Hjarta, men som ho helder vil skal tæra henne upp, enn at ho skulde lata honom brjota fram i Dagen.»

«Ha – ha – ha! nei det er makalaust!» – og Mathilde slo i og log. «Agnes! Agnes!» ropad ho og ruskad i henne, «aa kjære! lat meg faa lesa vidare du.» Og dermed drog ho Boki fram under Armarne hennar. Agnes foor upp, ho reiv Boki fraa henne. «Røyv inkje Boki segjer eg deg, ho er for god til at verda flekkt ved dine Augo.» Mathilde foor eit Stig att, ho starad handfalli paa Agnes som stod oppøst lik eit ertat Dyr i Bur.

«Kvat som bilar deg?» sagde ho, «han heve vel inkje alt friat til deg?»

«Nemn inkje Namnet hans høyrer du,» skreik Agnes, og no braut det laust detta, som hadde leget so lenge oppdæmt derinne.

«Du snakka um honom du,» sagde ho, «som inkje fortener at kyssa Skosolen hans ein Gong. Han heve Aand og Hjarta han du, men kvat heve du? han kann segja nokot med Vit og Tanke i han du, men kvat kann du segja? han kann gjera nokot, som er Gagn i han, men kvat kann du gjera? Du heve stolet deg inn her til at stela Freden or Huset vaart, [144] det heve du gjort. Du heve fangat meg og tenkt at gjera meg til den same utfjongade Paafugl, som du er, du heve viljat læra meg upp i den same Tomleiken og Tankaløysa, som du liver i, du heve tenkt, eg var slik ein liten Vott, som let seg draga paa og kasta etter ditt Godtykke. Eg heve og voret det, eg heve voret som ein vesall Hund, lydug og viljelaus, men no er eg det inkje meir ser du. No er eg vaknad upp, og han er det, som heve vekkt meg, nettupp han du, og no ser eg deg, som du er, og no vil eg inkje liva i Hus med deg lenger, nei eg vil inkje. Du heve skilt meg fraa Fader min, det heve du, du heve skilt meg fraa Folk her, som er langt betre enn du, du heve skilt Gud ifraa meg, ja det heve du; men no toler eg det inkje lenger. Ut skal du, burt paa Timen, eg vil inkje hava deg her.»

Mathilde var reint bleik vordi, ho kneip Munnen ihop, ho vilde til at svara, men Agnes foor ut, nedigjenom Troppi og inn i Stova til Faderen.

Presten sat og skreiv ved Lampen sin, daa Dyri verd upprivi, og inn kjem Agnes, raud i Augo og uppøst. Ho seig ned framfyre honom, ho krosslagde Henderna yver Kneet hans, ho saag so bønlegt upp aa honom.

«Tilgjev meg Fader! tilgjev meg alt det, eg heve gjort imot deg,» bad ho. Graaten kom atter yver henne, og ho lagde Hovudet ned paa Kneet hans.

Presten tok undren Brillorna av og lagde deim paa Bordet. So reiv han seg i Augo og saag forbinad paa Agnes.

«Men kjære Barnet mitt, kvat er no detta for [145] nokot,» sagde han og vilde reisa henne upp, «kom set deg, kvat er det du heve gjort meg?»

«Nei, nei Fader!» stotad Agnes, «lat med liggja her, til du segjer, du heve tilgjevet meg. Jau eg heve gjort deg ilt, eg heve inkje voret, som eg skulde mot deg, eg heve no i fleire Aar berre gjenget her og tenkt paa meg sjølv og inkje paa deg. Eg heve inkje stelt fyre deg, som eg skulde og gjort det hyggelegt, eg heve inkje rødt med deg, inkje gjort nokot fyre deg.»

Det blenkte i Augat til Presten. Han tok henne upp og sette henne paa Fanget sitt. Han strauk det vaate Haaret burtifraa Ennet og kysste paa dei graatfulle Augo.

«Gud signe deg kjære Barn!» sagde han mildt, «heve inkje du voret nokot fyre meg? du heve daa voret den einaste eg heve havt.»

Agnes hadde lutt Hovudet inn mot Brjostet hans, ho saag so lukkeleg ut.

«Du er so snild og god imot meg Fader, eg fortener det inkje; men no lovar eg, at det skal verda betre; ja eg lovar det, og so skal me hava det hyggelegt her som i gamle Dagar.»

Presten smilte, strauk henne paa Kinni og tryste henne fast upp til seg, og Agnes kvilde her so trygt og godt som eit Barn hjaa Moder si.

Det ramlad nokot upp aa Loftet. Dei drog paa Kistor og Korger, smelde i Dyrer og snart hørde dei eit kvellande Kvendemaal, som beljad paa: «Halvor! Mari! Nils!» Folk flaug upp og ned Troppi, ^[146] og det var ein Styr og Staak utan Ende. «Kjære kvat er detta?» spurde Presten og lydde.

«Aa – det er berre Mathilde!» svarad Agnes hugrædd og lagde Hovudet enn tettare upp til Faderen.

Inkje so lenge etter stod Mathilde i Dyri. Ho var heilt reiseklædd, med Kaapa og Hatt.

«No mange Takk fyre meg,» sagde ho paa Spe, og neig i Dyri, «og mange Takk fyre Gjestvinskapen.»

«Kjære! kvat skal detta tyda,» sagde Presten og vilde til at risa, men Agnes slo baade Armarne kring Halsen hans, og so laut han sitja. «Vil De fara stad?»

«Ja ein lyt nog burt, naar ein verd reken paa Dyr,» sagde Mathilde og log saart, «og eg skal visst inkje uroa nokon her meir.»

«Men – –» byrjad Presten atter.

«Aa, spyr Frøykni der, so fær De nog Greida,» svarad Mathilde og vilde til at ganga.

«Men kjære, det er myrkt ute,» og Presten freistad atter risa, men til Unyttet; «det heve daa vel inkje slik Braadhast, og i Nott vil De no vel vera her iminsto.»

Agnes sagde inkjevetta, men ho klengde seg berre tett inn til Faderen, som vilde ho segja: «nei bed henne inkje vera Fa'r.»

«Nei, Gud fri meg fraa at vera her lenger,» svarad Mathilde, «det vilde vera Synd, um dei inkje skulde faa vita i Byen so snart som mogelegt, [147] korleides ein verd medfaren heruppe, og til næfte Skiftet kann eg vel alltid finna fram i Kveld.»

«Men Giggen min maa De daa – –»

«Nei mange Takk, eg skal visst inkje skjemma nokot av Stasen heruppe, og ei Bondekjerra stend alt utanfyre. So maa De hava mange Takk fyre meg.» Mathilde neig atter naadugt, og snart hørde dei Halvar koma dragande med Kista hennar, Svipa small, og burte var Mathilde.

Kor tagalt alt var vordet i det same. Ein kunde høyra det store Urverket pikka ute i Kjøket, ellest ingen Ljod. Inne i Stova brann Lampen so klaart og ljost og breidde sitt hyggelege Skin utyver heile Romet og yver dei tvau, som sat der, Presten og Dotter hans. Han hadde lagt so trufast Armarne kring henne, saag paa henne med kjærlege Augo og strauk stundimillom eit og annat Haar burt, som fall ned i Augo hennar. Og ho laag kyrr, med ihoplatne Augo som eit Marmorbilæte, og kvilte ut i Fred, i Freden, som ho hadde søkt solenge.

Men ute paa Vegen, der taut Snoen millom Lauvet paa Treom, og der skranglad Mathilde paa Kjerra si og kjeklad med Skydsguten.

Sjaunde Stykket

Siger.

Nokre Dagar etter detta møtte atter Agnes Studenten paa Vegen. Han saag undren, at ho gjekk eismall.

«Kvar heve De gjort av Vinen Dykkar Frøyken Agnes?» spurde han.

«Kven meiner De?»

«Frøyken Ravn sjølv sagt.»

«Mathilde er inkje min Vin.»

«Er ho inkje Dykkar Vin?»

«Ho *var* det ein Gong,» svarad Agnes, «men det er Gudskelov lengesidan.»

Studenten saag paa henne, ho stod der so logn, so aalvorsam, so sjølvstød, han hadde aldri set henne som slik ei fullvaksi Kvinna fyrr.

«Men ho bur daa fulla hjaa Dykker?» spurde han endaa meir forbinad.

«Inkje no lenger,» svarad Agnes lognt.

«Men kvat er, som heve støkkt henne burt? Ho skulde daa vera her heile Sumaren?»

[149] «Eg heve støkkt henne burt,» svarad Agnes og det laag slik fast Vilje i Maalet hennar, ho kvilte so trygt i si Sak. «Eg stod inkje i med dette Halvlivet lenger.»

Studenten stod still, han stirte handfallen paa Agnes, men so gjekk det eit Skin yver Andlitet hans, han treiv hennar Hond med baade sine.

«Nei segjer De sant Agnes, – heve De brotet med alt dette andre, Gud velsigne Dykker, De veit inkje, kor glad De gjerer meg. So maa eg og segja – – nei, nei – eg

kann det inkje no, men i Morgon kjem, er De heima i Morgon Frøyken Agnes? daa vil eg fortelja Dykker nokot. Farvel, farvel.»

Studenten foor av stad, og Agnes stod atter einsleg paa Vegen. Ho visste inkje, kvat ho skulde tenkja, men likavel hadde ho eit Fyresviv um kvat det var, og Hjartat slo so undarlegt ved Tanken. Ho gjekk heimetter, upp aa Romet sitt, men ho kunde inkje sitja kyrr, ho maatte ut atter, ho saag og saag paa Klokka, men aldri hadde ho gjenget so seint. All Notti laag ho og tenkte og tenkte, det var henne umogelegt at lata atter eit Auga, fyrst ut paa Morgonsida ormintest ho nokot litet, men so leikad Draum etter Draum kring henne, og Studenten var i deim alle. Han saag so glad ut, han lyfte Fingren mot henne og sagde: «i Morgon kjem eg, daa skal eg fortelja nokot.» Kvat var det vel, han vilde fortelja?

Studenten kom farande heim som ein Stormvind og skræmde reint Livet av Reiddeigja si, som alltid var van at sjaa honom koma Stig fyre Stig inngjenom [150] Lidet med Hovudet bøyggt og Henderna paa Ryggen i djupe Tankar. Ei Stund etter ringde han paa Klokka, som det kunde vera Lauseld. Inn foor ho med Grautsleivi i eine og Silen i andre Hondi.

«Kvat er tids?» skreik ho og saag seg ikring, kvat ho fyrst skulde berga.

«Er Mats heima?» spurde Studenten snøgt, «bed honom koma inn – strakst.»

«Her er eit Plagg til deg Mats,» sagde han, daa Mats smaug seg inn med Huva i Hondi, og so kom Studenten dragande med Husfrakken sin, som hadde forargat Mathilde so hin Gongen. «Kann du bruka denne Broki og desse Skoerne, kann du taka deim og. Og – pst – du Mariane! i Morgon skal du leggja inn dei svarte, nye Klædi, men byst deim vel!»

Mats saag paa Mariane, og Mariane paa Mats, og baade saag dei paa Studenten. So byrjad daa Mats takka.

«Inkje nokot at takka fyre – ja no vil eg helst vera eine,» lagde han til, daa han saag Mariane laga seg til eit Prat.

Studenten sette seg paa Sengjarstokken og strauk seg yver Augo med baade Hender. So spratt han upp og dreiv med store Fet att og fram paa Golvet.

Daa vardt han var ved eit Brev, som laag paa Bordet. Det var fraa hans gamle Vin. Han reiv det upp og flaug med Augo nedetter Sida. Men i Brevet stod:

[151] «Gode Vin!

Du maa orsaka meg, at eg denne Gongen tek Bladet fraa Munnen og inkje syner meg som den lystuge Galningen lenger. Men detta er daa for galet. Etter at du fyrst heve sagt, du er vorden oppkveikt ved Skrivet mitt, og etter at no so lang Tid er gjengi sidan hine ulukkelege Dagar, kann du endaa skriva soleides, som du skreiv sidst. Ser du daa inkje, kvat detta vil føra til? Du sveiper deg soleides inn i di eigi Synkverving, at du sidstpaa kjem til at standa reint som ein Pave motsett all hi Verdi, kjem at styrdna fast til ein gamall, sur, traassug, kjeideleg Sveinkall, som ingen kjærer seg um, og som daa harm let Dyri atter og byrg segjer til Verdi: «ja no kann du hava det so godt!» Men kvat gagnar du deg, og kvat gagnar du andre med at halda Preikor fyre tome Benkjer, for Verdi, tru meg, ho berre lær aat Illskapen din. Saki er, at du treng meir um Verdi, enn Verdi treng um deg. Er detta at gjeva Gud Leiga av dei tio Peningar, du heve fenget, at sveipa deg som Silkemakken inn i ditt eget Vev og so døya? Var det endaa so, at du hadde fenget eit ubatnelegt Saar, at du endaa sat i Hugsprengja, daa vilde eg visst inkje leggja Steinen til. Men du skriv sjølv, at du no kann sjaa baade paa henne og all Ungdomstidi som paa eit fagert Bilæte, der du sjølv, so som du no er, stend reint utanfyre. Eg kunde og tenkja, at du var for sterk og frisk ei Natur til at sekkja deg ned i Maaneskinsdraumar all di Tid og andvarpa som ein hugsaar Diktar. Men eg skal segja deg nokot, og eg [152] gjerer det med beine Ord, av di eg er din Vin: det er inkje lenger Sorgi yver at hava mist henne, som gjerer deg til Mannhatar, men det er din eigen Byrgskap, som kjenner seg tykkjen og difyre vil traassa som eit ulydugt Barn. Du visste, du hadde store Emne og stod yver dei fleste andre i Givnad, og so tykte ho betre um ein annan, som du syntest stod langt under deg. Detta var Saaret, og fraa den Tidi slengde du Stridsvotten til heile Kvendekyndi. Det gode, som der var, det vilde du inkje sjaa, det vonde og veike lyfte du fram og mettad ditt Auga. Eg kann slett inkje tru, at Kvendi heima er slike Udyr, elder at Hjonskaparne er so ulukkelege, som du skriv, eg heve sjølv røynt det modsette. Men var det no enn so, kven heve Skuldi? du heve Skuldi og alle hine Menner, som anten vanvyrda Kvinna og sjaa ned paa henne, elder gjera seg til Leikor fyre hennar Loner. Kvinna er skapt fyre Mannen, og naar inkje Mannen vil vera rett Mann, korleides kann daa Kvende vera rett Kvende? Difyre gakk i deg sjølv du min gode Vin, og sjaa, um du inkje skulde sinna nokot at bøta paa derinne. Det ser fulla audmjukt ut detta, at du vil ganga di stille Ferd og so verda gjøymd, gløymd; men tru det er so faarlegt med denne Audmykja? Du heve inkje Løyve at ganga di stille Ferd du, du skal nettupp fram i Dagen, leggja ditt Ord med i Laget, lyfta Merket upp fyre det, som stort er. Ja – eg er inkje hugad paa at skriva nokot um Ferdi mi denne Gongen, for sant at

segja vardt eg so uppøst av Brevet ditt, at eg sagde til meg sjølv: «til honom skriv [153] du inkje meir.» Sidan heve eg tenkt meg um, og no skriv eg desse Raderna. Dei koma nokot seint, men betre seint enn aldri. Eg ventar med Lengsel ditt neste Brev, for skriv du daa inkje onnorleides, trur eg deg ubøtande.

Din lystuge Vin

N. N.

Studenten sat med Brevet i Hondi. «Store Gud, kunde eg hava vordet slik ein – men Gudskelov no er det ute. Ja Gudskelov no er det ute. Eg duger inkje til at vera Einbu, og i Morgon – i Morgon – –»

Det same meinte og han Mats og ho Mariane, dei sat ute i Peisen og hadde seg ei lengre Røda um Teikni i desse Tider og gissad baade vitugt og uvitugt.

Morgonen etter bankad Studenten paa Dyri til Prestegardstova. Ingen svarad, og so trod han inn. Agnes stod midt paa Golvet, ho var gjengi og skulde lata upp Dyri. Ellest var det ingen i Stova. Agnes hadde klædt seg i svart Kjole med ein kvit, bljug Krage i Halsen. Ho saag nokot bleik ut, av di ho hadde sovet so litet um Notti, men Studenten tykte, han aldri hadde set henne so væn nokor Tid. Studenten var og so fin i Dag, i svarte Klæde med utkrotad Krage i Brjostet og med Halsplagget knytt i ein fin Knute, Halsplagget som ellest hekk so slurvutt paa honom. Og so hadde aldri Agnes fyrr set Augo hans so milde og likavel so djupe som idag.

Han kom fram og gav henne Hondi. Agnes gav og si, men Studenten kjende, kor Hondi hennar skalv, [154] og det var inkje so fritt, at hans gjorde det same. «Eg lovad, eg vilde fortelja Dykker nokot,» sagde Studenten, «vil De taka Sess og høyra tolug paa, so skal eg byrja. Det er inkje annat enn mitt eget Livnadsloop.»

Agnes tok Sess i Sofa, Studenten i Breidd med henne soleides, at han snudde seg mot henne so myket,» at han kunde sjaa Andlitet hennar.

«De trur kannhenda Frøyken Agnes,» byrjad Studenten, «at eg alltid heve voret den myrke, strenge Mannen, som helst gjekk aaleine sin Veg, men eg var og ein Gong ein kaat, livsglad Student.»

«Eg veit det,» svarad Agnes laagt.

«Veit De det?» tok Studenten undren uppatter. «So veit De kannhenda ogso, at eg ein Gong heve voret trulovad?» Det sidste sagde Studenten halvt laagt, det var som

Ordi inkje kunde vinna seg fram.

«Eg veit det og,» sagde Agnes men saag inkje paa honom.

Studenten vardt endaa meir undersam og so treiv han Hondi hennar.

«Men eit er det vel, som De inkje veit,» sagte han varmt, og no brann Ordi paa Tunga hans, «det er kor myket ilt eg heve gjort mot Dykker, kor eg heve misteket Dykker, kor myket De heve at tilgjeva meg.»

Agnes snudde Andlitet upp mot honom, Augo var so store og blanke.

«Ja De trur det inkje, men eg heve dømt um Dykker, som um alle hine, eg heve trutt De var utan ^[155] store Kjenslor, som ei Leika, forvitneleg til at moroa seg med ei Stund, men so atter slengja burt i næste.» Studenten tok etter Pusten, so saag han Agnes beint inn i Augo og sagde lognt og varmt:

«Og so, so stend eg ein Dag og maa segja til meg sjølv, at eg heve teket i Mist, maa segja til meg sjølv, at eg er fangad i mi eigi Snara. De heve voret sterkare enn eg Frøyken Agnes, De heve sprengt isund mi Syn paa Livet, De heve dreget heile mi Saal til Dykker, utan at eg visste det, og no fyrst ser eg, at De er ho, som eg drøymde um, som mi Saal heve lengtat etter so saart heile mitt Liv.»

Agnes hadde lutt Hovudet ned, Augnaloki hennar blikte, ho var inkje god til at segja nokot, men hennar Hond skalv endaa i Studenten si. Han saag med Elskhug paa henne.

«No er det De, som lyt svara Frøyken Agnes,» sagde han blidlegt etter eit Bil, «De skynar kvat eg meiner. De heve set Heimen min, han er aud og kald, men De kann spreida Sol og Varme derinne. De veit, eg er inkje so ung lenger, eg kann inkje bjoda eit Hjarta, som er fullt av Laatt og Song, som i Elskhug vil skapa Livet um til eit fagert Dikt; men vil De hava ei Hond, som alltid vil krosta lika fast, eit Auga, som ser seg rikt paa Dykker, ein aalvorsleg Mann, som likavel inkje veit større Lukka enn at arbeida fyre Dykker, og som kjenner alle sine Emne veksa, av di De stend ved Sida – so – so er eg her. – – – Vil De Frøyken Agnes? Kann De elska meg?»

Agnes svarad inkje, men hennar Hond tryste Studenten ^[156] si, og yver hennar Andlit var det komet ei uendeleg Sæla, som synte, at no var Løysingi funni, Soningi komi, heile hennar Livsmaal inkje lenger Skylda men berre endelaus Lukka.

Um Kvelden sat alle try, Presten, Studenten og Agnes i Daglegstova, Lampen skjein so klaart, men klaarare skjein deira glade Andlit.

«Du Agnes, skal me so fara til Byen og sjaa paa all Stasen derinne?» spurde Studenten.

Agnes sat ei Stund. «Det kunde vera til at bidja Mathilde um Orsaking fyre sidst,» sagde ho, – «men skal me so inkje snart snu heimetter?»

Noter

- [n1.](#) *Forfatternote:* Gudinna fyre den reine, ungdomlege Ynde.
- [n2.](#) Kandidat] *rettet fra:* Kandidat (*trykkfeil*)
- [n3.](#) *Forfatternote:* Vaapensveinar i Romanarne av Ingemann.
- [n4.](#) *Forfatternote:* Person fraa Saga hans Ørvarodd.
- [n5.](#) *Forfatternote:* Person fraa Saga hans Ørvarodd.
- [n6.](#) *Forfatternote:* Skinet daarar mange.
- [n7.](#) *Forfatternote:* «Dei fagre Dagar i Aranjuez er no til Endes.» (Don Karlos av Schiller.)
- [n8.](#) nokon?»] *rettet fra:* nokon? (*trykkfeil*)
- [n9.](#) Marki.] *rettet fra:* Marki (*trykkfeil*)
- [n10.](#) lydde.] *rettet fra:* lydde (*trykkfeil*)
- [n11.](#) vera.] *rettet fra:* vera (*trykkfeil*)
- [n12.](#) Prestegarden.] *rettet fra:* Prestegarden (*trykkfeil*)
-

Kristofer Jansons *Han og ho* er lastet ned gratis fra e-bokportalen Bokselskap. Lesetekst og flere nedlastningsmuligheter m.m. er gratis tilgjengelig på bokselskap.no